



*æ sitt med klump i halsen
når æ skriv det hær*

**Dialekt i skriftspråket i debattforum
knytt til tre norske nettaviser**

NOR-3920

Liv Ragnhild Evjen

Mastergradsoppgåve i nordisk språk
Fakultet for humaniora, samfunnsvitskap og lærarutdanning
Universitetet i Tromsø
Våren 2011

Takk

Ein stor takk til Aud-Kirsti Pedersen for god rettleiing, nyttige litteraturtips og iherdig språkvask. Ein takk går òg til alle andre som har hjelpt meg i arbeidet med oppgåva, og til medstudentar og lesesalnaboar for verdifullt samvere gjennom fire semester.

Tromsø, mai 2011

Liv Ragnhild Evjen

Innhald

Kapittel 1: Innleiing	1
1.1 Nettspråk: gammalt nytt	1
1.2 Dialekt i skriftlige domene	2
1.3 Nærare om forskingsobjektet og tilhørande terminologi	3
1.4 Problemstilling og hypotesar	5
1.5 Strukturen i arbeidet	7
Kapittel 2: Teoretisk bakgrunn	9
2.1 Tidligare arbeid og faglig plassering	9
2.2 Munnlig språk, skriftlig språk og nettspråk	12
2.3 Skriftspråk, dialekt og talemål	16
2.4 Språkeksterne faktorar	19
2.4.1 Geografisk heimfesting: Dialekt og skriftnormalar i dekningsområda til dei tre nettstadene	20
2.4.1.1 Salten	21
2.4.1.2 Sunnfjord	25
2.4.1.3 Glåmdalen	28
2.4.2 Samtaleemne	31
2.5 Relevant språketeori	33
2.5.1 Kodeveksling	33
2.5.2 Språklig tilpassing	35
Kapittel 3: Materiale og metode	37
3.1 Materialeinnsamling	37
3.1.1 Kategorisering	38
3.1.2 Kva er eit dialektinnlegg?	39
3.2 Kvantitativ eller kvalitativ tilnærming?	45
3.3 Om materialet	46
3.4 Fordelar, ulemper og etiske problem med å jobbe med nettmateriale	47
3.5 Terminologi og tekniske grep i resten av avhandlinga	49
Kapittel 4: Resultat og analyse	51
4.1 Presentasjon av dei kvantitative resultatata	51
4.1.1 <i>nordlending.no</i>	52
4.1.2 <i>Fjordaglimt</i>	55
4.1.3 <i>mittglomdal.no</i>	59
4.1.4 Oppsummering av dei kvantitative funna	62
4.2 Analyse av variasjon mellom nettstadene	63
4.3 Analyse av variasjon mellom emnekategoriene	69
4.3.1 Ytterpunktta i materialet: to skriftspråkstilar	70

4.3.2 Språkholdningar	72
4.3.3 "Vi"-koden og "dei"-koden	74
4.3.4 Provokasjon	75
4.3.5 Forbrukaraspektet	78
4.3.6 Kjensler	79
4.3.7 Personlig engasjement som vegen til <i>the vernacular</i>	82
4.3.8 Identitet og tilhørrelse	83
4.3.9 Dialekt er aldri obligatorisk	87
4.4 Teoriar om munnlig språkbruk nytta på skriftspråklig materiale	89
4.4.1 Kodeveksling	90
4.4.1.1 Veksling mellom dialekt og skriftnormal	92
4.4.1.2 Veksling mellom nynorsk og bokmål	96
4.4.1.3 Alternerande og innskoten kodeveksling	98
4.4.1.4 Situasjonsskifte og metaforisk skifte	101
4.4.2 Konvergens	103
4.5 Munnlig språk, skriftlig språk og nettspråk: Ei revurdering	104
Kapittel 5: Oppsummering og avslutning	109
5.1 Oppsummering	109
5.2 Vidare forskning	112
5.3 Dialekt og skriftnormalar i moderne meningsutveksling	113
Kjelder	117
Nettkjelder	124
Vedlegg	125

Tabellar

Tabell 2.1 *Eigenskapar ved munnlig og skriftlig språk* s. 14

Tabell 4.1 *Kvantitativ framstilling av materialet frå nordlending.no* s. 52

Tabell 4.2 *Kvantitativ framstilling av dei ti trådane frå nordlending.no med høgast dialektprosent* s. 54

Tabell 4.3 *Kvantitativ framstilling av materialet frå Fjordaglimt* s. 56

Tabell 4.4 *Kvantitativ framstilling av dei ni trådane frå Fjordaglimt med høgast dialektprosent* s. 58

Tabell 4.5 *Kvantitativ framstilling av materialet frå mittglomdal.no* s. 60

Tabell 4.6 *Kvantitativ framstilling av dei ti trådane frå mittglomdal.no med høgast dialektprosent* s. 61

Tabell 4.7 *Samanliknande oversikt over dei tre nettstadene* s. 63

Tabell 4.8 *Dialekttrekk frå Salten, Sunnfjord og Glåmdalen og tilsvarande former i nynorsk og bokmål* s. 65

Tabell 4.9 *Former frå tabell 4.8 som ikkje fins i ein av skriftnormalane* s. 66

Tabell 4.10 *Samla kvantitativt resultat for dei sju emnekategoriene* s. 69

Tabell 4.11 *Eigenskapar ved kode 1 og kode 2 samanlikna med munnlig og skriftlig språk* s. 105

Kapittel 1: Innleiing

1.1 Nettspråk: gammalt nytt

Forskningsobjektet i dette arbeidet er språkbruk i tre nettbaserte debattforum. Det å kommunisere over nettet er ikkje lenger noko nytt fenomen; allereie mens eg gikk på barneskolen på midten av 1990-talet, var nettet eit veletablert kommunikasjonsmedium for folk flest i den vestlige verda. I særskilte miljø kommuniserte ein over nett allereie tiår før det. Sia den gongen har verdsveven vore gjennom ei rasande utvikling, og eit utal nettbaserte kommunikasjonsarenaer har vakse fram og blitt allmenneige. I dag er nettbasert kommunikasjon ein sjølvstendig del av kvardagen vår i form av e-post, direkte meldingstenester som MSN Messenger, sosiale nettstader som Facebook, virtuelle undervisingsrom tilknytt vidaregåande skolar, høgskolar og universitet, i tillegg til diskusjonsforum av ymse slag, for å nemne noko. Språket vi bruker når vi kommuniserer på slike arenaer, blir i internasjonal forskning ofte kalla *Computer Mediated Communication* eller *Netspeak* (Crystal 2006), og på norsk *nettspråk*. Når ein skal studere eit fenomen, treng ein sjølvstendig ein term som viser til det, men termar som dei eg nemnte, kan opplevas som kunstige og misvisande på fleire måtar. For det første må ein vere klar over at dei ikkje viser til éin bestemt måte å bruke språket på, men til ei mengd ulike typar språkbruk; språket i e-postar mellom forretningskontaktar er trulig svært annleis enn språket i ein nettprat mellom tenåringer. For det andre signaliserer omgrep som *nettspråk* at vi har med eit eige *språk* å gjere – eit nytt språk som har blitt utvikla i takt med framveksten av Internett og som er avgrensa frå andre språkformer. Slik er det ikkje. Språkbruken på nettet inneheld mange av dei same trekk som språkbruken utafør nettet gjer, det vil seie tale og skrift¹. Men det er ikkje dermed sagt at det er uinteressant å forske på nettbasert kommunikasjon. Sjølv om vi ikkje bruker eit nytt og eige språk på Internett, tilbyr nettet oss språkbruksarenaer som vanskelig kan seias å ha direkte parallellar utafør nettet. Eg trur det vil vere spennande og utbyterikt å studere korleis vi tar i bruk trekk frå tradisjonelle kommunikasjonsmåtar på desse nye arenaene. Dialekt er eit slikt trekk, og det er nettopp bruk av dialekt i visse domene på nettet som eg vil sjå nærare på i dette arbeidet.

¹ Sjå del 2.2 for ei innføring i korleis forholdet mellom nettspråk, tale og skrift blir framstilt i litteraturen.

1.2 Dialekt i skriftlige domene

Dialekt² er noko vi først og fremst knyter til munnlig språkbruk. I Noreg har vi ein sterk tradisjon for å bruke dialekten vår i så godt som alle munnlege samanhengar. Hoel (1998: 64) skriv at mens dialektar i mange land blir rekna for å vere mindre verdifull enn standardtalemålet³, har dei ein heilt annan status i Noreg; her legg mange prestisje i det å snakke dialekt. Han hevdar at i Noreg vil det trulig bli oppfatta som ei fornærming om ein påstår at ein person ikkje har nokon dialekt (sst.). I det norske språksamfunnet kan ein bruke dialekt i munnlege situasjonar som spenner frå det uformelle og private til det formelle og upersonlige.

Den høge statusen dialektane har i landet vårt, kan kanskje gjere det lettare å ta i bruk trekk frå dialekten vår også i skriftspråket. Lenge før ein hadde tilgang til Internett og andre digitale kommunikasjonsformer, har enkelte valt å bruke eit dialektprega skriftspråk også innafør skriftlige domene. Dialekt har blitt brukt i visesongtekstar, særlig under den såkalla visebølgja på 1970-talet, og i andre skjønnlitterære tekstar, representert av mellom andre Alf Prøysen og Ragnar Solberg. Også ein yngre generasjon av artistar og tekstforfattarar vel å skrive på dialekt, der eksempel verd å nemne er bergensaren Lars Vaular og den nordnorske hiphop-artisten Joddski. I tillegg har dialekt vore eit skriftspråksalternativ for mange i privat kommunikasjon som brev, dagboknotat eller såkalla "lappar" som skoleelevar av og til sender mellom kvarandre i timane (Nordal 1997:159, Berg 1999: 64). I visesong og lyrikk kan ein ofte tolke dialektbruken som eit medvite verkemiddel for å gi teksten eit meir munnlig, nært og ekte preg. I private skriftspråksdomene som "lappar" og brev har gjerne sendar og mottakar eit personlig forhold, og såleis kan dialektkoden kjennas passande. Men dialekt har òg vore brukt i skriftspråklige samanhengar der valet trulig har blitt oppfatta som markert og brot eit på etablerte konvensjonar. Eit eksempel på det fekk vi da Høgre-politikaren Hallgrim Berg i 1990 formulerte eit stortingsinnlegg om lov om stadnamn på hallingmål (Berg 1990). Bruk av dialekt i skrift har altså lenge vore eit kjent fenomen i kunstnariske eller private samanhengar, men i den offentlige sfæren er nok ein av skriftnormalane heilt klart det konvensjonelle alternativet.

På mange av kommunikasjonsarenaene vi finn på nettet, er skiljet mellom den private og den offentlige sfæren i stor grad viska ut. For eksempel har bloggar tatt over funksjonen til dagbøker for mange yngre menneske. Mange bloggarar skriv om personlege emne og vender

² Sjå del 2.3 for ein diskusjon av dialektterminen.

³ Sjå fotnote 11 s. 17.

seg gjerne mot ein avgrensa lesarkrins. Likevel kan det dei skriv, potensielt lesas av kven som helst med tilgang til Internett, noko som absolutt gjer bloggen til ein offentlig arena. Det same gjeld kommunikasjonen på sosiale nettstader som Facebook. Her bruker mange eit dialektliknande skriftspråk, særlig i samtalar med vennar og kjente (Isdal 2009, Skog 2009). Men samtalane er i mange tilfelle open for alle med ein Facebook-konto, og vi må derfor rekne dei som offentlig. Den typen nettkommunikasjon eg ønskjer å studere her, er i utgangspunktet verken privat eller personlig – han er offentlig tilgjengelig, og diskusjonspartnarane kjenner kvarandre i utgangspunktet ikkje. Trass i det bruker enkelte av debattantane eit dialektprega skriftspråk. Eg håpar at eg gjennom denne studien kan bidra til auka kunnskap om bakgrunnen for dialektbruk i denne typen nettspråk.

1.3 Nærare om forskingsobjektet og tilhørande terminologi

I dette arbeidet undersøker eg dialektbruk i skriftspråket i tre debattforum som er knytt til norske nettaviser gjennom nettsamfunnet *Origo*. På framsida til Origo skildrar dei tenestene sine med orda "Samtale, samarbeid og deling for ildsjeler, lokalsamfunn og interessegrupper i Norge".⁴ Origo er eit nettsamfunn der medlemmane kan melde seg inn i eller opprette såkalla *soner* eller *lokalsoner*, det vil seie avgrensa område av nettstaden. Desse kan vere knytt til f.eks. ei interesse, ein hobby eller eit lokalsamfunn. I kvar sone finn ein m.a. fotoalbum, blogginnlegg og diskusjonsforum. Nettavisene som hører til A-pressa, bruker Origo i kommunikasjonen med lesarane sine. Kvar av avisene har oppretta ei lokalsone som dei reklamerer for på nettsidene sine og oppfordrar lesarane til å melde seg inn i. I desse sonene kan medlemmane sjølv starte debattar og legge ut bilde eller blogginnlegg. I tillegg blir sakene som nettavisene legg ut på sidene sine, kopla opp mot den aktuelle lokalsona. Under avissaka fins det eit felt der ein kan skrive inn ein kommentar til saka. Når ein publiserer ein kommentar, blir han liggande under avissaka og er synlig for alle lesarane av nettavisa, også dei som ikkje er medlemmar på Origo. Dersom ein sjølv skal vere med å debattere, må ein melde seg inn i Origo.

Tidligare har eg skrive ei semesteroppgåve om dialektbruk hos debattantane på Origo-sona *nordlending.no*⁵, som hører til nettavisa til *Avisa Nordland, an.no* (Evjen 2009). Eg gjorde to hovudfunn: 14,3 % av innlegga eg undersøkte, var skrive på dialekt, og førekomsten av dialektinnlegg varierte etter kva som var emnet for debatten. *nordlending.no* har

⁴ Frå opningssida til Origo: <http://origo.no/-/site/global>

⁵ *nordlending.no*: http://nordlending.no/-/local_paper/show/6_nordlending-no

hovudnedslagsfeltet sitt i Salten i Nordland, og gjennom arbeidet med masteroppgåva ønskjer eg å undersøke om tendensane eg har sett i språkbruken her, gjeld i andre delar av landet òg. For å finne ut av dette vil eg samle inn nytt materiale frå *nordlending.no* og samanlikne dette med materiale frå dei tilsvarende Origo-sonene *Fjordaglimt*⁶ og *mittglomdal.no*⁷. Desse er knytt til nettavisene til *Firda* og *Glåmdalen*, som har dekningsområde i høvesvis Førde og Glåmdalen. Dersom det viser seg at bruk av dialekt er mindre utbreidd mellom brukarane av *Fjordaglimt* og *mittglomdal.no*, kan det kanskje henge saman med at dialektane i dei geografiske områda som desse nettstadene er knytt til, ligg nærare opp til skriftnormalane enn dialekten i dekningsområdet til *nordlending.no*. Om det er slik, får debattantane på *Fjordaglimt* og *mittglomdal.no* i større grad enn dei på *nordlending.no* høve til å bruke trekk frå dialekten sin når dei skriv, utan å måtte sprengje grensene til skriftnormalane. Eg vil altså undersøke førekomsten av dialekt i diskusjonar på dei tre nettstadene ut frå to språkeksterne faktorar: *emnet for diskusjonen* og *den geografiske heimfestinga til nettstaden*. Heretter vil eg kalle faktorane *samtaleemne* og *geografisk heimfesting*. Kanskje kan ein analyse ut frå desse faktorane vere med på å kaste lys på korfor enkelte vel å skrive på dialekt sjølv om språkbruksarenaen må kunne kallast offentlig og upersonlig. Slike forhold er lite forska på i Noreg. Så vidt eg veit, har ikkje dialekt i skrift blitt undersøkt ut frå verken emne eller geografisk heimfesting tidligare.

I løpet av arbeidet vil eg få bruk for ein del termar som dekker ulike element i språkbruksarenaen eg studerer. Eg har allereie nemnt *sone* eller *lokalsone* – eit område av nettsamfunnet Origo. *nordlending.no*, *Fjordaglimt* og *mittglomdal.no* er alle eksempel på soner, men i det som følgjer, vil likevel referere til dei som *nettstader*. Dei artar seg som sjølvstendige nettstader sia dei har eigne nettadresser som fører direkte til dei utan å gå vegen om hovudsidene til Origo. Desse nettstadene fungerer m.a. som debattforum, og det er denne funksjonen som er relevant for prosjektet mitt. Når lesarane av nettavisene til A-prensa legg inn kommentarar på ei avissak, dannar kommentarane det som blir kalla ein *diskusjonstråd* eller berre *tråd*. Ein tråd betyr altså dei debattinnlegga som hører til éi avissak.

Diskusjonstrådane i materialet som ligg til grunn for denne undersøkinga, er karakterisert av ein såkalla *asynkron samtalesituasjon*. I nettspråkforsking er det vanlig å skilje mellom asynkrone og synkrone samtalesituasjonar. I ein synkron samtalesituasjon blir innlegga lese av dei debattantane som er pålogga på det tidspunktet innlegget blir produsert.

⁶ *Fjordaglimt*: http://fjordaglimt.no/-/local_paper/show/2_fjordaglimt

⁷ *mittglomdal.no*: http://mittglomdal.no/-/local_paper/show/8_mittglomdal

Når du legg inn ei melding i denne typen samtale, vil ho dukke opp på skjermen til samtalepartnaren med éin gong, og viss du får eit svar, vil det komme etter relativt kort tid. Samtalen liknar ein munnlig samtale på den måten at han går for seg i reell tid (Crystal 2006: 11–12). Slike situasjonar finn ein i såkalla praterom, eller i direkte meldingstenesta MSN Messenger. Asynkrone samtalesituasjonar som dei eg studerer, skil seg frå dei synkrone ved at kommunikasjonen ikkje går for seg i reell tid. Her vender du deg ikkje berre til dei debattantane som er pålogga i den augeblinken du legg inn meldinga di, men i teorien til alle som kan komme til å lese tråden i framtida. Her blir nemlig kommunikasjonen lagra, slik at debattantar kan komme tilbake og ta opp diskusjonen etter lang tid (sst.). Forum av denne typen blir av og til kalla *oppslagstavler* (etter *bulletin boards*), ein metafor som illustrerer den varige og potensielt langsame samtaleforma (sst.).

Ein av dei språkeksterne faktorane eg vil legge vekt på i denne undersøkinga, er som nemnt *emnet* for diskusjonen. Eg omtaler dette også som *samtaleemne*. Likeins vil eg nokre stader bruke termen *samtale* om ein diskusjonstråd. Det er rett nok ikkje uproblematisk å bruke desse termene om kommunikasjon som manifesterer seg som skrivne ord på ein skjerm, og som vi såleis i utgangspunktet må karakterisere som skriftlig. Eg meiner likevel at det høver å nytte termene sia eg stadig vil trenge å trekke parallellar mellom nettkommunikasjonen som eg studerer, og munnlig språkbruk. Teoristoffet som eg nyttar, er sosiolingvistisk teori som i utgangspunktet er mynta på munnlig språk. For å legge grunnlaget for ein analyse av språklige forskjellar mellom ulike samtaleemne, vil eg dele diskusjonstrådane som inngår i materialet, inn i grupper med utgangspunkt i emnet for avissaka som tråden hører til.⁸ Eg kallar desse gruppene for *emne kategoriar* eller berre *kategoriar*. Ein emnekategori er altså alle diskusjonstrådane som handlar om eit visst emne, f.eks. sport. Sjå del 2.3 for ei avklaring av termene *dialekt*, *språk*, *skriftspråk* og *skriftnormal*.

1.4 Problemstilling og hypotesar

Problemstillinga for studien har tre hovudpunkt:

- 1) *I kva utstrekning bruker debattantane på nordlending.no, Fjordaglimt og mittglomdal.no dialekt⁹ i skriftspråket?*

Dette spørsmålet gjeld den samla dialektførekomsten på dei tre nettstadene, men først og fremst dialektførekomsten på kvar enkelt nettstad. Problemstillinga får såleis eit komparativt

⁸ Sjå del 3.1.1 for nærare informasjon om kategoriseringa av materialet.

⁹ Sjå del 3.1.2 for ei utgreiing av kva eg reknar som dialekt i skriftspråket.

aspekt. Eg vil svare på denne delen av problemstillinga i form av prosenttal. Når eg har funne ut kor stor prosentdel dialektinnlegga utgjer på kvar nettstad, vil eg òg kunne svare på om det fins geografiske skilnader i dialektbruken kvantitativt sett. I tillegg vil eg forsøke å komme fram til kva som kan vere bakgrunnen for eventuelle geografiske skilnader.

2) *Varyerer dialektbruken etter emnet for debatten?*

Inn under denne delen av problemstillinga hører også spørsmål om kva for emnekategori som inneheld mest og minst dialektbruk. Ikkje minst vil eg undersøke om det er bestemte forhold som kan ligge til grunn for ein eventuell variasjon etter samtaleemne.

3) *Lar det seg gjere å analysere språkbruken på nettstadene med bruk av teoriar som er utvikla for munnlig språk?*

I tillegg til å studere variasjon etter samtaleemne og den geografiske heimfestinga til nettstaden, ønskjer eg å undersøke om det er mulig å nytte sosiolingvistisk teori utvikla for munnlig språkbruk, i analysen av materialet mitt. Dersom det lar seg gjere, har det som føresetnad ein viss likskap mellom munnlig språk og språket eg studerer. Eit implisitt forskingsspørsmål blir såleis kva for likskapar nettspråk av den typen eg undersøker, har til dei tradisjonelle kommunikasjonsformene tale og skrift.

Som eg var inne på i del 1.3, trur eg at eventuelle geografisk forankra skilnader i materialet kan ha bakgrunn i varierende likskap mellom den lokale dialekten og skriftnormalane våre. Ein hypotese blir derfor denne:

1) *Nærleik mellom dialekt og skriftnormalar kan føre til at språkbrukarar i mindre grad vik av frå skriftnormalane.*

I samanheng med det andre hovudpunktet i problemstillinga har eg sett opp denne hypotesen:

2) *Skriftspråket kan variere mellom det formelle og normrette og det uformelle og talemålsnære etter emnet for debatten.*

Til slutt har eg sett opp denne hypotesen i samband med hovudpunkt 3 i problemstillinga:

3) *Språkbruken på nettstadene kan analyseras med bruk av teoriar mynta på munnlig språk.*

Siktemålet med arbeidet er altså å studere visse avvik som kan defineras som innslag av dialekt i skriftspråket på tre nettbaserte debattforum. Eg ønskjer ikkje å framstille denne typen nettspråk som eit eige og "nytt" språk; det å skrive på dialekt har vore eit kjent fenomen også før internettalderen. Studien vil vere sosiolingvistisk innretta. Det vil særleg komme fram i den delen av analysen der eg tar for meg forskjellar i dialektbruk mellom dei såkalla emnekategoriene, og der eg undersøker om språkbruken lar seg analysere ved hjelp av

sosiolingvistisk teori meint for munnlig språk. Fokuset vil ligge på kjente språklige strategiar nytta i eit moderne medium.

1.5 Struktura i arbeidet

Oppgåva er delt inn i fem kapittel: Innleiing, teoretisk bakgrunn, materiale og metode, resultat og analyse og oppsummering og avslutning. I kapittel 1, som er innleiinga, har eg presentert prosjektet mitt som ein sosiolingvistisk innretta studie av dialektbruk i skriftspråk på nett. Eg har introdusert forskingsobjektet og gjort greie for termar som viser til ulike aspekt ved diskusjonsformer av den typen eg skal studere. Vidare har eg lagt fram ei tredelt problemstilling og tre hypotesar.

I kapittel 2, teoretisk bakgrunn, vil eg starte med å gi ei orientering om forskningstradisjonen på nettspråk, men også om tidligare arbeid som tar for seg bruk av dialekt i skrift, skriftspråksholdningar og tilhøvet mellom skriftspråk og talemål. Vidare vil eg gå inn på forholdet mellom munnlig språk, skriftlig språk og nettspråk slik det blir diskutert i litteraturen. Eg vil også ta for meg forholdet mellom skriftspråk, dialekt og talemål, og samtidig avklare termar som *dialekt* og *skriftnormal*. Kapittel 2 handlar òg mykje om dei to språkeksterne faktorane eg nyttar i arbeidet: *samtaleemne* og *geografisk heimfesting*. Her vil eg m.a. gi ei skildring av dialektane og skriftspråksituasjonen i dekningsområda til dei tre nettstadene eg hentar materiale frå. Til slutt i kapittel 2 gir eg ein kort introduksjon av sosiolingvistisk teori som eg vil få bruk for i analysen.

Kapittel 3, materiale og metode, fortel om innsamlingsprosessen og kategoriseringa av materialet. Det inneheld også ein viktig del der eg viser kva for kriterium eg legg til grunn for å kalle eit debattinnlegg eit *dialektinnlegg*. Eg vil også gjere greie for den metodiske tilnærminga i analysen og diskutere visse implikasjonar av det å jobbe med materiale frå nettet.

I kapittel 4, resultat og analyse, presenterer eg resultata av undersøkinga som ligg til grunn for analysen. Gjennom analysen vil eg forsøke å nærme meg mulige svar på problemstillingane eg la fram i del 1.4. Til slutt tar eg opp igjen diskusjonen eg vil presentere i kapittel 2, om forholdet mellom munnlig språk, skriftlig språk og nettspråk.

I kapittel 5, oppsummering og avslutning, samlar eg trådane frå analysen, forsøker å formulere svar på spørsmåla i problemstillinga og vurderer om eg kan stadfeste eller avkrefte hypotesane. Fleire av spørsmåla gir nok komplekse svar, og trulig vil det dukke opp nye

spørsmål undervegs i analysearbeidet. Derfor vil eg også legge fram nokre emne som det kunne vere interessant å forske vidare på.

Kapittel 2: Teoretisk bakgrunn

I dette kapitlet vil eg ta for meg ulike aspekt ved den teoretiske bakgrunnen for studien. I del 2.1 vil eg gi ei innføring i fagtradisjonen for nettspråkforskning og plassere studien min i forhold til det som har blitt gjort tidligare. Eg vil også komme inn på tidligare arbeid som har å gjere med bruk av dialekt i skrift, holdningar til skriftspråk og samsvar mellom dialekt og skriftnormalar. I del 2.2 går eg inn på forholdet mellom munnlig språk, skriftlig språk og nettspråk slik det blir framstilt i litteraturen om emnet, og i del 2.3 vil eg sjå på forholdet mellom skriftspråk, dialekt og talemål og samtidig gjere greie for nokre termar eg vil få bruk for i det vidare arbeidet. I del 2.4 presenterer eg dei språkeksterne faktorane *samtaleemne* og *geografisk heimfesting*. Her vil eg m.a. ta for meg skriftspråksforhold og dialekttrekk i dekningsområda til nettstadene *nordlending.no*, *Fjordaglimt* og *mittglomdal.no*. På den måten vil eg seinare i arbeidet ha grunnlag for å vurdere om forholdet mellom dei lokale dialektane og skriftnormalane våre kan ha innverknad på eventuell geografisk variasjon i dialektførekomsten. Del 2.5 er ei innføring i sosiolingvistisk teori om kodeveksling og språklig tilpassing.

2.1 Tidligare arbeid og faglig plassering

Dette prosjektet inneheld element frå fleire ulike forskingstradisjonar. Sia samtalane eg studerer, finn stad på nettet, kan vi i første omgang slå fast at prosjektet hører inn under nettspråkforskning. Emnet nettspråk, eller *Computer Mediated Communication (CMC)*, har vakse seg stort på internasjonal basis. Nokre namn som det ofte blir referert til, er Crystal (2006), Herring (1996) og Hård af Segerstad (2002). I 2006 vigde det internasjonale tidsskriftet *Journal of Sociolinguistics* eit nummer til emnet sosiolingvistikk og CMC. I innleiinga til denne utgjevinga legg Androutsopoulos (2006) vekt på at nettspråkforskinga tidligare har fokusert mykje på "språket CMC", altså konkrete språktrekk som bruk av smilefjes, forkortingar, tal i staden for bokstavar osv. Han seier at denne tradisjonen av nettspråkforskinga skriv seg frå ei oppfatning av nettspråk som eit homogent system som skil seg frå språkbruk elles og som er vanskelig å forstå for uinnvigde (n.v. 420). Denne oppfatninga blir av og til kalla *Mythos Netzsprache (nettspråkmyten)*, ein term som ifølgje Androutsopoulos først blei brukt av den sveitsiske nettspråkforskaren Christa Dürscheid

(2004). Androutsopoulos trekker fram Crystal (2006) som representant for den tradisjonen i forskingsmiljøet som har trykt nettspråkmyten til brystet, ein tradisjon han kallar "the 'first wave' of linguistic CMC studies" (sst.). Han hevdar at samtidig som desse forskarane har lagt mykje vekt på å registrere og greie ut om spesifikke nettspråktrekk, har dei i stor monn sett bort frå den sosiale situasjonen rundt produksjonen av nettspråk (sst.). Mangelen på fokus på dei sosiale aspekta ved nettspråk var noko av bakgrunnen for dette nummeret av *Journal of Sociolinguistics*. Målsettinga for utgjevinga var å avlive myten om det påståtte einsarta nettspråket og samtidig kaste lys på dei sociolingvistiske aspekta ved nettkommunikasjon (n.v. 421). I innleiinga heiter det at alle artiklane i nummeret har éin ting felles, nemlig eit fokusskifte frå *mediumorientert* til *brukarorientert* språkbruksanalyse (sst.). Forfattarane har fjerna seg frå tradisjonen der ein analyserer nettspråk ut frå mediet kommunikasjonen går for seg i, og der ein altså gjerne ser på bruken av trekk som smilefjes, forkortingar og tal i staden for bokstavar. I den såkalla brukarorienterte tradisjonen ser ein bort frå slike trekk og fokuserer i staden på språkbrukaren og den sosiale situasjonen bak kommunikasjonen. Den brukarorienterte tradisjonen koplar sociolingvistikken til nettspråkforskinga.

Mellom desse artiklane er særleg ein av Siebenhaar (2006) sentral for studien min. Han tar for seg språkbruken i sveitsiske chattekanalar der deltakarane vekslar mellom å kommunisere på normrett tysk og sveitsertyske dialektar. Dette er jo ein openbar parallell til forholdet mellom skriftnormalar og lokale dialektar på norske debattsider. Siebenhaar er ein av representantane for fokusskiftet frå ei mediumorientert til ei brukarorientert og meir sociolingvistisk innretta nettspråkforsking. Han er òg ein representant for eit skifte frå ei engelskspråklig orientering i nettspråkforskinga til fokus på fleirspråklige forhold på nettet. I innleiinga til artikkelen skriv han at ikkje-engelsk språkbruk på nettet i høg grad har blitt oversett i engelskspråklig forskingslitteratur på CMC, trass i at nettet er fullt av lokale og regionale forum der engelsk stort sett er fråverande i kommunikasjonen (n.v. 481). Danet og Herring (2007) er einig i at engelskspråklig forskning langt på veg har oversett ikkje-engelsk nettspråksempiri. Dei hevdar at mange engelskspråklige forskarar kallar forskingsobjektet sitt "computer-mediated *communication*" når dei egentlig berre forskar på "computer-mediated *english*" (n.v. 5). Siebenhaar er mellom dei som studerer kodeveksling i nettspråk der engelsk ikkje er eitt av språka ein vekslar mellom. Det same gjer Ziegler (2005). Ho tar for seg variasjon mellom dialekt og skriftnormalar i eit tysk chatterom og undersøker om variasjonen kan ha nokon samanheng med sosiale variablar som f.eks. statusen den einskilde chattaren har i miljøet. I analysen av materialet mitt kjem eg dessutan til å støtte meg mykje til eit arbeid av

Hinrichs (2006), der han studerer kodeveksling mellom jamaikansk kreolspråk og standard engelsk i jamaikansk nettspråk. Studien hans hører også til i den brukarorienterte tradisjonen.

I Noreg har det blitt skriva ein del om digital kommunikasjon i den mediumorienterte tradisjonen og ein del om innverknad av engelsk på språket nordmenn brukar på nett. Eit eksempel på eit mediumorientert arbeid som òg tar opp påverknaden frå engelsk, er Utne (2002), som har skriva kapitlet "Nettspråket" i eit læreverk om norsk språk. Det meste eg har funne om norsk nettspråk, har fokusert på såkalla synkrone samtaleformer, mens eg jo skal ta for meg ei asynkron samtaleform. Eksempel på slike studiar er ein artikkel av Otnes (2000) og doktorgradsavhandlinga av same forfattar (2007). I tillegg har det blitt produsert fleire masteroppgåver og avhandlingar om digital kommunikasjon dei siste åra. Osland (2007) har skriva ei oppgåve om SMS-språket til jærskje tenåringar, og ho tar opp både språklige og sosiale aspekt ved denne kommunikasjonsforma. Gregersen (2009) har undersøkt grammatiske fellestrekk mellom nettsamtalen og den munnlege samtalen. Arbeidet hennar er i slekt med mitt sia det tar opp munnlege trekk ved nettspråk. Det vil eg òg gjere sia ein må kunne kalle dialekt eit munnlig trekk. I del 2.2 og 4.5 vil eg også komme inn på andre munnlege trekk ved nettspråk. Vidare har Isdal (2009) studert dialektbruk på Facebook. I tillegg har Skog forska mykje på språkbruk i digitale medium. Hausten 2008 gjennomførde ho ei undersøking under Forskningsdagene i Trondheim der ho tok for seg språket på Facebook, med fokus m.a. på dialektbruk (Skog 2009). Isdal og Skog sine arbeid er hittil dei einaste norske undersøkingane eg har komme over, som kombinerer emna *nettspråk* og *bruk av dialekt i skriftspråk*.

Litteratur om dialektbruk i skrift utanom nettspråk vil òg kunne vere relevant for arbeidet mitt. Som eg skreiv i innleiinga, har skriven dialekt vore eit kjent fenomen også før Internett og nye kommunikasjonsmåtar gjorde seg gjeldande. Parallelt med nettbruk fins det sjølvstakt ikkje-digitale domene der ein skriv på dialekt. Mot slutten av 1990-talet kom det to hovudfagsoppgåver som tok for seg holdningar til skriftspråk og skriftspråksnormer. Nordal (1997: 160) undersøkte språkholdningar hos ungdomsskoleelevar i Volda og fann m.a. ut at 80 % av jentene og om lag 40 % av gutane brukar eit dialektliknande språk når dei skriv såkalla "lappar" til kvarandre i skoletimane. Berg (1999: 64) har sett på holdningar til valfridom i skriftnormalane hos elevar i den vidaregåande skolen og funne ut at om lag 35 % av elevane brukar ikkje-normrette dialektformer i brev og dagbøker. I tillegg har Vikør (2004) studert korleis skribentar frå tre norske distrikt går fram når det skriv på dialekt. Dette arbeidet tar for seg konkrete grep som dialektskribentar nyttar for å kunne formidle

fonologien i talemålet sitt i skrift og går såleis inn på eit nivå i språket som eg ikkje vil undersøke i denne samanhengen. Likevel er arbeidet interessant fordi det rører ved forholdet mellom tale og skrift, og mellom dialekt, skriftnormalar og standardtalemål.

Denne studien er også i slekt med forskning på skriftspråksholdningar, skriftspråksnormering og samsvar mellom skriftnormalar og talemål. Det fins fleire tidligare master- og hovudfagsoppgåver som tar for seg emnet skriftspråksholdningar, eit emne eg sjølv kjem inn på i del 4.3.2. Eg har allereie nemnt hovudfagsoppgåvene til Nordal (1997) og Berg (1999). I tillegg har Johansen (1998) studert forholdet mellom talemål og bruk av valfrie bokmålsformer blant ungdomsskoleelevar. Her undersøker han holdningar til såkalla radikale og munnlig-liknande skriftspråksformer. Også Selback (2001) har skriva ei hovudfagsoppgåve om skriftspråksholdningar. Når det gjeld samsvar mellom skriftnormalar og talemål, blei det skriva to hovudfagsoppgåver tidlig på 1980-tallet. Desse tar for seg forholdet mellom talemål og normalformer på Lillehammer (Klevstrand 1981) og i Sømna (Bjørn 1982). Eg har ikkje funne litteratur om samanhengen mellom skriftnormalane og dialektane i dekningsområda til dei tre nettstadene som eg har henta materialet til denne undersøkinga frå. I del 4.2 vil eg likevel forsøke å seie noko om likskapen mellom desse dialektane og skriftnormalane.

Som eg gjorde merksam om alt i kapittel 1, plasserer denne studien seg i den sosiolingvistisk orienterte tradisjonen av nettspråkforskning. Fokuset i arbeidet vil ikkje først og fremst ligge på det nye og særsegne med *mediet* Internett eller på nettspråk som eit eige språkssystem sett saman av smilefjes, forkortingar o.l., som vi har sett har vore vanlig i den såkalla "første bølga" av nettspråkstudiar. I staden vil eg prøve å nærme meg den *brukarorienterte* forskingstradisjonen, der ein fokuserer på språkbrukarane og deira strategiar på ein nettbasert språkbruksarena. Eg vil komme inn på den sosiale situasjonen bak språkproduksjonen m.a. i del 4.4, der eg analyserer funna mine i lys av teori om kodeveksling og språklig tilpassing.

2.2 Munnlig språk, skriftlig språk og nettspråk

Det å uttrykke seg på dialekt må vi kunne kalle eit munnlig trekk sia dialekt er noko vi hovudsaklig finn i talt språk. Likevel ser vi at enkelte bruker dialekt sjølv når dei kommuniserer via skrivne ord på ein dataskjerm. Skal ein kalle denne typen kommunikasjon skriftlig eller munnlig? I den som følger, vil eg undersøke kva for syn vi finn om dette i

litteraturen om emnet. Eg vil sjå på korleis forholdet mellom skrift og tale blir framstilt og undersøke kva for kommunikasjonsform det er vanlig å plassere nettspråk innfor.

I språkvitskapen har ein lenge diskutert forholdet mellom skrift og tale, og eit spørsmål har vore kva for ei kommunikasjonsform som er den primære. Ifølgje Vikør (2004: 12) meiner den eine fløya i diskusjonen at skrifta er avleidd av talen, altså at talespråket er det primære. Dette blir kalla eit *relasjonelt* syn på skriftspråket. Den andre fløya står for det *autonomistiske* synet, som meiner at skrifta er eit sjølvstendig system, uavhengig av talen. Vikør meiner at det ikkje fins eit eintydig svar på kva for skriftsyn som er det rette. Om ein studerer språket på mikronivå, ser ein at skrifta er avhengig av talen. Kvant grafem, f.eks. <a>, svarar til eit fonem, /a/. Likevel har skriftspråket gjennom historia utvikla eit regelsystem som vi ikkje nødvendigvis finn igjen i talemål, og på den måten har skriftspråket etablert seg som ein uavhengig størrelse (n.v. 14). Sandøy (1996) er mellom dei som meiner at talemålet er primært jamført med skriftspråket. Han legg fram tre årsaker til denne holdninga. For det første fans talemålet før skriftspråket historisk sett. For det andre lærer eit menneske å snakke før det lærer å skrive. Og for det tredje bygger skriftspråket på talemålet, slik som det relasjonelle språksynet legg til grunn (Sandøy 1996: 18). Ifølgje Hård af Segerstad (2002: 36–37) har denne oppfatninga vakse fram i academia frå 1900-talet av, mens det tidligare har vore vanlig å sjå skrift som den primære kommunikasjonsforma. Halliday (1998: 266) seier at talespråket har ein "hederskront plass" i lingvistiske miljø, mens pedagogar har ein tendens til å sjå skriftspråk som det primære og har derfor ikkje vurdert tale som brukbart læringsmedium i skolen.

Før ein kan begynne å vurdere om nettspråk bør kallas skriftlig eller munnlig språk, er det viktig å ha klare tankar om korleis tale og skrift skil seg frå kvarande. I tabell 2.1 har eg samanfatta særmerke som ofte blir nemnt ved dei to kommunikasjonsformene. Eg har delt kjenneteikna ved dei to kommunikasjonsformene inn i tre grupper: *medium*, *form* og *funksjon*. Termene er henta frå Halliday (1989: 78). Han seier at både munnlig og skriftlig kommunikasjon inneheld alle desse tre aspekta, og at vi ikkje kan skilje dei frå kvarandre. Munnlig tale er i utgangspunktet meint for framføring i eit munnlig medium. Det betyr at ein ikkje kan skrive ned ein munnlig og spontan samtale og vurdere han på same grunnlag som ein skriftlig tekst. Da ville vi trulig ha vurdert han som ustrukturert og full av feil. Her finn vi kanskje noko av bakgrunnen for at munnlig språk tidligare blei sett på som nærast mindreverdige samanlikna med skriftspråk. Halliday seier at vi tradisjonelt har studert munnlig språk gjennom brillene til ein grammatikk som blei skapt for skriving. "Muntlig diskurs

opptrer da som en ødelagt variant av skriftlig diskurs, og ikke overraskende blir det sett på som om det mangler et eller annet" (Halliday 1998: 277–278). Nettbasert kommunikasjon utfordrar prinsippa til Halliday om at aspekta medium, form og funksjon ikkje kan skiljas frå kvarandre. For eksempel går kommunikasjonen for seg i eit skriftlig medium, men kan ofte fylle tradisjonelt munnlege funksjonar som "prat for pratens skyld". Kanskje blir aspekta medium, form og funksjon særleg samanblanda i dei innlegga som er skriva på eit dialektliknande språk? Eg vil utforske dette nærare i del 4.5.

	Tale	Skrift
Medium	Synkron: Produksjon og mottaking skjer samtidig	Asynkron: Tidsforskjell mellom produksjon og mottaking
	Forgjengelig	Varig
	Mottakar og sendar er på same plass, sendaren vender seg mot ein eller fleire særskilte mottakarar	Mottakaren er ikkje på same plassen som sendaren. Sendaren veit ikkje alltid kven mottakaren er
	Endelig: Ein kan ikkje rette opp feilsnakk	Ein kan redigere teksten og rette opp feil før ein sender han frå seg
	Akustisk og visuell	Visuell
	Spontan	Planlagt
	Dialogisk	Monologisk
Form	Ofte meir uformelt språk med innslag av f.eks. slang og bannskap	Ofte meir formelt språk
	Prosodi: Intonasjon, volum, tempo	Teiknsetting, bruk av store og små bokstavar
	Lågare leksikalsk tettleik: Færre leksikalske ord per ytring enn i skriftlig språk	Høgare leksikalsk tettleik: Fleire leksikalske ord per ytring enn i munnlig språk
	Grammatisk meir kompleks enn skriftlig språk	Grammatisk enklare enn munnlig språk
Funksjon	Eigna til å fylle sosiale funksjonar, prat for pratens skyld	Har ofte eit ytre formål: notere ned fakta, kommunisere idear osv.

Tabell 2.1 *Eigenskapar ved munnlig og skriftlig språk. Basert på Crystal (2006: 28–30), Halliday (1989: 61–62, 78, 87) og Hård af Segerstad (2002: 40).*

Som vi ser i tabell 2.1, er munnlig og skriftlig språk forskjellige på mange område, m.a. er tale ofte meir spontan og skrift ofte meir planlagt. "Tale" og "skrift" er likevel ikkje to eintydige størrelsar. Halliday (1998: 277) framhevar at det fins medvitne og gjennomtenkte måtar å snakke på, samtidig som det fins spontane måtar å skrive på. Det munnlege språket i ein stortingstale er annleis enn språket i samtalen rundt middagsbordet heime, på same måte som det skriftlege språket i ei akademisk utgreiing er veldig forskjellig frå språket på ein papirlapp sendt mellom to tenåringsjenter i ein skoletime. Halliday plasserer derfor munnlig og skriftlig språk på kvar si side av eit kontinuum:

Tale og skrift som diskursformer er typisk knyttet til de to ytterpunktene i et kontinuum fra det mest spontane til det mest selvkontrollerte språket: Spontan diskurs er vanligvis snakket, selvkontrollert diskurs er vanligvis skrevet. Vi kan derfor enkelt og greit kalle disse to ytterpunktene "muntlig" og "skriftlig" språk. (Halliday 1998: 281)

Fleire nettspråksforskarar er einig i tanken om eit kontinuum og meiner at vi kan plassere nettspråk ein stad i feltet mellom munnlig og skriftlig språk. Georgakopoulou (2005¹⁰) er ein av dei. Ho karakteriserer nettspråk som ei slags blanding som kombinerer

qualities that are typically associated with face-to-face interactions – i.e. immediacy and informality of style, transience of message, reduced planning and editing, rapid feedback [...] – with properties of written language – i.e. lack of visual and paralinguistic cues, physical absence of the addressee, written mode of delivery, etc. (Georgakopoulou 2005)

Også Crystal (2006: 51) meiner at nettspråk tar opp i seg kvalitetar frå både skrift og tale, men han hevdar at det ligg nærare skriftlig språk enn munnlig: "Netspeak is better seen as written language which has been pulled some way in the direction of speech than as spoken language which has been written down" (sst.). Som eg var inne på i del 2.1, er Crystal ein representant for tradisjonen som har ein tendens til å sjå på nettspråk som eit homogent system som skil seg frå språkbruk elles. Crystal (n.v. 272) vurderer nettspråk som noko meir enn ein hybrid mellom tradisjonelle språkformer; det er rett og slett eit fjerde kommunikasjonsmedium etter tale, skrift og teiknspråk. Ifølgje Crystal (n.v. 271–272) er vi inne i ein "lingvistisk revolusjon": "The phenomenon of Netspeak is going to 'change the way we think' about language in a fundamental way, because it is a linguistic singularity – a genuine new medium".

Det gir likevel lita mening å sjå på nettspråk som éin ny språkvariant eller å forsøke å plassere nettspråk som ein konstant størrelse på eit kontinuum. Årsaka er at digital kommunikasjon fins i mange ulike variantar. Den typen nettspråk som eg studerer, er asynkron, altså går det ei viss tid frå ei ytring blir produsert til nokon les ho. Dette opnar for at språket kan vere planlagt i høgare grad enn i ein synkron samtalsituasjon, der tidspresset er større. I andre former for nettsamtale blir ytringar utveksla raskt, og ein tenker kanskje lite gjennom kva ein skriv før ein sender meldinga frå seg. I enkelte chatteforum kommuniserer ein mest for det sosiale sin del, mens ytringane eg analyserer, ofte er meint som diskusjonsinnlegg i ei bestemt sak. Med bakgrunn i dette mangfaldet poengterer Georgakopoulou (2005) at ein ikkje kan tenke på tale, skrift og nettspråk som tre

¹⁰ <http://www.benjamins.com/online/hop/>

sjølvstendige og klart avgrensa størrelsar. Alle dei tre omgrepa viser til mange ulike og til dels overlappende former for kommunikasjon. Hård af Segerstad (2002: 238) er også ueinig med Crystal i at det fins ei ny og sjølvstendig kommunikasjonsform som vi kan kalle nettspråk. Ho meiner at dei "nye" trekka som ein finn i digital kommunikasjon, ikkje er nye, men heller variantar frå dei tradisjonelle kommunikasjonsformene som har blitt tilpassa ein ny kommunikasjonsituasjon (sst.).

Det er altså problematisk å avgjere om nettspråk liknar mest på tale eller skrift, mykje på grunn av det store mangfaldet som fins innafor språkbruk på nettet, så vel som innafor munnlig og skriftlig språk. Språkbruken som eg vil studere, har mange likskapar med tradisjonell skriftlig kommunikasjon. Han er asynkron, potensielt planlagt og varig, sendaren veit ikkje alltid kven han eller ho snakkar til, og sendaren har høve til å redigere teksten og rette opp feil før han eller ho sender teksten ifrå seg. Dessutan har kommunikasjonen ofte eit ytre formål, som å kommunisere idear og å diskutere saker. Likevel kjem avgjort munnlege trekk til syne, særlig i dei innlegga som er skriva på eit dialektliknande språk som vik av frå skriftnormalane våre. Etter at eg har presentert og analysert empirien frå undersøkinga mi, vil eg på nytt ta opp forholdet mellom munnlig språk, skriftlig språk og nettspråk i del 4.5.

2.3 Skriftspråk, dialekt og talemål

Studieobjektet i dette arbeidet er visse språklige avvik som kan defineras som innslag av dialekt i skriftspråket. For å kunne avgjere kva for språklige ytringar som skal inn under denne definisjonen, treng vi først å avklare termar som *dialekt*, *språk*, *skriftspråk*, *skriftnormal* og *talemål*. I denne delen vil eg kortfatta diskutere termene, og eg vil definere kva eg legg i dei slik eg bruker dei i dette arbeidet.

Ifølgje Røynealand (2008a: 24) er det både i dagligtale og innafor den tradisjonelle målføregranskinga vanlig å forstå dialekt som "ein geografisk bestemt, stadbunden varietet som er underlagt eit nasjonalspråk". Vidare seier ho at det blir stadig vanligare å bruke dialekt som "eit samleomgrep for geolektar, sosiolektar og etnolektar" (sst.). Dialekttermen heng saman med termane *språk* og *skriftspråk*, så desse treng vi òg å komme inn på. Hyltenstam (2003) gir ei teoretisk utgreiing av desse omgrepa i ein rapport om det kvenske språket i Noreg. Han tar utgangspunkt i kriteria til Heinz Kloss (1967) om *avstand* og *utbygging* når han skal definere språk og dialekt. Eit språk blir karakterisert av ein viss lingvistisk *avstand* frå andre språk (Hyltenstam 2003: 10). Dersom to varietetar skil seg tilstrekkelig frå kvarandre, kan vi altså kalle dei ulike språk. I tråd med denne definisjonen er dialektar

derimot varietetar som er strukturelt nær kvarandre (sst.), men avstandskriteriet er problematisk sia det er vanskelig å avgjere kva som er tilstrekkelig språklig avstand for å kunne definere to varietetar som ulike språk (sst.).

Etter utbyggingskriteriet kunne varietetar som er definert som språk, ha vore dialektar av eit anna språk om det ikkje hadde vore for at dei var *utbygd* med eit skriftspråk (sst.). Hyltenstam seier at utbyggingskriteriet står sterkt i den vestlige verda; språk som har eit tilhørande skriftspråk, blir oppfatta som "ordentlige" språk (sst.). Heller ikkje utbyggingskriteriet kan brukas ukritisk ved å seie at ein varietet som har eit eige skriftspråk, alltid har status som sjølvstendig språk, eller at to varietetar med same skriftspråk automatisk bør reknas som eitt og same språk. Arabisk, f.eks., har eitt felles skriftspråk, men er sett saman av mange ulike varietetar som ikkje er innbyrdes forståelige (n.v. 13). Nordsamisk og sørsamisk er heller ikkje innbyrdes forståelige, men har i motsetning til dei arabiske dialektane kvart sitt skriftspråk. Trass i det har dei tradisjonelt blitt rekna som dialektar av eitt og same språk (sst.).

Hyltenstam poengterer at ingen av kriteria for kva som er språk, og kva som er dialekt, er utan unntak, men trekker likevel fram nokre forhold som vanligvis gjeld. Fleire av desse går ut på om ein varietet har skriftspråk eller ikkje: "Språklige varieteter som är standardiserade och har skriftspråk betraktas oftast som språk snarare än dialekter" (n.v. 24) og "[s]pråklige varieteter som saknar en särskild skriven form och som är relaterade till ett standardiserat språk kallas oftast för dialekter snarare än språk" (sst.).

Også Vikør (1991: 446) bruker manglande skriftspråk som særmerke for dialektar: "The non-standardized varieties of language, generally called 'dialects', have no written counterparts. Their users are literate in the standard language, often being 'trilectal': dialect, speech standard and writing standard". Norske språkbrukarar er rett nok ikkje "tredialektale" på den måten Vikør snakkar om. I Noreg har vi ikkje noka vedtatt talenorm¹¹, og såleis vekslar vi ikkje mellom å bruke dialekt i enkelte situasjonar og standardtalemål i andre. Norske språkbrukarar vil derfor i utgangspunktet kunne variere mellom to språkformer: talt dialekt og skriven standard. Men i materialet som ligg til grunn for denne studien, kjem det fram at enkelte språkbrukarar nyttar eit dialektliknande og ikkje-normrett skriftspråk. Vi kan

¹¹ Norske lingvistar er delt i spørsmålet om vi har eit standardtalemål eller ikkje. Mæhlum (2009) er ein av dei som meiner at varietetten "standard østnorsk" eller "talt bokmål" fungerer som eit overlokalt standardspråk. Mellom andre Sandøy (2009) er ueinig i dette og meiner vi kan snakke om ein prestisjedialekt, men at dette ikkje nødvendigvis er det same som standardtalemål. Bull (2009) meiner at sjølv om talemålet i delar av landet er på veg mot ei slags homogenisering eller tilnærming mot eit "folkelig" talt bokmål, kan vi ikkje kalle denne prosessen *standardisering*. Ho meiner at vi heller bør snakke om *demotisering* – ei utvikling der "høgstatusformer blir erstatta av språkformer med tradisjonelt lågare prestisje" (n.v. 233).

tenke oss at desse er "tredialektale", men at dei har to skriftspråksalternativ i staden for to talemålsalternativ, som i dialekt-definisjonen etter Vikør (sst.).

Nokre språkbrukarar sprenger altså grensene til dei fastsette skriftnormalane ved å bruke dialekttrekk når dei skriv. Men det å "skrive på dialekt" treng ikkje nødvendigvis å bety at ein bryt norma. Norske språkbrukarar har mange alternativ når det gjeld val av skrivemåte. Vi har to offisielle målformer: bokmål og nynorsk. Dessutan fins det ein nokså stor valfridom innafor kvar av målformene. I nynorsk kan vi velje mellom hovudformer og sideformer av mange ord, og i bokmål har vi valfrie former. Slik kan vi skape oss ein "konservativ", "moderat" eller "radikal" stil innafor ei av målformene. Vi kan også velje å bruke dei skrivemåtane som ligg nærast talemåten i vår eigen dialekt. På grunn av denne skriftspråksituasjonen har mange nordmenn muligheit til å bruke dialekten sin til ein viss grad når dei skriv, sjølv utan å bryte normene. Når eg bruker *dialekt*-termen og formuleringar som *å skrive på dialekt*, *eit dialektnært skriftspråk* eller *eit dialektprega skriftspråk* i dette arbeidet, viser eg til eit skriftspråk som inneheld dialektale trekk som *ikkje* fins i skriftnormalane.

Ei anna følgje av den store valfridomen i norske skriftnormalar kan vere at normalane blir oppfatta som mindre tydelig avgrensa frå talemålet enn i språksamfunn med ei smalare skriftnorm. Derfor er det trulig få språkbrukarar som har full kontroll på kva for former og bøyingsmåtar som er tillatt å bruke innafor offentlig rettskriving. Det kan føre til at språkbrukarar nyttar former som ikkje er tillatt, men utan at dei egentlig meiner å skrive på dialekt. Såleis kan ikkje-normrette dialektformer i skriftspråket vere eit resultat av lite normmedvit. I motsett fall kan språkbrukarar som ikkje er så nøye med å følgje reglene for kva som er tillatt, eller som med vilje vel å skrive på dialekt, av og til ende opp med å bruke normrette former likevel. På den måten er det vanskelig å vite sikkert kva ein skal karakterisere som "dialektinnlegg". I del 3.1.2 vil eg gjere greie for kva eg reknar som dialektinnlegg i dette arbeidet.

Kan vi utan vidare karakterisere all språkbruk som ikkje stemmer med skriftnorma, som "dialekt"? Svaret er nei, for vi står ikkje overfor to diametrale størrelser som heiter "dialekt" og "skriftspråk". Ei meir passande motsetning til *skriftspråk*-termen er *talemål*. Ifølgje Sandøy (1994: 195) blir det tydelig at *talemål* står i ein naturleg kontrast til *skriftspråk* om vi bruker *medium* som kriterium. Talemål er språk som er produsert gjennom mediet tale, i motsetning til skriftspråk, som er produsert gjennom mediet skrift. *Dialekt*-termen viser òg i utgangspunktet til språk som er produsert gjennom tale, og vi har sett at det er vanlig å kalle språklige varietetar utan skriftspråk for dialektar. Likevel er ikkje dialekt det same som

talemål. Mens dialektar er geografisk, sosialt eller etnisk avgrensa språkvarietetar, er talemål ei slags samlenemning for alt talt språk. Sandøy (n.v. 198) illustrerer dette med eksempelsetninga "Han tok og slo av lyset". Han meiner at denne "tok og"-konstruksjonen er mulig i talt språk overalt i Noreg, men ikkje i skriftspråk. Konstruksjonen er overdialektal og allmennorsk. Det er særlig i syntaksen at vi kan finne slike overdialektale talemålstrekk som ikkje er tillatt i skriftspråk. Sandøy (n.v. 201) hevdar at det i Noreg er mest dialektal variasjon på det fonologiske og morfologiske nivået, og ikkje så mykje på det syntaktiske. Trulig kan syntaktiske avvik frå skriftnormalane kunne komme til syne i den skriftlige språkbruken eg analyserer i dette arbeidet, på same måte som dialekttrekk gjer det. Eg vil ikkje rekne syntaktiske avvik frå skriftnormalane som innslag av dialekt sia dei må reknas som overdialektale talemålstrekk. Som sagt vil eg seie meir om kva eg reknar som dialektinnslag i skriftspråket i del 3.1.2. Der vil eg komme inn på syntaktiske trekk, men også på andre avvik frå den offentlige rettskrivinga, f.eks. forkortingar, innslag av engelsk og overdriven gjentaking av enkelte bokstavar.

I dette arbeidet vil eg ikkje bruke *skriftspråk*-termen i tydinga "offisielt skriftspråk", men i staden for å vise til det faktiske språket individuelle språkbrukarar nyttar når dei skriv, enten det samsvarar med ein skriftnormal eller ikkje. Termen *skriftnormal* bruker eg i tydinga "normrett skriftspråk", altså korrekt bokmål eller nynorsk. Såleis vil eg operere med ei termmotsetting i analysearbeidet – ikkje mellom *skriftspråk* og *dialekt*, men mellom *skriftnormal* og *dialekt*. Med *skriftnormal* meiner eg altså normrett skriftspråk, mens med *dialekt* meiner eg eit dialektprega skriftspråk som vik av frå skriftnormalane etter mønster som ein finn i geografisk avgrensa varietetar av talt norsk.

2.4 Språkeksterne faktorar

Da den sosiolingvistiske tradisjonen gjorde seg gjeldande i språkforskinga for nokre tiår sia, begynte forskarar å interessere seg for den sosiale situasjonen rundt produksjonen av språk. I den strukturalistiske språkforskinga var det ikkje interesse for språkeksterne forhold, men med sosiolingvistikken begynte ein å sjå på korleis faktorar som f.eks. kjønn, alder og sosial bakgrunn påverka språket (f.eks. Labov 1972, Trudgill 1974)¹². Fokuset blei utvida frå berre språkinterne til også *språkeksterne* faktorar. Sosiolingvistisk forskning har m.a. komme fram til at kjønn spelar inn på språkbruken på den måten at kvinner generelt snakkar meir

¹² Fleirspråkligheits- og språkkontaktforskinga, jf. Weinreich (1953) og Haugen (1953), er også opptatt av språkeksterne forhold og må reknas som sosiolingvistisk forskning.

standardnært enn det menn gjer (Coates 1993: 61 f.). Alder kan òg vere ein viktig faktor fordi visse språktrekk er hyppigare brukt hos unge enn hos eldre menneske, og fordi språkbrukarar ofte endrar språklige praksisar gjennom livet (Swann mfl. 2004: 7). I dette arbeidet vil faktorane *samtaleemne* og *geografisk heimfesting* vere relevante. Som det kjem fram i problemstillinga eg presenterte i del 1.4, ønskjer eg å finne ut om emnet for debatten har noko å seie for bruken av dialekt i skriftspråket, og om førekomsten av dialekt varierer mellom dei tre nettstadene, som jo er tilknytt tre ulike geografiske område. I dei neste delane av oppgåva vil eg sjå nærare på desse to språkeksterne faktorane.

2.4.1 Geografisk heimfesting: Dialekt og skriftnormalar i dekningsområda til dei tre nettstadene

Eg har valt å samle inn materiale frå tre ulike delar av landet, nemlig austlandet, vestlandet og Nord-Noreg. I tillegg til å skilje seg frå kvarandre reint geografisk, representerer regionane ulike dialektområde. Dersom vi bruker dialektinndelinga til Sandøy (1996: 183), kan vi seie at glåmdalsmålet hører til det austlandske dialektområdet. Sandøy bruker kriteria *spor av jamvekt, fråver av apokope og fråver av delt hokjønnsbøying i bestemt form eintal* for å skilje dette området frå resten av dei norske dialektane (sst.). Dialekten i dekningsområdet til *Fjordaglimt* hører etter denne inndelinga til i det nordvestlandske dialektområdet, som blir kjenneteikna av kriteria *ingen spor av jamvekt, ingen apokope og reduksjon til -e i endestavingsvokalismen i infinitiv* (sst.). Bodø- og saltendialekten, som blir brukt i dekningsområdet til *nordlending.no*, blir plassert i det nordlandske dialektområdet. Dette blir kjenneteikna av *ingen spor av jamvekt*, men med *apokope i endestavingsvokalismen i infinitiv* (sst.). Det fins sjølvsagt mange andre skilnader mellom dialektane, men kriteria *jamvekt, apokope og reduksjon* blir ofte brukt til å dele norske dialektar inn i ulike område.

Inndelinga til Sandøy (1996) er såkalla *språktypologisk*, som betyr at ho tar omsyn til språklige trekk framfor geografisk nærleik. Det fins også andre måtar å dele inn dei norske dialektane på. Ifølgje Skjekkeland (1997: 203) delte mellom andre Ivar Aasen dei norske dialektane inn i *Den nordenfjeldske Række, Den vestenfjeldske Række* og *Den søndenfjeldske Række*. Om vi brukte denne inndelinga, ville dekningsområda til dei tre nettavisene eg hentar materiale frå, ha hørt til kvart sitt av dei tre dialektområda. Amund B. Larsen var mellom dei som brukte ei todeling i *austnorsk* og *vestnorsk* (sst.). I ei slik inndeling hadde dekningsområda til *nordlending.no* og *Fjordaglimt* vore plassert det vestnorske området, mens dekningsområdet til *mittglomdal.no* hadde hørt til det austnorske. Hallfrid Christiansen

nytta ei firedeling i *austnorsk*, *vestnorsk*, *trøndsk* og *nordnorsk* (sst.). Om eg brukte denne inndelinga, hadde områda austnorsk, vestnorsk og nordnorsk vore representert i materialet.

Som det kjem fram i del 1.4, har eg ein hypotese om at nærleik mellom dialekt og skriftnormalar kan føre til at språkbrukarar i mindre grad vik av frå skriftnormalane. Eg ønskjer å undersøke om eventuelle forskjellar i dialektbruken mellom dei tre nettstadene kan henge saman med kor godt den enkelte dialekten samsvarar med skriftspråka nynorsk eller bokmål. I den samanheng er det gagnlig å vite litt om kva for målform som blir mest brukt i dei ulike distrikta. Ser vi heile Noreg under eitt, har to av nitten fylke gjort vedtak om krav om bokmål i skriv frå statsorgan, mens tre har valt nynorsk og resten er nøytrale.¹³ I fire norske fylke har eit fleirtal av kommunane valt nynorsk som målform, nemlig Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. I dei ni fylka Østfold, Akershus, Hedmark, Oppland, Buskerud, Vestfold, Vest-Agder, Nordland og Finnmark har eit fleirtal av kommunane valt bokmål som målform, mens i dei seks fylka Oslo, Telemark, Aust-Agder, Sør-Trøndelag, Nord-Trøndelag og Troms har like mange kommunar valt bokmål som nynorsk (sst.). Når det gjeld opplæringsmål i grunnskolen, har om lag 86 % av norske elevar bokmål som hovudmål, mens om lag 13 % har nynorsk som hovudmål.¹⁴ Berre Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal har overvekt av nynorskelevar i grunnskolen, med høvesvis 97 % og 53 % nynorskelevar (sst.).

I avsnitta som følgjer, vil eg ta for meg dekningsområda til dei tre nettstadene eg har henta materiale frå, med særleg omsyn til dialekttilhøve og skriftspråkssituasjon. Eg vil sjå på språkval i skole, kommune og fylke, og eg vil ta for meg særtrekk ved dialektane i dei tre distrikta. Dialektskildringane er basert på den litteraturen som fins om dei aktuelle dialektane. Eg vil sjølvsagt ikkje kunne gi noko komplett oversikt over alle sidene ved målføra – det hadde vore altfor omfattande og dessutan eit sidesprang frå problemstillinga til denne studien. Eg kjem til å avgrense meg til typiske særtrekk og til det eg finn omtalt i litteraturen om den enkelte dialekten. For ei systematisk framstilling av typiske trekk i dei tre dialektane, sjå tabell 4.8 s. 65.

2.4.1.1 Salten

Origo-sona *nordlending.no* er som tidligare nemnt tilknytt *Avisa Nordland* og den tilhørande nettavisa *an.no*. Avisa har hovudredaksjon i Bodø og avdelingsredaksjonar på Fauske, Oppeid

¹³ Kulturdepartementet 2007. <http://www.lovdatab.no/for/sf/ku/xu-20070401-0378.html#map001>

¹⁴ Statistisk sentralbyrå 2009. <http://www.ssb.no/utgrs/arkiv/tab-2010-04-28-07.html>

og Ørnes. Dekningsområdet er Salten-regionen, der vi finn dei ni kommunane Hamarøy, Steigen, Sørfold, Bodø, Fauske, Saltdal, Beiarn, Gildeskål og Meløy. Utan å ha gjort noka vitenskaplig undersøking av den geografiske fordelinga av stoffet i avisa, har eg inntrykk av at mykje av det er knytt til Bodø-området. Med sine 47282 innbyggjarar er Bodø den mest folkerike kommunen i regionen. Ved sida av Fauske er Bodø den einaste bykommunen i Salten, og Bodø by er både regionsenter i Salten og fylkeshovudstad i Nordland. Dei resterande kommunane i regionen hadde per 2010 mellom 1114 (Beiarn) og 9552 (Fauske) innbyggjarar. Det totale innbyggartalet i Salten var på same tid 77630.¹⁵

Eg nemnte tidligare Nordland som eitt av fylka der fleirtalet av kommunane har bokmål som kommunikasjonsspråk med overordna organ. I Salten er kommunane Bodø, Gildeskål og Hamarøy nøytrale med omsyn til målform, mens Meløy, Beiarn, Saltdal, Fauske, Sørfold og Steigen har gjort vedtak om bruk av bokmål i skriv frå overordna organ.¹⁶ Når det gjeld val av målform hos elevar i grunnskolen, har eg ikkje funne tal for dei ulike Salten-kommunane. I heile Nordland har 30827 av 30869 elevar bokmål som første opplæringsmål, mens 12 elevar har nynorsk og 30 har samisk.¹⁷ Ut frå desse tala kan vi trygt rekne med at så godt som alle skoleelevane i Salten har bokmål som første opplæringsmål.

Vidare vil eg ta for meg nokre særtrekk ved dialekten i bodø- og saltenområdet slik han blir skildra i forskingslitteraturen. Her vil eg stø meg til Nesse (2008) om Bodø bymål, Brekke (2000) om grammatikken i den tradisjonelle saltendialekten¹⁸ og undersøkinga til Jensen (1999) av fauskedialekten med særleg fokus på apokope. Der eg treng å omtale former i saltendialekten som eg ikkje finn nemnt i litteraturen, vil eg bruke mi eiga språkkjensle som oppvakse på Tverlandet og i Saltstraumen i Bodø kommune. Eg vil fokusere på bodødialekten, men også trekke nokre linjer til fauskedialekten og det såkalla tradisjonelle saltenmålet. Årsakene til at eg vil fokusere på desse områda, er for det første at det eksisterer undersøkingar om bodø- og fauskedialektane frå nyare tid. Ei anna årsak er at Bodø kommune er kjernen i dekningsområdet til *Avisa Nordland*, og trulig har mange av dei som diskuterer avissaker publisert på *an.no*, dialektbakgrunn frå bodøområdet. Eg vil sjå på substantivbøying, verbbøying, adjektiv, pronomer og nektingsadverb.

¹⁵ Alle opplysningane om folketal er frå Statistisk sentralbyrå 2010.

<http://www.ssb.no/kommuner/region.cgi?nr=18>

¹⁶ Kulturdepartementet 2007. <http://www.lovdatab.no/for/sf/ku/xu-20070401-0378.html#map001>

¹⁷ Statistisk sentralbyrå 2009. <http://www.ssb.no/utgrs/arkiv/tab-2010-04-28-07.html>

¹⁸ Hos Brekke (2000: 23) betyr *tradisjonelt saltværingmål* "det tradisjonelle målet slik det ble brukt i de første tiårene av 1900-tallet". Undersøkinga hennar tar utgangspunkt i at målet i Salten var nokså einsarta på denne tida (sst.). Jensen (1999: 82) seier at *det klassiske saltværingmålet* er det som "i dag er knyttet til landsbygda i Salten".

Hankjønnsst substantiv blir bøygd på denne måten i bodødialekten: *en gutt – guttn – gutta – guttan* (Nesse 2008: 79). Paradigmet for hokjønnsord ser slik ut: *ei flaske – flaska – flaska – flaskan* (sst.), mens inkjekjønnsord blir bøygd slik: *et hus – huse – hus – husan* (sst.)¹⁹. Til forskjell frå fleire andre nordnorske dialektar, f.eks. tromsømålet, skil ikkje bodødialekten mellom fleirtalsbøying av han- og hokjønnsord; begge blir bøygd med endingane *-a* og *-an*. I tromsømålet og i mange andre dialektar kan ein seie *fleire flaske* og *alle flasken*, i tråd med vokalismen i bøyinga i nynorsk og bokmål: *ei flaske – flaska – flasker – flaskene* (sst.). Ifølgje Jensen (1999: 80) blir svake hokjønnsord i ubestemt eintal og fleirtal bøygd slik i det såkalla tradisjonelle saltenmålet: *ei jent – fleire jent* (begge blir uttalt med cirkumflekstonelag). I det tradisjonelle saltenmålet har ein altså apokope i endinga av svake hokjønnsord. Jensen (n.v. 106) har undersøkt førekomsten av apokope i dagens fauskedialekt, og informantane hans har apokope i ubestemt eintal av svake hokjønnsord i 58 % av tilfella. I ubestemt eintal av svake hankjønnsord finn han apokope i 43 % av tilfella, mens talet er 50 % for fleirtalsendingar generelt (sst.). Jensen finn altså at apokope i substantiv er på tilbakegang i fauskedialekten. Nesse nemner ikkje apokope i substantiv i bodødialekten. I den tradisjonelle saltendialekten blir sterke hokjønnsord i *er*-klassen bøygd slik: *ei bygd – bygda – bygd – bygdn*, altså med apokope i ubestemt fleirtal (Brekke 2000: 61). Eg har ikkje funne kjelder som seier noko om bøying av slike hokjønnsord i den moderne bodødialekten, men ut frå mi eiga språkkjensle kan eg seie at dei blir bøygd slik: *ei bygd – bygda – bygde – bygdn/bygdan*. Sterke hokjønnsord av omlydsklassen blir i den tradisjonelle saltendialekten bøygd slik: *ei bok – boka – bøker – bøkern* (sst.)²⁰, og eg meiner bøyinga er lik i den moderne bodødialekten.

I verbbøyinga har ein apokope også i dagens bodødialekt. I bodødialekten ser bøyingsparadigmet for svake a-verb slik ut: *å elsk – elska – elska – har elska* (Nesse 2008: 82). Ut frå dette ser vi at bodødialekten har apokope i infinitiv. Apokope i infinitiv står særst sterkt i saltenregionen; Jensen (1999: 106) finn apokopert infinitivsending i 100 % av belegga i undersøkinga av fauskedialekten. I eksemplet over ser vi at a-verb i bodødialekten har *a*-ending i presens: *elska*. Nesse (2008: 83) opplyser at e-verba derimot ofte har apokope i presens akkurat som i tradisjonell saltendialekt, f.eks. *æ bygg*. Sterke verb blir vanligvis bøygd slik i presens: *æ bryt* (sst.). Ifølgje Brekke (2000: 113) har den tradisjonelle

¹⁹ Nesse viser berre bøyinga i fleirtalsformene. Bøyinga i ubestemt og bestemt eintal er basert på mi eiga språkkjensle.

²⁰ Brekke viser berre bøyinga i fleirtalsformene. Bøyinga i ubestemt og bestemt eintal er basert på mi eiga språkkjensle.

saltendialekten denne bøyinga av sterke verb: *å bryt – bryt – braut – har brøt*, men eg kjenner ikkje til at ein kan ha apokope i supinumsforma i det moderne bymålet. Eg meiner at supinumsforma her er *har brøte* eller etter mønster av bokmål: *har brutt*.

Eit unntak frå regelen om inga presensending i sterke verb er *å komme*, som heiter *kommer* i Bodø by (Nesse 2008: 84). I tradisjonelt saltenmål heiter det *kjæm* i presens (sst.), og Nesse forklarar byforma med påverknad frå bokmål (n.v. 86). Jensen (1999: 106) skil ikkje mellom sterke og svake verb i oversikta over førekomstar av apokope i fauskedialekten, men det kjem fram at han har funne apokope i presens i 99 % av tilfella. Nesse seier ingenting eksplisitt om preteritum og supinum, men ut frå eksemplet over ser vi at a-verb får a-ending i desse formene. Jensen (1999: 106) viser til funn av apokope i 98 % av tilfella for preteritum og 99 % av tilfella for supinum. Han gjer ikkje greie for kva for verbtype han snakkar om, men eg reknar med han må meine e-verb, der verbet *å bygge*, f.eks., vil heite *bygd* i preteritum. I dagens Bodø bymål meiner eg at ein oftast ikkje har apokope i preteritum av e-verb, og at det da vil heite *bygde*. Utafor sentrum vil ein nok kunne seie både *bygde* og *bygd* i preteritum.

Ifølgje Nesse (2008: 89–90) ser bøyinga av adjektiv i komparativ og superlativ slik ut i dagens bodødialekt: *fortere – forttest*, mens det i tradisjonelt saltenmål heiter *fortar – fortast*. Jensen (1999: 106) seier ikkje noko konkret om gradbøying av adjektiv i fauskedialekten, men det kjem fram at han har funne apokope i 66 % av komparativformene i materialet, altså ei overvekt av *fortar* framfor *fortere*. Kva for funn Jensen (n.v.) elles har gjort om komparativformene i fauskedialekten, er det vanskelig å få oversikt over.

I bodødialekten heiter det personlige pronomenet i 1. person eintal subjektsform *æ*, i objektsform *mæ*, i 2. person eintal objektsform *dæ*, og det refleksive pronomenet heiter *sæ* (Nesse 2008: 67). Nesse skriv at desse pronomenformene skil seg frå dei i resten av Salten, men ho går ikkje direkte inn på korleis desse pronomena ser ut i andre delar av regionen. Sjølv har eg inntrykk av at *æ*-variantane er vanlig hos yngre menneske i heile Bodø kommune og også delvis på Fauske. Hos eldre språkbrukarar og i resten av regionen meiner eg at dei tilsvarende pronomena heiter *e*, *me*, *de* og *se*. Av Jahr og Skare (1996: 37) har heile saltenregionen *e* som personlig pronomen i 1. person eintal, men i framstillinga deira har dei nok ikkje tatt omsyn til bymålsformene. Hos Brekke (2000: 91) heiter det personlige pronomenet i 1. person fleirtal subjektsform *vi* og i objektsform *åss*²¹. 2. person fleirtal heiter *dåkk* eller *dåkker* i både subjekts- og objektsform, og 3. person fleirtal heiter *di* i subjektsform

²¹ Brekke nemner òg objektsforma *øss*, men den ser eg bort ifrå, da eg ikkje har vore borti ho verken hos yngre eller eldre språkbrukarar i Bodø eller resten av Salten.

og *dem* i objektsform. I dagens bodø- og saltendialekt bruker mange *di* både i subjekts- og objektsposisjon (Nesse 2008: 69–70). Eg er einig i at dette trulig er det vanligaste, men meiner at enkelte også kan bruke *dem* i begge posisjonane.

Når det gjeld spørjande pronomen i den tradisjonelle saltendialekten, oppgir Brekke (2000: 96–97) m.a. formene *ka* (*kva*), *kem* (*kven*), *kaffør* (*korfor*) og *ka ti* (*når*). Nesse seier ikkje noko om spørjande pronomen i dagens bodødialekt, men Fiva (1996: 137) nemner til liks med Brekke formene *ka* og *kem*. I tillegg nemner ho *kor*. I staden for Brekkes *kaffør* seier Fiva at det heiter *koffør* i bodødialekten – ei form som eg meiner blir brukt også lenger ut i Salten. Ingen av dei nemner dialektforma av *korleis*, men eg meiner at den heiter *korsn* i store delar av distriktet. Eg meiner også å ha hørt forma *kordan* hos språkbrukarar frå områda nær Bodø by. Dessutan trur eg at formene *korsn* og *kordan* òg kan brukas for å uttrykke *kva for ein* eller *kva for nokre*.

Ein kan bruke to former av nektingsadverbet i Salten: *ikke* og *ikkje*. Mitt klare inntrykk er at *ikke* blir brukt i byane og av yngre språkbrukarar også lenger ut i distriktet. Nesse (2008: 97) seier ingenting spesifikt om nektingsadverbet, men ho nemner forma *ikke* når ho skal sette andre trekk i kontekst, f.eks. "Æ ve(i)t ikke he(i)lt". Formene Brekke (2000: 49, 131) nemner, er dei apokoperte formene *ikkj* og *innkj*.

For å forenkle vil eg framover i arbeidet bruke nemningane *Salten* og *saltendialekten* om dette området, men dialektbeskrivinga er som sagt hovudsaklig basert på bodø- og fauskedialektane.

2.4.1.2 Sunnfjord

Sona *Fjordaglimt* er knytt opp mot avisa *Firda*, som har hovudredaksjonen sin i Førde i Sogn og Fjordane. I tillegg har avisa avdelingsredaksjonar i Florø, Høyanger, Askvoll og Sandane i Sogn og Fjordane og i Dale i Hordaland. *Firda* kan ta inn saker frå heile fylket, men det primære dekningsområdet er Sunnfjord, som er eitt av dei tre distrikta fylket er delt inn i. I Sunnfjord finn vi dei sju kommunane Askvold, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Jølster og Naustdal. Kommunane Flora og Førde er størst med høvesvis 11586 og 12035 innbyggjarar, og i desse kommunane finn vi dei to største byane i distriktet, Florø og Førde. Dei andre fem

kommunane har alle mellom 2000 og 3000 innbyggjarar kvar. Til saman har Sunnfjord-regionen 37 900 innbyggjarar.²²

Sogn og Fjordane er eitt av dei fire fylka i Noreg der eit fleirtal av kommunane har nynorsk som administrativt skriftspråk, og det er det einaste av dei fire fylka der alle kommunane er samrøystes i valet av nynorsk.²³ Heller ikkje i dette distriktet har eg funne tal for val av målform mellom grunnskoleelevar i dei enkelte kommunane, men om ein ser fylket under eitt, er tendensen tydelig: Av 14671 grunnskoleelevar har 14257 nynorsk som første opplæringsmål mot 414 som har bokmål.²⁴

Når eg no skal gå nærare inn på dialekttilhøva i Sunnfjord, vil eg i hovudsak stø meg på to hovudfagsoppgåver som kartlegg talemålet i området. Sølvsberg (1998) tar for seg førdedialekten med særlig fokus på endringar i dei seinaste generasjonane. Bødal (2003) har undersøkt bymåla i Sunnfjord, altså dialektane i Florø og Førde. Sia begge desse avhandlingane fokuserer på bymål, vil eg i tillegg trekke inn arbeidet til Ølmheim (1983) om målføra i Sogn og Fjordane for å få meir breidd i dialektskildringa. Også her vil eg ta for meg substantivbøying, verbbøying, adjektiv, pronomen og nektingsadverb.

Bødal (2003: 27) viser at hankjønnsst substantiv blir bøygd slik i sunnfjorddialekten: *ein hest – hesten – hesta – hestane*. Svake hokjønnsord blir bøygd på denne måten: *ei jente – jenta – jenta – jentene* (sst.). For hokjønnsst substantiv av *er*-klassen ser paradigmet slik ut: *ei bygd – bygda – bygde – bygdene*, og hokjønnsst substantiv av omlydsklassen har slik bøying: *ei bok – boka – bøke – bøkene* (sst.). Om vi ser bort ifrå den ubundne fleirtalsforma, er alle desse paradigma slik som i nynorsk. Dette bøyingsmønsteret skal gjelde for heile Sunnfjord (sst.). Når det gjeld bøyinga av inkjekjønnsord, fins det derimot variasjon i distriktet. I Florø ser paradigmet for svake inkjekjønnsord slik ut: *eit rike – rike – rike – rika/rikene*, mens Førde og resten av Sunnfjord berre kan ha *a*-ending i bunden fleirtalsform. Det same bøyingsmønsteret gjeld for sterke inkjekjønnsord, og også her varierer florødialekten mellom *a*- og *ene*-ending i bunden fleirtalsform (n.v. 28). Ølmheim (1983: 33) legg fram eit felles bøyingsmønster for det han kallar "Fjordamåli", altså målføra i ytre Sogn, Sunnfjord og Nordfjord. Her ser paradigma noko annleis ut enn i bymåla Bødal tar for seg. Hankjønnsord blir bøygd slik: *ein båt/ein båte – båtennj – båta – båtannje* (Ølmheim 1983: 70). Ølmheim seier at svarabhaktivokalen i den ubundne eintalsforma *ein båte* er særlig levande i Sunnfjord og

²² Alle opplysningane om folketal er frå Statistisk sentralbyrå 2010.

<http://www.ssb.no/kommuner/region.cgi?nr=14>

²³ Kulturdepartementet 2007. <http://www.lovdatab.no/for/sf/ku/xu-20070401-0378.html#map013>

²⁴ Statistisk sentralbyrå 2009. <http://www.ssb.no/utgrs/arkiv/tab-2010-04-28-07.html>

Nordfjord, men at mange yngre språkbrukarar har kutta han ut (n.v. 71). Ifølgje Bødal (2003: 30) fins ikkje svarabhaktivokalen i substantiv i bymåla i Florø og Førde. Sølvsberg (1998: 73) antydar òg at han er på veg ut av maskuline substantiv i førdedialekten. Hokjønnsord har bøyingsparadigmet: *ei høgd – høgda – høgde – høgdenne* (Ølmheim 1983: 71). For inkjekjønnsorda legg han fram omtrent det same paradigmet som Bødal, men han har ikkje inkludert *ene*-endinga frå Florø bymål. I staden seier han at Sunnfjord og Nordfjord i tillegg til *a*-ending kan ha *å*-ending i bunden fleirtalsform, som i *huså* (n.v. 72).

Svake *a*-verb blir bøygd slik i sunnfjorddialekten: *kaste – kasta – kasta – kasta*, og *e*-verb blir bøygd slik: *leve – leve – levde – levd* (Bødal 2003: 29). Begge desse paradigma liknar altså dei i nynorsk og bokmål om vi ser bort frå presensforma. Bødal (n.v. 30) viser bøyingsparadigma for alle klassane av sterke verb, f.eks. 1. klasse: *bite – bite – beit – bete* og 4. klasse: *fare – fere – for – fåre*. Eit særmerkt trekk her er presensformene, der sunnfjordmålet har svarabhaktivokal. Her skil ikkje Bødal mellom bymåla i Florø og Førde og sunnfjordmål elles. Sølvsberg (1998: 72) viser ein tendens til at svarabhaktivokal i presens av sterke verb er på tilbakegang hos ungdom i Førde.

Gradbøying av adjektiv samsvarar med bøyingsmønsteret i nynorsk, og endingane er i sunnfjorddialekten *-are* og *-ast* i komparativ og superlativ (Bødal 2003: 28). I delar av distriktet får adjektiva svarabhaktivokal i sterk bøyning i hankjønn og hokjønn, som i "ein fine heste". Bødal understrekar at dette ikkje er gjennomført i bymåla i Florø og Førde (sst.). Ifølgje Ølmheim (1983: 74–75) har alle sunnfjordmåla svarabhaktivokal i slike tilfelle, men det kan ha skjedd ei endring byane i seinare tid.

Personlig pronomen i 1. person eintal subjekts- og objektsform er i førde- og florødialektane *eg* og *meg*. I 2. person eintal heiter dei tilsvarande pronomena *du* og *deg*, og det refleksive pronomenet er *seg* (Bødal 2003: 28). Så langt svarar pronomenformene til dei i nynorsk, men nokre av formene endrar seg i trykklett posisjon; *eg* blir *e*, *meg* blir *me*, og *deg* blir *de* (sst.). I fleirtalsformene av pronomena skil førdedialekten og florødialekten seg frå kvarandre. Begge har *vi* i subjektsforma av 1. person fleirtal. Men mens førdedialekten kan ha både *de* og *dåke* i 2. person fleirtal subjektsform, kan florødialekten berre ha *dåke*. I 3. person fleirtal subjektsform har førdedialekten *dei*, mens florømålet har *di*. Og i eigeformene i 1., 2. og 3. person fleirtal har førdedialekten høvesvis *vår*, *dåkka* og *deira*, mens florømålet har *våres*, *dåkkes* og *deires* (n.v. 28–29).

Både Førde- og Florø-dialekten har spørjepronomena *kem*, *ka* og *kår/kar* der nynorsk har *kven*, *kva* og *kor* (n.v. 29). Ølmheim (1983: 78) nemner òg uttalen *kæmm* for *kven* og

kvær, kor eller *kar* for *kor*. Eg har ikkje funne noko om dialektformene av *korfor, når, korleis* og *kva for ein/kva for nokre* i litteraturen om sunnfjorddialekten.

Verken Bødal, Ølmheim eller Sølvsberg seier noko spesifikt om nektingsadverb i sunnfjorddialekten. I målprøvane av førdedialekten som ligg ved avhandlinga til Sølvsberg, fins det fleire belegg på nektingsadverbet. I målprøven av ein 82 år gammal mann finn vi formene *ikkje* og *ikkjæ* (Sølvsberg 1998: 106). Forma *ikkjæ* fins òg i målprøven av ei 19 år gammal kvinne (n.v. 107).

Framover i arbeidet vil eg bruke samlenemningane *Sunnfjord* og *sunnfjorddialekten* når eg viser til dette området.

2.4.1.3 Glåmdalen

Sona *mittglomdal.no* er knytt til avisa *Glåmdalen*. Avisa kjem ut seks dagar i veka og har hovudredaksjon i Kongsvinger og avdelingsredaksjonar i Solør, Skarnes og Nes. Dekningsområdet til *Glåmdalen* er naturleg nok dei sju kommunane i distriktet Glåmdalen: Kongsvinger, Eidskog, Grue, Åsnes, Våler, Nord-Odal og Sør-Odal, i tillegg til Nes i Akershus. Kongsvinger (17377 innbyggjarar) og Nes (18827 innbyggjarar) er dei to mest folkerike kommunane i dekningsområdet. Dei andre kommunane i regionen hadde per 2010 mellom 3870 (Våler) og 7791 (Sør-Odal) innbyggjarar.²⁵ Etter Hallfrid Christiansens dialektkart, som er gjengitt i Helleland og Papazian (1981: 46), høyrer talemålet i dei nemnte Hedmarks-kommunane til målområdet opplandsk, mens Akershus-kommunen Nes høyrer inn under det mid-austlandske målområdet.

Sju av dei åtte kommunane i dekningsområdet til *Glåmdalen* ligg i Hedmark fylke, mens den siste ligg i Akershus. I begge desse fylka har alle kommunane valt bokmål som kommunikasjonsspråk med overordna organ.²⁶ I Hedmark fylke har 22906 grunnskolelevar bokmål som første opplæringsmål, mens seks har samisk og ingen har nynorsk. I Akershus er tala 73999 for bokmål, null for nynorsk og tre for samisk.²⁷

Det har vore forska lite på dialektane i glåmdalsområdet dei siste åra. Det fins nokre ordsamlingar og visebøker, men av akademiske arbeid er Amund B. Larsen si undersøking av solørmålet frå 1894 nærast det einaste eg har funne. Her kjem eg derfor i stor grad til å stø

²⁵ Alle opplysningane om folketal er frå Statistisk sentralbyrå 2010.

<http://www.ssb.no/kommuner/region.cgi?nr=04>, <http://www.ssb.no/kommuner/region.cgi?nr=02>

²⁶ Kulturdepartementet 2007. <http://www.lovdataby.no/for/sf/ku/xu-20070401-0378.html#map004>

²⁷ Statistisk sentralbyrå 2009. <http://www.ssb.no/utgrs/arkiv/tab-2010-04-28-07.html>

meg på ei hovudoppgåve av Holland (2001) om dagens hedmarksdialekt. Dette arbeidet tar ikkje for seg dialektane i heile Hedmark fylke, men fokuserer på regionen som Holland (n.v.) omtaler som Hedmarken. Den omfattar kommunane Stange, Hamar, Løten og Ringsaker. Holland har altså ikkje undersøkt glåmdalsdialekten direkte. Likevel vil eg bruke funna hennar som ein peikepinn på korleis glåmdalsdialekten ser ut sia Hedmarken er naboregionen til Glåmdalen, og begge regionane hører til målområdet opplandsmål (Øverby 1974: 11). På same måte vil eg også bruke ei hovudfagsoppgåve av Langli (2002) om dialekten i Vang i Hamar kommune. For å få eit innblikk i den tradisjonelle dialekten i området vil eg også bruke ein artikkel av Borg (1974) om opplandsmålet. I tillegg kjem eg til å bruke oversikta til Øverby (1974) som viser tradisjonelle særtrekk ved dialektane på indre Austlandet. Der det trengs, vil eg supplere med opplysningar frå dei målgeografiske karta til Skjekkeland (1997). På eit par punkt vil eg også referere til ei upublisert semesteroppgåve av Svendsen (1999) om dialekten i Nord-Odal.

Bøyingsparadigmet for hankjønnsord ser i opplandsmålet slik ut: *en bil – biln – biler – bila*. Eg har ingen kjelder på eintalsformene, men eg reknar det som trygt å gå ut frå at det er desse formene som er i bruk. Ifølgje Skjekkeland (1997: 264) hører opplandsmålet til det målområdet som har *r*-ending i alle klassar av ubundne fleirtalsformer i hankjønn og hokjønn. I bunden form fleirtal har all opplandsk *a*-ending (Borg 1974: 44). Denne *a*-endinga finn vi òg i målprøvane til Holland (2001: 122), f.eks. i ordet *trehjulsykla*.²⁸ Paradigmet for svake hokjønnsord ser slik ut: *ei/en sie – sia – sier – sien/siene*. Den ubundne fleirtalsforma baserer eg igjen på Skjekkeland (1997: 264). Ifølgje Borg (1974: 44) har størsteparten av distriktet *en*-ending i bunden form fleirtal, mens Eidskog og Vinger (no ein del av Kongsvinger kommune) har *ene*-ending. I ei av målprøvane til Holland (n.v. 121) finn vi artikkelen *en* framfor den ubundne eintalsforma *hytte*, men *a*-ending i den bundne eintalsforma *hytta*. Eg har ikkje funne opplysningar om hokjønnsord frå *er*-klassen (*ei bygd*) eller omlydsklassen (*ei bok*). Borg (1974: 44) opplyser at inkjekjønnsord blir bøygd på denne måten: *et hus – huse – hus – husa*.

Svake verb av *a*-klassen blir ifølgje Borg (1974: 43–44) bøygd på denne måten: *å kaste – kaste(r) – kaste – har kaste*. Han meiner at berre hedmarksregionen og Biri har *r*-laus ending i presens, mens resten av opplandsmålet har *er*-ending i presens. Veksling mellom *kaste*, *kasta* og *kastet* i preteritum er ein av dei språklige variablane som Holland (2001) bruker i undersøkinga av hedmarksdialekten. Hos dei yngre informantane finn ho stor

²⁸ Formene eg hentar frå målprøvane til Holland (2001), er opphavlig skrivne med lydskrift, men eg har brukt ein talemålsnær normalortografi.

overvekt av forma *kasta* (n.v. 104–110), mens ho i ei kontrollgruppe sett saman av språkbrukarar frå foreldregenerasjonen til dei yngre informantane, berre finn *kaste* (n.v. 111). Borg (1974: 43–44) seier at også svake verb av e-klassen har r-laust presens i enkelte geografiske område. Eg har ikkje funne fleire opplysningar om bøyinga av slike verb, men eg reknar med at paradigmet ser slik ut: *å leve – leve(r) – levde – har levd*. Når det gjeld sterke verb, meiner både Borg (n.v. 43) og Skjekkeland (1997: 270) at opplandsmålet har *er*-ending i presens, som i *kjemer* og *søver*. Holland (2001: 104–111) undersøker vekslinga mellom inga ending og *er*-ending i presens av verb som *å finne*, og finn ut at begge framleis er i bruk. Både Borg (sst.) og Skjekkeland (n.v. 271) hevdar at dialekten har *i*-ending i supinumsforma av sterke verb, som i *har finni*. Holland (2001: 104–111) undersøker vekslinga mellom former som *har fønni*, *har finni* og *har funnet*, og finn belegg for alle formene, men klart flest for forma *har funnet* hos ungdomsinformantane. Hos dei vaksne informantane finn ho flest belegg for forma *har fønni*. Eg har ikkje funne opplysningar om preteritumsforma av sterke verb av 3. klasse, som *å finne* inngår i, jf. Venås 1990: 111), men ut frå opplysningane eg har, meiner eg vi kan sette opp dette paradigmet: *å finne – finn(er) – fann/fant – har fønni/finni/funnet*.

Skjekkeland (1997: 268) hevdar at opplandsmålet høyrer til det området som har *je*, *jæ* eller *jæi* som personlig pronomen i 1. person eintal subjektsform. I målprøvene til Holland (2001: 121–123) finn eg eksempel på formene *je* og *jæ*. Ifølgje Svendsen (1999) er *jæi* i ferd med å ta over for den tradisjonelle forma *jæ* i Nord-Odal. Skjekkeland (1997: 269) plasserer dialekten i området som har *vi* eller *ve* som personlig pronomen i 1. person fleirtal subjektsform. Eg finn forma *vi* hos Holland (sst.). Når det gjeld 3. person fleirtal subjektsform, finn eg forma *dom* i ei av målprøvene til Holland (n.v. 123). Eg finn òg den refleksive forma *sej* (sst.). Ifølgje Langli (2002: 56) har den tradisjonelle dialekten i Vang i Hamar *dom* i 3. person fleirtal, både i subjekts- og objektsform. I det moderne målet går *dom* ofte over til *dem* og *de*, men den sistnemte forma er sjeldnare (sst.). Andre personlige pronomen har eg ikkje funne opplysningar om.

I målprøvene til Holland (2001: 121–123) finn eg to ulike former av nektingsadverbet: *itte* og *'ke*. *'ke* opptrer i samansette uttrykk som *ha'ke* og *æ'ke*. Svendsen (1999) viser at forma *ikke* fins i Nord-Odal, og at ho er i ferd med å ta over for *itte*.

I resten av arbeidet kjem eg til å referere til dette dialektområdet med dei generelle nemningane *Glåmdalen* og *glåmdalsdialekten*.

2.4.2 Samtaleemne

Materialet som ligg til grunn for denne studien, er sett saman av debattinnlegg som eg har delt inn i sju kategoriar ut frå kva som er emnet for avissaka debatten tar utgangspunkt i. Som eg kjem tilbake til i del 3.1.1, er det ikkje nødvendigvis slik at heile diskusjonstråden handlar om dette emnet, for debattantane er ikkje alltid like fokuserte og har ein tendens til å skli ut i digresjonar. Alle diskusjonstrådane tar likevel utgangspunkt i eitt av desse overordna emna: *nyheiter, sport, kultur, kriminalitet, bil og trafikk, politikk og næringsliv*. I del 3.1.1 vil eg også gå nærare inn på kva type saker kvar av desse emnekategoriene omfattar.

Årsaka til at eg har valt å bruke samtaleemne som ein språkekstern faktor i analysen av materialet mitt, er at eg ønskjer å undersøke om debattantane på dei tre nettstadene varierer språket sitt emnet for debatten. Språklig variasjon etter samtaleemne er eitt av forskingsområda som har vakse fram med utviklinga av sosiolingvistikken: "Since 1958 much research has accrued [...] which demonstrates that an individual's speech patterns are in part dependent on the person to whom he is talking, **the topic of the discourse** and the setting in which it takes place" (Giles og Powesland 1997: 232, mine uthevingar). William Labov er ein av dei som har studert språklig variasjon etter samtaleemne, og i sosiolingvistiske forskingsintervju har han utnytta språklig variasjon etter samtaleemne som eit metodisk grep. Labov er ute etter å observere og studere det minst formelle talemålet til intervjuobjekta sine. Han kallar denne stilen *the vernacular*, "the style in which the minimum attention is given to the monitoring of speech" (1972a: 208). Som ein teknikk for å få tilgang til denne språkstilen, har han funne fram til samtaleemne som er særleg godt eigna til å få intervjuobjekta til å gløyme den formelle intervjusituasjonen og såleis snakke meir avslappa. Tre av dei mest verknadsfulle emna til dette formålet er ifølgje Labov (1972b: 114) "death and the danger of death", "sex and all of the machinery for interaction between sexes" og "moral indignation". I del 4.3.7 vil eg sjå nokre av funna mine i lys av det sistnemnte emnet. I tillegg har Labov brukt samtaleemne som barneleikar og generelle minne frå barndommen for å nå fram til *the vernacular* (2006 [1966]: 69, 2002: 91). I del 4.4.1.1 viser eg eit eksempel frå materialet der ein debattant endrar språket sitt etter at emnet barndomsminne kjem inn i samtalen.

Også Blom og Gumperz (1972) har lagt vekt på at samtaleemne kan vere bakgrunnen for språklig stilskifte. I ein velkjent studie frå Hemnesberget i Nordland undersøker dei kodeveksling mellom ranamål og eit slags talt bokmål. Dei deler kodevekslinga inn i to typar: *situasjonsskifte* og *metaforisk skifte*. Den sistnemnte typen heng saman med "særskilte slag **emner** eller saksforhold" (n.v. 117, mi utheving). Eg vil ta for meg forskjellen mellom dei to

formene for kodeveksling i del 2.5.1, og i del 4.4.1.4 vil eg vurdere om vi kan analysere funna frå materialet mitt ut frå teoriane om situasjonsskifte og metaforisk skifte.

Eg er ikkje den første som undersøker språklig variasjon på nettet i samband med variabelen samtaleemne. Hinrichs (2006) studerer veksling mellom standard engelsk og jamaikansk kreolspråk i jamaikansk nettkommunikasjon, og han undersøker m.a. om kodeveksling kan henge saman med endring i samtaleemne. Resultata hans viser f.eks. at straks samtalen beveger seg over på religiøse emne, går dei språkbrukarane som tidligare har brukt kreolspråk, over til standard engelsk. Hinrichs hevdar også at emne som inneber høg grad av personlig engasjement, har ein tendens til å bli diskutert på kreolspråk (n.v. 55). I analysen av eventuelle forskjellar mellom emnekategoriene i materialet mitt (del 4.3) kjem eg til å legge mykje vekt på samanhengen mellom engasjerande samtaleemne og dialektbruk.

Som eg skreiv om i innleiinga, gjennomførde eg i ei semesteroppgåve ei liknande undersøking som eg gjer i denne avhandlinga. Eg såg på samanhengen mellom samtaleemne og dialektbruk i skriftspråket på nettstaden *nordlending.no* (Evjen 2009). Her brukte eg fleire kategoriar enn eg gjer i denne undersøkinga, men alle kategoriane eg bruker no, var representert av tilsvarande kategoriar i semesteroppgåva. Her fann eg mykje dialektbruk i kategoriane som eg kalla *kriminalitet, bil, skuter og vei* og *Bodø/Glimt og sport for øvrig*. Kategoriane *været* og *distrikt* hadde den aller høgaste dialektprosenten, men desse er ikkje representert i denne avhandlinga. Kategoriane *næringsliv, kultur* og *diverse nyhetsaker* inneheldt mindre dialektbruk, og aller minst var det i kategorien *politikk*.

Emna med lågast dialektforekomst, f.eks. næringsliv og politikk, har kanskje ein meir "urban" og "seriøs" karakter enn dei andre emna. Dersom det er slik at nokre samtaleemne blir oppfatta som meir "seriøse" enn andre, og at språkbrukarar bruker eit anna språk når dei diskuterer slike emne enn om dei hadde diskutert meir "useriøse" eller "folkelige" emne, kan dette henge saman med språkholdningar generelt. Johansen (1998) har undersøkt holdningar blant ungdomsskoleelevar til ulike skriftspråkvariantar. Det gjorde han m.a. ved å vise elevane ein tekst som var skriva på såkalla radikalt bokmål og ein som var skriva på såkalla konservative bokmål. Vidare bad han elevane om å karakterisere personane som hadde skriva tekstane. Resultatet var at forfattern bak den "radikale" teksten blei karakterisert som "ikke særlig rik", "ikke så nøye med klærne", "gammeldags" og "bondsk" (n.v. 113). Personen som hadde skriva den konservative teksten, fikk omvendt karakteristik (n.v. 111). Denne undersøkinga dreidde seg rett nok om holdningar til offentlige skriftnormalar, mens eg undersøker ein type skriftspråk som vik av frå skriftnormalane våre. Likevel kan ein jamføre

eit dialektprega, ikkje-normrett skriftspråk med normrett skriftspråk med utprega bruk av "munnlig"-liknande former. Dersom oppfatningane til ungdomsskoleelevane i Johansen si undersøking er representative for oss alle, vil vi kanskje heller bruke eit dialektprega skriftspråk når emnet blir opplevd "folkelig", enn når ein diskuterer kultur og politikk. Eg kjem tilbake til skiftspråkhaldningar og språkhaldningar generelt i del 4.3.2.

2.5 Relevant språkteori

I denne delen av teorikapitlet vil eg ta for meg sosiolingvistisk teori som egentlig er mynta på munnlig språkbruk. Sjølv om kommunikasjonen eg studerer, viser seg som skrivne ord på ein skjerm, meiner eg at det kan vere interessant å sjå funna mine i lys av etablerte teoriar om munnlig bruk av språket. Som eg var inne på i del 2.2, har nettspråk fleire fellestrekk med munnlig språkbruk. For eksempel er dialektinnslaga i språkbruken som er forskingsobjektet mitt, utprega munnlege trekk. I det som følgjer, vil eg ta for meg sentrale teoriar knytt til *kodeveksling* og *språklig tilpassing* og slik skaffe meg eit grunnlag for seinare i arbeidet å kunne diskutere om vi finn eksempel på dette i materialet. Eg presenterer ikkje alt av teori her; relevante sider ved teoristoffet blir utdjupa i analysen i kapittel 4.

2.5.1 Kodeveksling

Kodeveksling betyr kort sagt tilfelle der språkbrukarar vekslar mellom forskjellige språkkodar, altså språk eller varietetar (Swann mfl. 2004: 40). Sosiolingvistar har brukt ulike tilnæringsmåtar i studiet av kodeveksling. Vi kan dele forskingsfeltet inn i tre tradisjonar: den *grammatiske*, den *sosiokulturelle* og den *interaksjonelle* tilnærminga (Aarsæther 2004: 17). Forskarar som opererer innfor den grammatiske tradisjonen, studerer veksling mellom to eller fleire språkkodar på mikronivå. Dei fokuserer på "hvilke språklige elementer som går an og ikke går an å føye sammen reint språklig sett" (sst.). Innafor den sosiokulturelle tradisjonen fokuserer ein i staden på dei kommunikative prosessane som ligg bak valet av kode (n.v. 18), mens den interaksjonelle tilnærminga er ei vidareføring av den sosiokulturelle og fokuserer særlig på "måten kodeveksling [...] kan tjene kommunikative formål i tospråklig samhandling" (n.v. 20).

I tillegg fins det ulike måtar å definere kodeveksling på. Nokre forskarar meiner termen må avgrensas til berre å gjelde veksling mellom to eller fleire språkssystem *innafor ein og same samtalesituasjon*, mens andre meiner at vi kan bruke termen også om veksling

mellom ulike samtalsituasjonar (Røyneland 2008b: 49). Vi kan dele veksling mellom ulike kodar i éin og same samtalsituasjon inn i tre typar: korte innskot, veksling mellom ytringar eller taleturar, og veksling innafor den same ytringa, setninga eller ordet (n.v. 49–50).

I del 2.4.2 var eg så vidt innom ein av dei mest kjente studiane om kodeveksling, nemlig undersøkinga til Blom og Gumperz (1972) om kodeveksling i lokalsamfunnet Hemnesberget i Nordland. Her hevdar dei at hemnesværingane vekslar mellom to språklige repertoar i munnlig tale, nemlig ranamål og eit slags talt bokmål (n.v. 99). Innbyggjarane meistra begge kodane og kunne veksle mellom dei ut frå kva sosial situasjon dei var i. Undersøkinga har vore utsett for krass kritikk i ettertid, særlig på grunn av metodiske forhold (Venås 1991, Mæhlum 1987). Likevel har ho fått stor betydning for den vidare forskinga på kodeveksling. Ifølgje Røyneland (2008b: 48) var det frå og med denne studien at kodeveksling fekk status som eit legitimt forskingsområde. Tidligare hadde ein gjerne sett på vekslinga som "slurv" på grunn av manglande innsikt i det eine språket.

Studien la også grunnlaget for omgrepsparet som Gumperz i eit seinare arbeid kalla "*vi*"-koden og "*dei*"-koden (1982). Med "*vi*-koden" meiner han eit slags gruppespråk som blir assosiert med interne og uformelle aktivitetar, og "*dei*-koden" er ein motsett kode, som blir assosiert med meir formelle og seriøse situasjonar (n.v. 66). Språkbrukarar kan veksle mellom kodane om dei opplever den eine koden som meir passende enn den andre i ein viss kontekst. Eg vil ta i bruk termene "*vi*"-kode og "*dei*"-kode i analysen av materialet i del 4.3.3.

Som eg allereie har nemnt, introduserte Blom og Gumperz eit skilje mellom *situasjonsskifte* og *metaforisk skifte* i studien frå Hemnesberget (1972: 115). Situasjonsskifte blir forklart som kodeveksling som heng saman med endringar i *situasjonen* rundt språkproduksjonen. Til grunn for teorien ligg ein tanke om at sosiale normer avgjer kva for kode som passar for ein aktuell situasjon. Blom og Gumperz blei vitne til slik veksling da dei opplevde at hemnesværingane endra språket etter kven dei snakka til: Når dei vendte seg til Blom og Gumperz, snakka dei annleis enn når dei snakka seg imellom (sst.). Dei tilpassa språket etter situasjonen, nærare bestemt adressaten. Om det skjer ei veksling i den språklige koden som ikkje kan settas i samband med ei situasjonell endring, omtaler Blom og Gumperz vekslinga som ei metaforisk veksling: Språkskiftet heng snarare saman med "særskilte slag emner eller saksforhold enn med forandring i sosial situasjon" (n.v. 117). Termen *metaforisk skifte* kjem av at språkbrukarane nyttar koden dei vekslar til, som ein metafor – han skal gi assosiasjonar til noko utafør seg sjølv. I del 4.4.1.4 vil eg vurdere om desse termene kan brukas på funn i materialet mitt.

Gumperz (1982: 59) definerer kodeveksling som "the juxtaposition within the same speech exchange of passages of speech belonging to two different grammatical systems or subsystems". Peter Auer (1999: 310) meiner at vekslinga i tillegg må vere *meningsberande* for at vi skal kunne kalle ho kodeveksling: "In CS [codeswitching], the contrast between one code and the other [...] is meaningful, and can be interpreted by participants, as indexing [...] either some aspects of the situation [...], or some feature of the codeswitching speaker [...]". Auer hevdar at vekslinga må bety noko for samtalepartnarane viss vi skal definere ho som kodeveksling. Etter Blom og Gumperz kan det at ein person bruker éin kode på arbeidsplassen og ein annan heime, tolkas som kodeveksling med bakgrunn i *situasjonsskifte*. Denne typen veksling er det vi kallar *situasjonsekstern kodeveksling*. Ho vil ikkje bli oppfatta som veksling av samtalepartnarane til den som vekslar, for dei får vere vitne til berre éin av kodane. Derfor er vekslinga ikkje *meningsberande*. I tilfelle der vekslinga ikkje er *meningsberande*, meiner Auer at vi ikkje har å gjere med kodeveksling, men med det han kallar "language mixing" eller "fused lects" (sst.). Auer meiner altså at berre *situasjonsintern* veksling kan vere *meningsberande* for deltakarane og såleis kan kallas kodeveksling. Vidare deler Auer kodeveksling inn i dei to slaga *insertional* og *alternational* kodeveksling (n.v. 313–314). Aarsæther (2004: 44) har sett om desse termene til *innskoten* og *alternerande* kodeveksling. Innskoten kodeveksling betyr at "språkbrukeren vender tilbake til den 'ordinære' koden etter et visst, forutsigbart punkt, f.eks. etter at et enkeltord eller ei enkeltsetning på det andre språket er føyd inn i det som i en gitt situasjon kan sies å være samhandlingspråket" (sst.). Etter ei innskoten kodeveksling vil altså språkbrukaren alltid vende tilbake til den koden vi kan kalle den ordinære. Dette skjer ikkje nødvendigvis i alternerande kodeveksling. Her er det ikkje sikkert at språkbrukaren vender tilbake til den opphavlege koden etter ei gitt tid, og vekslinga opnar for at samtalepartnaren følgjer opp og fører samtalen vidare i den andre koden (sst.). I del 4.4.1.3 vil eg drøfte funn frå materialet mitt i lys av desse termene.

2.5.2 Språklig tilpassing

I utgreiinga om konseptet *situasjonsskifte* nemnte eg at Blom og Gumperz opplevde at språket til innbyggjarane på Hemnesberget endra seg når dei sjølv var til stades i samtalesituasjonen. Denne typen endring heng saman med det Labov (2006 [1966], 1970) har kalla *observatørens paradoks*, nemlig at språkbrukarar har ein tendens til å endre språket sitt i nærværet av ein forskar. Dette er ei form for *språklig tilpassing*, noko eg no skal gjere kort greie for.

Tilpassings- eller akkommodasjonsteorien blei utvikla av Howard Giles mfl. (1973). Teorien går ut på at individ kan tilpasse språket sitt etter språket til samtalepartnarane. Ei form for språklig tilpassing er *konvergens*, nemlig at språkbrukaren gjer språket sitt meir likt språket til samtalepartnaren. Giles og Powesland samanfattar teorien slik:

The essence of the theory of accommodation lies in the social psychological research on similarity-attraction. This work suggests that an individual can **induce another to evaluate him more favourably by reducing dissimilarities between them**. The process of speech accommodation operates on this principle and as such may be a reflection of **an individual's desire for social approval** (Giles og Powesland 1997: 233, mine uthevingar).

Ifølgje Giles og Powesland betyr konvergens at vi reduserer dei språklige forskjellane mellom oss sjølv og den vi snakkar med, for at samtalepartnaren skal akseptere eller oppvurdere oss. Motivasjonen bak konvergens er gjerne eit ønske om sosial aksept. Konvergens kan vere ein måte å vise solidaritet til den vi snakkar med, eller aksept og semje overfor holdningane deira. Det er eit signal om at vi er på same "bølgjelengd" som kommunikasjonspartnaren (Holmes 2008: 242). Vi kan også gjere det motsette og *divergere*, altså gjere språket vårt mindre likt språket til samtalepartnaren. Det kan avspegle negative holdningar til dei vi snakkar med, eller eit ønskje om å fortelje at "vi er ikkje like". Teoriane om konvergens og divergens er basert på eit prinsipp om at "[g]raden av gjensidig sympati og anerkjennelse mellom to kommunikasjonspartnere er avhengig av at de har like eller beslektede holdninger, oppfatninger eller atferdsmønstre" (Mæhlum 2008: 113). I del 4.4.2 vil eg analysere utdrag frå materialet mitt i lys av tilpassingsteori. Teorien vil også vere relevant der eg tar for meg identitet og tilhørsel i del 4.3.8.

Kapittel 3: Materiale og metode

I dette kapitlet vil eg gjere greie for framgangsmåten eg har brukt i innsamlinga og behandlinga av materialet. Eg vil forklare vala eg har gjort når eg har kategorisert debattinnlegga etter emne, kva kriterium eg har lagt til grunn for å seie at eit innlegg er skrive på dialekt, og kva type metode eg bruker i analysen av materialet. Eg vil også diskutere fordelar, ulemper og ikkje minst etiske utfordringar med å jobbe med materiale frå nettet.

3.1 Materialeinnsamling

Alle medlemmane på nettsamfunnet Origo²⁹ har muligheit til å legge inn kommentarar på artiklar som avisene i A-pressa har lagt ut på nett. Nettavisene *an.no* (*Avisa Nordland*), *firda.no* (*Firda*) og *glomdalen.no* (*Glåmdalen*) er mellom dei som er omfatta av dette samarbeidet. Desse nettavisene er knytt opp mot dei tre Origo-sonene *nordlending.no*, *Fjordaglimt* og *mittglomdal.no*. Materialet som er grunnlaget for denne undersøkinga, er i utgangspunktet sett saman av alle debattinnlegga som blei publisert i debattfelte under artiklar som låg ute på sidene til dei tre nettavisene mellom 16. september og 3. oktober 2010. Enkelte av artiklane var publisert før denne perioden, men dei låg framleis ute på sidene til nettavisene da eg samla inn materialet, og derfor er òg desse artiklane tatt med i materialet. Ordvekslingane i diskusjonstrådane under avisartiklane kan halde fram i nokså lang tid etter at artikkelen er publisert. Derfor har eg valt å ta med kommentarar som var publisert til og med 7. oktober 2010. Fleire av ordvekslingane har trulig òg vore aktive etter denne datoen. Det kan også hende at nokre innlegg har blitt fjerna av moderatorar etter innsamlingsperioden, men eg har ikkje inntrykk av at dette er vanlig. Debattantane sjølv har ikkje muligheit til å fjerne kommentarar når det har gått meir enn 30 minutt sia dei blei publisert.

Etter innsamlingsperioden satt eg igjen med 1064 innlegg frå *nordlending.no* og 1078 frå *mittglomdal.no*, men berre 496 frå *Fjordaglimt*. Kva denne skeivskapen i materialet kjem av, er vanskelig å seie sikkert. *Fjordaglimt* har 3814³⁰ medlemmar mot 7864 i *nordlending.no*, så medlemstal kunne vere ei forklaring. Det ser likevel ikkje ut til å vere nokon automatikk i at nettstaden med flest medlemmar har flest kommentarar til avisartiklane. *mittglomdal.no* har

²⁹ Sjå del 1.3 for informasjon om nettsamfunnet.

³⁰ Medlemstala er henta frå sidene til dei tre sonene 2. november 2010.

berre 2607 medlemmar og såleis færrest av alle, men trass i det er dette den nettstaden eg har mest materiale frå. Eg innsåg i alle fall at slike mishøve kunne vere øydeleggende for undersøkinga, og at eg måtte samle inn fleire innlegg frå *Fjordaglimt*. Eg supplerte derfor denne delen av materialet med ein ny innsamlingsperiode frå 24. oktober til og med 11. november 2010 og enda da med 1064 innlegg frå *Fjordaglimt*.

3.1.1 Kategorisering

Eg samla materialet i tre excel-dokument, der kvar enkelt emnekategori³¹ fekk eit rekneark (sjå vedlegg nr. 1–21). Her tok eg for meg artikkel for artikkel og noterte nettadresse, tal på innlegg totalt, tal på innlegg som var skriva på dialekt, og kor stor prosentdel desse utgjorde av materialet på kvar nettstad. Eg delte diskusjonstrådane inn i sju ulike kategoriar ut frå emnet til artikkelen dei hørte til. Målet med dette var å få oversikt over kor stor prosentdel av innlegga i kvar kategori som var skriva på dialekt³² og såleis undersøke om dialektbruken varierte etter samtaleemne. Eg har kalla dei sju emnekategoriene *nyheiter*, *sport*, *kultur*, *kriminalitet*, *bil og trafikk*, *politikk* og *næringsliv*. Det er ikkje sikkert at alle debattinnlegga i ein tråd handlar om det same som er emnet for saka dei hører til. Diskusjonane inneheld ofte digresjonar, og derfor kan ein tråd femne om fleire ulike emne. Eg kategoriserer likevel trådane etter emnet for saka dei hører til. Eg har gitt kvar tråd ein tittel etter innhaldet i saka som den tar utgangspunkt i. Desse titlane er mine eigne og samsvarar ikkje nødvendigvis med titlane på avissakene som trådane hører til.

Emnekategoriene *Nyheiter* er den mest omfattande og kanskje den mest generelle kategorien. Her har eg plassert artiklar som tar for seg nyheiter av varierende slag. Frå *nordlending.no* kan eg nemne som eksempel ei sak om at det nye stasjonsbygget på Bodø Jernbanestasjon er ferdig og ei sak om at Høgskolen i Bodø skal få universitetsstatus. Sportskategorien skulle vere ganske sjølvforklarande; her finn vi artiklar frå sportsverda. På *nordlending.no* handlar dei fleste artiklane i denne kategorien om fotballklubben Bodø/Glimt, og på *mittglomdal.no* handlar dei fleste om klubben Kongsvinger IL. I hovuddekningsområdet til *Firda* og *Fjordaglimt* har dei ikkje noko toppfotballag på herresida, så her har sportskategorien langt færre innlegg enn på dei to andre nettstadene. *Kultur*-kategorien omfattar kultursaker som platemeldingar eller f.eks. omtale av ein lokal kulturperson. Kategorien *kriminalitet* inneheld artiklar om lovbrøt, ofte tjuveri eller hærverk. Denne gruppa

³¹ Sjå del 1.3 for forklaring av termar som emnekategori og diskusjonstråd.

³² Sjå del 3.1.2 for utgreiing av kriteria eg legg til grunn for å seie at eit innlegg er "skriva på dialekt".

er nokså lita på alle tre nettstadene, og noko av årsaka til det kan vere at avisene er meir restriktive når det gjeld å opne for kommentarar på slike artiklar. Det er f.eks. sjeldan ein kan debattere grove valdssaker. I kategorien *Bil og trafikk* har eg plassert artiklar som handlar om emne som vegbygging, trafikkuhell og fartsoverskridingar. Kategorien *politikk* inneheld stort sett saker frå lokalpolitikken, men òg enkelte rikspolitiske saker, og i næringslivskategorien finn vi f.eks. omtaler av nye bedrifter eller konkursar.

Ikkje sjeldan kom eg over artiklar som godt kunne vore plassert i fleire av kategoriane. For eksempel kunne ei sak om at det politiske partiet NKP veks i Salten-distriktet, vore plassert i både *politikk* og *nyheiter*. Likeins kunne òg saker frå kategoriane *kriminalitet*, *bil og trafikk* eller *næringsliv* vore plassert i *nyheiter*. Derfor har eg sett som generell regel at nyheitskategorien blir overstyrt av dei andre. Nokre få gongar har det òg oppstått "konfliktar" utan at nyheitskategorien har vore innblanda. Ei sak om eit biltjuveri kunne høre inn under både *kriminalitet* og *bil og trafikk*. Det same kunne ei tenkt sak om bilistar som blei bøtelagt for å køyre med sommardekk på vinterføre. Når det gjeld desse tenkte tilfella, ville eg ha plassert den første saka under *kriminalitet* og den andre under *bil og trafikk*. Eit biltjuveri er eit tjuveri på lik linje med andre, og eg syns at nettopp tjuveri-aspektet bør vege tyngre enn at objektet er ein bil. Eit kjenneteikn ved sakene i *kriminalitet*-kategorien er at dei omtaler handlingar som har potensial til å provosere lesaren, og det trur eg ei sak om biltjuveri har. Når det gjeld saka om feil bruk av sommardekk, trur eg ikkje at lesarane ville ha oppfatta saka som ei kriminalsak, men snarare som ei sak som vedkjem dei sjølv og deira ferdsel i trafikken. Inntrykket mitt av slike saker er at debattantane ikkje lar seg provosere av lovbrutarane, men heller identifiserer seg med dei. I tvilstilfelle er det mi subjektive vurdering som til sjuande og sist blir avgjerande. Det viktigaste for truverdet i materialet er at eg prøver å vere konsekvent og plasserer liknande saker i same kategori.

3.1.2 Kva er eit dialektinnlegg?

Også da eg skulle avgjere kva for innlegg eg skulle kalle dialektinnlegg, trengte eg nokre retningslinjer å gå etter. Aller først treng formuleringa *å skrive på dialekt* ei avklaring. Som eg også var inne på i del 2.3, treng ikkje det å bruke dialekttrekk i skriftspråket nødvendigvis bety å bryte skriftspråksnormene. I Noreg kan vi velje mellom målformene nynorsk og bokmål, og i kvar av desse finn vi mange alternative former. I teorien kan kanskje enkelte språkbrukarar oppleve at dei nærast "skriv på dialekt" sjølv om dei held seg til ein av skriftnormalane. Likevel ser vi også at mange språkbrukarar på enkelte arenaer tar i bruk eit

skriftspråk som vik av frå dei offentlige skriftnormalane. I denne studien bruker eg dialekttermen i tydinga "avvik frå skriftnormalane". I avsnitta som følgjer, vil eg snevre inn denne dialektdefinisjonen ved å legge fram fleire kriterium for kva eg reknar som dialektinnlegg.

Eg måtte ha klare reglar for kva for språklige avvik som skulle kvalifisere til å seie at eit innlegg var skriva på dialekt. Skulle eg f.eks. straks stemple eit innlegg frå *Fjordaglimt* som "dialektinnlegg" om forfattaren ein einaste gong bytte ut *ein* med *en*? Nei, sjølv sagt ikkje. Eit slikt avvik treng ikkje å skriva seg frå dialekten til forfattaren, men heng meir trulig saman med feilskrivning eller innblanding av bokmålsnorma hos ein nynorskbrukar. På *Fjordaglimt* fann eg mange eksempel på at nynorsk og bokmål var blanda saman i eitt innlegg. Eit eksempel er dette:

1

Dette er alltid trist, og det er verken første eller siste gang dette oppleves.

I reportasja over kjem det fram " Det er forferdeleg at borna skal måtte oppleve noko slikt" Dette er fælt å sjå for oss som foreldre" Dei sprang etter bussen, og vart ståande med gjerdet og gråte høglydt" Kanskje man som foreldre her skulle tenkt seg om noen ganger? hvor lurt er det å samle elvene til avskjed med massehysteri ?

Det var nok ein grunn til at dei måte reise, truleg ei avgjerd som lå til grunn, og som må aksepteras. Noreg kan ikkje "ta vare på alle" om vi vil eller ikkje, vi klarar knapt å ta vare på våre egne i dette landet.

(F.-T. E. i tråden "Avskjed med serbarane", *Fjordaglimt*)

Eg reknar ikkje slike innlegg som dialektinnlegg. Ut frå det vi veit om opplæringsmål i grunnskolen i Sogn og Fjordane, er det trygt å gå ut frå at dei fleste innbyggjarane her har, eller har hatt, nynorsk som hovudmål (jf. del 2.4.1.2). Likevel bruker ein del av dei bokmål når dei debatterer på *Fjordaglimt*, og mange blandar også dei to målformene. Eg vil tru at denne blandinga har bakgrunn i ein komplisert skriftspråksituasjon der språkbrukarane stadig blir eksponert for begge målformene. Eg vil seie litt meir om denne blandinga i del 4.4.1.2. Situasjonen er ikkje den same for språkbrukarane på *nordlending.no* og *mittglomdal.no*. Her har dei aller fleste bokmål som hovudmål, og eg fann ingen innlegg herifrå med blanding av bokmål og nynorsk. Men i enkelte innlegg, særlig på *nordlending.no*, bruker ein dialektskribent ord som tilfeldigvis fell saman med nynorsknorma, som i innlegg 2.

2

Der e vel nok av de som **treng penga**, men kun ett foretak som kan få per år... u-hjelp og anna hjelp **tel** andre land gir vi vel nok av, på tide å **tenk** på **vårres eiga nu**..³³

(L. S. i tråden "Kry og Parkenfestivalen", *nordlending.no*)

³³ Alle uthevingane i sitata i del 3.1.2 er mine egne.

I dette innlegget reknar eg dei utheva orda som dialektinnslag. Presensforma *treng* fins også i nynorsknorma, men eg trur ikkje nynorsken har noko med ordvalet til denne debattanten å gjere.³⁴ Derfor reknar eg denne forma som eit dialekttrekk. På denne måten endar eg opp med litt ulike kriterium for kva eg reknar som dialekttrekk på *Fjordaglimt*, og kva eg reknar som dialektinnlegg på dei andre nettstadene. For *Fjordaglimt* bruker eg dette kriteriet: Innlegget inneheld språkbruk som vik av frå dei fastsette normene for bokmål og nynorsk, og som vi kan rekne med skriv seg frå dialekten til forfattaren. For *nordlending.no* og *mittglomdal.no* blir det tilsvarende kriteriet: Innlegget inneheld trekk som vik av frå bokmålsnorma, og som vi kan rekne med skriv seg frå dialekten til forfattaren. Innlegg som er skriva på normrett nynorsk blir sjølvstundt aldri rekna som dialektinnlegg.

Former som "skriv seg frå dialekten til forfattaren" vil i dei aller fleste tilfella bety former frå enten saltendialekten, sunnfjorddialekten eller glåmdalsdialekten. I nokre svært få tilfelle kom eg over innlegg som var skriva på dialekt, men der forfattaren heilt tydelig hadde ein annan dialektbakgrunn enn den geografiske heimfestinga til nettstaden skulle tilseie. I dette eksemplet har det som ser ut til å vere ein trønder eller ein nordmøring, blanda seg inn i fotballdiskusjonen på *Fjordaglimt*:

3

dæm har **itj nå** å **gjørja** i tippeligaen.

dæm kan hold **sæ** der **dæm æ**. uansett så slår rbk **dæm** og brann sønder og sammen
(J. S. S. i tråden "Sogndal i tippeligaen", *Fjordaglimt*)

Dette innlegget har eg rekna som dialektinnlegg sia det oppfyller kravet om avvik frå skriftnormalane. Hadde materialet inneheldt mange slike tilfelle, kunne det ha blitt problematisk for den geografiske delen av analysen, altså der eg analyserer eventuelle forskjellar i dialektførekomst mellom dei tre nettstadene. Men eg fann berre to–tre slike innlegg, og derfor vil dei ikkje ha større innverknad på resultatet. Vi kan uansett ikkje vite noko sikkert om dialektbakgrunnen til dei debattantane som held seg til eit normrett skriftspråk. Dersom f.eks. alle bokmålskribentane på *nordlending.no* skulle vise seg å komme frå austlandet, ville det øydelegge analysen. Her må vi berre rekne det som sannsynlig at dei aller fleste debattantane på *nordlending.no* kjem frå Salten, likeins som majoriteten av debattantane på *Fjordaglimt* og *mittglomdal.no* trulig kjem frå Sunnfjord og Glåmdalen.

³⁴ Adjektivet *eiga* fins også i nynorsknorma, men i dette tilfellet ville ein i normrett nynorsk brukt fleirtalsbøyinga *eigne*.

I materialet fins det mange eksempel på typiske nettspråktrekk som smilefjes, tal for bokstavar, forkortingar som *d* for *det* eller *m* for *med*, innslag av engelsk, avvik frå normalortografien i form av mange like bokstavar etter kvarandre, ukonvensjonell bruk av store og små bokstavar og ukonvensjonell teiknsetting. Her er to eksempel frå *nordlending.no*:

4

Heilt fantastisk! **Keep on keepin on!**

(*M. E. J.* i tråden "Ingrid vidare i X Factor", *nordlending.no*)

5

Er det **muuuuuuuuulig**... hørt om "fet bil" f.eks? Sånn har språket vært **leeeeeeenge**. Hvor har de vært, de som ikke vet dette? Er det kanskje flere ting i språket vårt de ikke forstår? Så flaut... Storm i et fingerbøl.

(*Biteme* i tråden "Fet", *nordlending.no*)

Ettersom vi ikkje kan rekne med at desse trekka skriv seg frå dialekten til forfattaren, reknar eg ikkje slike innlegg som dialektinnlegg.

Hittil har eg vist innlegg med morfologiske og fonologiske avvik frå skriftnormalane. I enkelte innlegg, først og fremst frå *mittglomdal.no*, fann eg også syntaks som ikkje er vanlig i skriftnormalane. Fleire gongar såg eg eksempel på at debattantar avslutta ei ytring med eit etterhengt *da* eller *jeg*, som i eksempel 6. I eksempel 7 ser vi også at debattanten *S.* har ein syntaktisk feil i leddsetninga "så **hadde** kanskje fler **ha** kjøpt papirutgaven".

6

Var der **jeg**

(*H. C. S.* i tråden "KIL-konsert", *mittglomdal.no*)

7

hadde **dem** skrevet om litt mer enn bare kongsvinger og kil så **hadde** kanskje fler **ha** kjøpt papirutgaven

(*S.* i tråden "Avis", *mittglomdal.no*)

Eg reknar ikkje innlegg med berre syntaktiske avvik som dialektinnlegg. Som eg var inne på i del 2.3, argumenterer Sandøy (1994) for at syntaktiske avvik frå skriftnormalane sjeldan kan reknas som dialekttrekk, men som overdialektale talemålstrekk. Men ikkje alle syntaktiske avvik frå skriftnormalane er slike overdialektale talemålstrekk. Nokre avvik blir òg rekna som lokal eller regional dialektsyntaks. Ifølge Sandøy (n.v. 205–206) er dialektsyntaks ein slags underkategori av talesyntaksen, og i studiet av dialektsyntaks fokuserer ein på variasjonar i normene for talemålet. Fleire nordiske lingvistar har studert slike dialektale variasjonar,

mellom andre Nilsen (1998). Sjølv om nokre syntaktiske trekk på den måten kan kallas dialekttrekk, har eg altså bestemt meg for å ikkje rekne innlegg med syntaktiske avvik som dialektinnlegg i den kvantitative delen av analysen.

I innlegg 7 ser vi også at *S.* bruker det personlige pronomenet *dem* i subjektsposisjon, der bokmålsnorma har *de*. Dette er eit nokså vanlig fenomen i innlegga frå *mittglomdal.no*. Eg kunne ha definert fenomenet som eit syntaktisk avvik, noko som ville innebære at det ikkje kvalifiserte for å bli kalla dialektinnslag, men eg har valt å rekne bruk av *dem* i subjektsposisjon som eit morfologisk avvik. Innlegg med bruk av *dem* i subjektsposisjon blir derfor rekna som dialektinnlegg.

Kva for dialektale avvik er det så eg reknar som dialektinnslag? Først og fremst er det morfologiske avvik. Mange av dei typiske morfologiske trekka i dei tre dialektane er greidd ut om i del 2.4.1.1–2.4.1.3 og lista opp i tabell 4.8 *Dialekttrekk frå Salten, Sunnfjord og Glåmdalen og tilsvarende former i nynorsk og bokmål* på s. 65. I tillegg reknar eg fonologiske avvik som dialekttrekk, f.eks. itakisme som *mie* i staden for *mye* i språket på *mittglomdal.no*, eller *hær* i staden for *her* på *nordlending.no*. I teorien kunne eg òg ha rekna med leksikalske avvik, altså særreine innhaldsord for den lokale dialekten, men eg fann svært få slike trekk i materialet.

Eg har òg sett som krav at det må finnast meir enn eitt dialekttrekk i eit innlegg for at eg skal rekne det som eit dialektinnlegg. Det betyr at i tilfelle der f.eks. ein debattant på *Fjordaglimt* bruker *ka* i staden for *kva* éin gong i eit innlegg, vel eg å ikkje telje dette som eit dialektinnlegg. Eg innførte denne regelen fordi eg kom over mange innlegg, særleg på *Fjordaglimt*, som var skriva på normrett nynorsk eller bokmål, men med berre eitt avvikande innslag. Etter mi meining ville det ikkje vere rett å rekne innlegga som dialektinnlegg på bakgrunn av berre eitt ord. Eit eksempel er dette:

8

Ka ligg i uttrykket “ståkarakter” frå lovens lange arm ?

I overskrifta står det skriva at det var morgontrøytt bilistar som fekk bot, men så ser eg lenger nede i innlegget at det var manglande bilbeltebruk, og manglande førarkort/vognkort som var grunnen til bøter.

(A. H. i tråden "Morgontrøytt", *Fjordaglimt*)

Derfor måtte eg innføre same regelen for dei andre nettstadene, slik at m.a. desse innlegga ikkje blir rekna som dialekt:

9

Bønna e helt konge :)

(D. i tråden "Vaffelsal for B/G", *nordlending.no*)

10

førr siste gang i historia!

(S. S. i tråden "Tungtvann", *nordlending.no*)

I ettertid er eg usikker på om dette var ei rett avgjersle, men eg kunne ikkje endre ho etter at eg var ferdig med innsamlinga og kategoriseringa av materialet på grunn av tidsbruken det ville innebere. Likevel trur eg ikkje avgjersla har hatt så mykje å seie for den kvantitative undersøkinga av skilnader mellom nettstadene og emnekategoriene. Dialektprosenten ville ventelig ha blitt heva nokolunde like mykje på alle tre nettstadene om eg hadde rekna debattinnlegg med enkeltinnslag av dialekt som dialektinnlegg. Avgjersla kan ha hatt betydning for den totale dialektprosenten i materialet, men trulig ikkje for skilnadene mellom dei tre nettstadene og mellom dei ulike emnekategoriene.

Kriteria for kva eg reknar som dialektinnlegg er altså desse:

- 1) Innlegget inneheld språkbruk som vik av frå dei fastsette skriftnormalane.³⁵
- 2) Avvika er dialektale, det vil seie at trekk som smilefjes, forkortingar, innslag av engelsk osv. ikkje blir rekna med.
- 3) Avvika er morfologiske eller fonologiske. Syntaktiske avvik blir ikkje rekna med.
- 4) Innlegget inneheld meir enn eitt avvik.

Eg avsluttar denne delen med å vise fram eit innlegg frå kvar nettstad som fyller kriteria eg har sett opp. Feit skrift markerer formene eg reknar som dialektinnslag.

11

STIG **tellbake** i **fotballværdn** kan bare bli fantastisk!!!

håpa du får det **tell**, stig ! :)

(B. M. i tråden Stig blir Grand-trenar, *nordlending.no*)

12

Hehe, Politie e opptatt me å gje **traffikkbøte**, so då får dei **itj** tid t sånne ting **so hjelpe** den vanlige mann i gata. Det er jo ikkje lønnsomt d :P I løpet av mine 25 år her i verda har eg annmeldt både innbrudd, vold, og tjuveri der **gjerningsmenna** som eg oppga ikkje blei avhøyr ein gong, men eg har fått 3 selebøter og x antal fartsbøter + + + :P Tilfeldig? neppe.. Må jo gjere d lønnsomt og ha Politi! haha.. jess.. Dårlig dekning? nope.. Dårlig prioritering? JAAA!!!

(T. E. i tråden "Dårlig politidekning", *Fjordaglimt*)

³⁵ Som eg forklarte tidligare, har eg gjort andre vurderingar for *Fjordaglimt* enn for dei andre nettstadene når det gjeld dette kriteriet.

bli enige om **hært dein nie kjærka skær** stå hen ..**mein fær** gudskyld **bigg ei makan** ei..**itte** slike trafo stasjoner el moske lingenede ting.

(R. i tråden "Kyrkjeaksjon", *mittglomdal.no*)

3.2 Kvantitativ eller kvalitativ tilnærming?

Metoden eg vil bruke i denne undersøkinga, inneheld element frå både ein kvantitativ og ein kvalitativ tilnæringsmåte. I den første fasen av materialeinnsamlinga var metoden stort sett kvantitativ. Eg samla inn etter måten store mengder materiale – til saman 3206 debattinnlegg fordelt mellom 330 ulike diskusjonstrådar. Den første delen av presentasjonen og analysen av materialet vil òg bere preg av ein kvantitativ framgangsmåte. Eg vil dele materialet inn i ulike kategoriar og presentere resultatane av undersøkinga i tabellar. Her vil kvart enkelt debattinnlegg vere ein del av eit større materiale, berre representert av eit tal. På grunn av skeivskap i materialet ville det ha vore vanskelig å gjennomføre ein reint kvantitativ analyse, noko eg kjem tilbake til i del 3.3.

Vidare vil analysedelen i høg grad vere kvalitativt innretta. Etter at eg har komme fram til konkrete prosenttal som fortel i kva utstrekning debattantane bruker dialekt på dei tre nettstadene og i dei ulike emnekategoriene, vil eg gå vidare med å gjere kvalitative punktnedslag i materialet. I del 4.3 bruker eg stort sett desse punktnedslaga som illustrasjonar av språklige tendensar i materialet. I del 4.4 vil eg velje ut innlegg som høver som bakgrunn for å diskutere fenomen som konvergens og kodeveksling.³⁶

Ifølgje Siebenhaar (2006: 486) er kvantitative undersøkingar av nettspråk "astonishingly rare". Han syns dette er merkelig sia det er relativt enkelt å samle inn store mengder språkdata frå nettet. Androutopoulos (2006: 424) forklarar mangelen på kvantitative nettspråkstudiar med at anonymiteten til språkbrukarane i nettforum gjer det problematisk å gjennomføre ei sosiolingvistisk undersøking i den kvantitative tradisjonen etter Labov. Til det er informasjonen om kjønn, alder, sosial status osv. til språkbrukarane for mangelfull eller upålitelig. Den kvantitative delen av analysen min er mulig å gjennomføre fordi eg ikkje har inkludert språkeksterne variablar som kjønn, alder og sosial status.

³⁶ Eg gjer greie for teori om kodeveksling og konvergens i delane 2.5.1 og 2.5.2.

3.3 Om materialet

Materialet mitt er altså sett saman av kommentarar til avisartiklar som er lagt ut på sidene til tre norske nettaviser. Til saman dannar kommentarane som hører til ein artikkel, ein diskusjonstråd. Dei ulike trådane er svært ulike når det gjeld lengd og tekstmengd; det kan vere mange eller få kommentarar i ein tråd, og kvar enkelt kommentar kan vere lang eller kort. Eg vil her gi nokre eksempel på kor mykje eller lite tekst ein diskusjonstråd kan innehalde.

Tråden "Jakt og NOAH"³⁷ frå nyheitskategorien på *Fjordaglimt* er med sine 191 kommentarar den lengste tråden i materialet mitt. Eg kopierte tråden frå nettsida og limte han inn i eit Word-dokument for å finne ut kor mange ord han faktisk inneheld. Resultatet var 38175 ord etter at eg hadde trekt ifrå namna på debattantane og andre faste element som står etter kvart innlegg. Til samanlikning inneheld denne avhandlinga om lag 49000 ord. Ein annan tråd i materialet har eg kalla "Jentebryting"³⁸. Han inneheld berre éin kommentar på 15 ord.

Lengda på kvar enkelt kommentar kan òg variere mykje. Tråden "Jakt og NOAH" inneheld ikkje berre mange kommentarar, han inneheld også fleire av dei lengste kommentarane i materialet. Mellom desse er eit innlegg av debattanten *I. J.* som inneheld 1542 ord og såleis strekker seg over nesten tre sider med fontstørrelse 12 og linjeavstand 1,5 i Word. Mange andre kommentarar er ikkje lengre enn ei linje. Når det er sagt, må eg presisere at eksempla eg her har nemnt, er ytterpunkt og ikkje nødvendigvis representative for typiske trådar og kommentarar i materialet. Eg har ikkje rekna ut nøyaktig gjennomsnittslengd på verken trådar eller kommentarar, men eg vil anslå at dei fleste trådane inneheld 2–15 kommentarar, og at dei fleste kommentarane strekker seg over 1–10 linjer. I nokre trådar kjem det same innlegget fleire gongar etter kvarandre, trulig på grunn av ein teknisk feil. I slike tilfelle tel eg innlegget berre éin gong.

Som det kom fram i del 3.1, var det stor variasjon mellom den totale mengda innsamla materiale frå dei tre nettstadene etter den opphavlige innsamlingsperioden. Eg satt igjen med over dobbelt så mange debattinnlegg frå kvar av nettstadene *nordlending.no* og *mittglomdal.no* som frå *Fjordaglimt*. Eg retta opp denne skeivskapen ved å utvide innsamlingsperioden for *Fjordaglimt*, men materialet mitt er framleis skeivt om vi ser på talet på innlegg i dei ulike kategoriane. På *mittglomdal.no*, f.eks., finn vi heile 805 av dei 1078

³⁷ Sjø vedlegg nr. 8.

³⁸ Sjø vedlegg nr. 2.

innlegga i kategorien *Sport*. Kategorien *Bil og trafikk*, derimot, inneheld berre 15 innlegg på *mittglomdal.no*, og lar seg derfor vanskelig samanlikne med *Bil og trafikk* på *nordlending.no*, som inneheld 119 innlegg. På same måten blir det vanskelig å samanlikne dei 32 innlegga i sportskategorien på *Fjordaglimt* med dei høvesvis 805 og 416 innlegga på *mittglomdal.no* og *nordlending.no*. Derfor lar ikkje alle delane av materialet seg analysere kvantitativt. Eg vil måtte ta omsyn til desse forholda i den kvantitativt innretta delen av analysen.

3.4 Fordelar, ulemper og etiske problem med å jobbe med nettmateriale

Ein av dei store fordelane med å jobbe med nettspråk er at materialet fins lett tilgjengelig på nettet. Det er sett saman av ytringar frå faktiske språkbrukarar, men eg treng ikkje å gå ut med opptaksutstyr for å få tak i dei. I staden kan eg gå rett inn på diskusjonssidene og kopiere dei aktuelle trådane, før eg limer stoffet inn i eit dokument på datamaskinen min. Ei ulempe med denne metoden er at eg får vite lite om kven informantane er. Som eg var inne på i del 3.2, veit eg ingenting sikkert om faktorar som alder, yrke, sosial status eller bustad. I mange tilfelle får eg vite namnet, men nokre debattantar vel heller å bruke kallenamn. Ut frå fornamnet kan eg ofte finne ut kva kjønn debattanten har, men dette gjeld ikkje alltid. Derfor kan ein vanskelig trekke inn språkeksterne variablar som alder, kjønn, yrke og bustad i undersøkingar av nettspråk.

Ein mykje omtalt fordel med nettspråkforsking er at ein slepp unna det såkalla *observer's paradox*. Labov var den første som brukte denne termen om problemet med at språkbrukarar endrar språket sitt når det er ein språkforskar til stades (Labov 2006 [1966], 1970). Såleis blir det vanskelig å få observert naturleg og uhemma tale, nettopp fordi ein er til stades som observatør. Sia materialet mitt ligg tilgjengelig på nettet, kan eg likevel opptre som observatør av diskusjonane utan å vere synlig for debattantane.³⁹ Eg vil til og med kunne gå inn lang tid etter at diskusjonen fann stad og lese det som står der. Språkbrukarane eg observerer, vil i utgangspunktet aldri få vite at eg har samla på ytringane deira og nytta dei i eit akademisk arbeid.

Dette fører sjølvsagt med seg nokre etiske problem. Viss det hadde vore talespråk eg undersøkte, hadde eg aldri kunna observert og samla inn materiale utan at informantane hadde visst om det og godkjent det. I dei etiske retningslinjene utforma av *Den nasjonale*

³⁹ Her kan ein innvende at deltakarane i ein nettdebatt alltid vil vere klar over at dei blir observert, potensielt av kven som helst i heile verda. Sia denne vissa alltid er til stades, kan ein nesten sjå på ho som eit fast trekk ved denne typen språkbruk. Derfor kan eg observatør få tilgang til naturleg og uhemma nettspråk i den grad slik språkbruk er naturleg og uhemma.

forskningsetiske komité for samfunnsvitenskap og humaniora (NESH) heiter det m.a. at "[d]e som er gjenstand for forskning, skal få all informasjon som er nødvendig for å danne seg en rimelig forståelse av forskningsfeltet, av følgene av å delta i forskningsprosjektet og av hensikten med forskningen"⁴⁰, og at dei personane som er gjenstand for forskinga, skal ha gitt samtykke før ein kan starte forskingsprosjektet (sst.). Gjeld dei same retningslinjene for nettspråkforskning? Informasjon som blir lagt ut på ei nettside som er open for alle, må kunne reknas som offentlig og til fri bruk. Debattantane på Origo og liknande nettsamfunn er i teorien klar over at det dei legg ut, kan bli lese og tatt vare på av kven som helst i heile verda. Betyr det at eg som forskar utan vidare kan gjere meg nytte av språkytringane dei legg igjen her? Juridisk sett kan eg nok det, men om ein tar forskningsetikk med i vurderinga, blir spørsmålet vanskeligare å svare på.

Sveningsson mfl. (2003: 179) diskuterer problemstillinga og kjem fram til at ein *bør* informere språkbrukarane om at dei blir observert og inngår i ein forskningssituasjon. Likevel, skriv dei vidare, er det ikkje alltid så lett å oppfylle dette informasjonskravet når ein forskar på nettspråk. Origo og mange liknande nettsamfunn har altfor mange medlemmar til at ein kan informere kvar enkelt av dei. Per 3. november 2010 har Origo 170284 brukarar⁴¹. Av desse er berre nokre få tusen medlemmar av dei tre sonene eg studerer, men i teorien kan alle som er registrert som brukar, vere med å diskutere i desse sonene. Sveningsson mfl. (sst.) peiker på at ei mulig løysing på problemet kan vere å få dei som driv nettsamfunnet, til å sette opp eit slags "oppslag" på startside, der ein informerer om at staden er gjenstand for eit forskingsprosjekt. I mitt tilfelle vil heller ikkje denne løysinga fungere sia ein ikkje må innom noka startside for å delta i dei diskusjonane eg undersøker. Det enklaste er ofte å logge seg inn via sidene til nettavisa når ein kjem over ein artikkel ein vil kommentere. Derfor blir det vanskelig, for ikkje å seie umulig, å informere alle potensielle debattantar. Likevel er det ikkje gitt at prosjektet mitt er etisk uforsvarlig. Sveningsson mfl. (n.v. 185–186) presiserer at ein må skilje mellom ulike nettmiljø ut ifrå kor offentlige dei er, eller kor offentlig brukarane oppfattar dei, og kor ømtålig informasjon som blir lagt ut på nettstaden. Eg vil tru at det er trygt å anta at brukarane av Origo oppfattar kommentarfelta under nettavisartiklar som ein offentlig arena. Eg har heller ikkje komme over informasjon som kan kallas særlig ømtålig i desse kommentarane. Nettavisene opnar ikkje saker om kjenslige tema, f.eks. grove overgrepssaker, for debatt. Nettstadene har dessutan eigne administratorar som er tilsett i

⁴⁰ <http://www.etikkom.no/no/Forskningsetikk/Etiske-retningslinjer/Samfunnsvitenskap-jus-og-humaniora/B-Hensyn-til-personer-5---19/>

⁴¹ Talet er henta frå framsida til Origo under fana "Folk": <http://origo.no/-/site/global>

nettavisene dei hører til. Desse skal sensurere upassande innlegg eller innlegg med ømtålig informasjon om dei dukkar opp. Det kan derfor ha eksistert slik informasjon i enkelte trådar før eg samla inn materiale, men som sagt, kom eg ikkje over noko slikt.

Dei aller fleste innlegga eg samla inn, inngår berre som eit tal i materialet. Men kva med dei debattinnlegga som eg faktisk siterer frå? Kan eg sjå bort frå krava om informasjon og samtykke også her? Igjen, juridisk sett kan eg det. Ein kan òg forsvare ein slik framgangsmåte på eit etisk plan. Som Sveningsson mfl. (n.v. 180) peikar på, har den typen nettspråk eg undersøker, mange likskapstrekk med lesarinnlegg i papiraviser, og slike vil ein kunne bruke utan å måtte spore opp avsendaren. Eg har avgjort å handtere debattinnlegga som eg ville ha handtert avisinnlegg, og dermed ikkje informere debattantane om prosjektet mitt. Dei viktigaste årsakene til denne avgjersla var at kommentarfelta på Origo må sjåas på som ein offentlig arena, og at emna som blir diskutert, ikkje er spesielt ømtålige. Debattantane bak dei innlegga eg siterer, vil bli anonymiserte i materialet. Som innlogga brukar på Origo, får ein sjå både fornamnet og etternamnet til dei av debattantane som har valt å oppgi dette. Andre får berre sjå fornamnet og den første bokstaven i etternamnet, og denne informasjonen er tilgjengelig for alle med ein datamaskin og tilgang til Internett. Eg vil berre bruke initialane til debattantane, enten dei opererer under fullt namn eller eit oppdikta kallenamn. I dei tilfella der eg omtaler ein debattant som *han* eller *ho*, er det fordi namnet til debattanten informerer om kjønnet.

3.5 Terminologi og tekniske grep i resten av avhandlinga

Eg har allereie tatt i bruk termar som *dialektinnlegg* og *dialektprosent*. Eit dialektinnlegg er eit debattinnlegg som oppfyller krava eg sette opp i del 3.1.2. Når eg har rekna saman kor mange slike dialektinnlegg det fins på ein nettstad, i ein emnekategori eller i ein tråd, reknar eg ut kor stor prosentdel dialektinnlegga utgjer av den totale mengda innlegg. Dersom eg seier at ein emnekategori har ein dialektprosent på 20, betyr det at eg har rekna 20 % av innlegga i kategorien som dialektinnlegg.

Dei innlegga eg siterer i teksten, markerer eg med tal slik at det blir lettare å referer til dei. I del 4.4 vil eg få bruk for å sitere fleire innlegg som kjem etter kvarandre i same tråd. Slike sitat kallar eg *trådutdrag*. Innlegga i eit trådutdrag er alltid sitert i same rekkefølge som dei opphavlig står i. Eg markerer trådutdraget med eit tal, og kvart av innlegga i utdraget får i tillegg til talet ein bokstav. Viss eit innlegg heiter **28a** og eit anna **28b**, betyr det at dei hører til i same diskusjonstråd.

I sitat frå materialet vil eg ikkje markere feilskrivning med *sic*. Innlegga inneheld rett og slett for mykje feilskrivning til at det skulle vere gagnlig, og dessutan hadde eg blitt nøydd til å også markere dialektformer som veik av frå skriftnormalane.

Kapittel 4: Resultat og analyse

I dette kapitlet vil eg presentere resultatane av undersøkinga som ligg til grunn for avhandlinga. Vidare vil eg analysere resultatane for å forsøke å svare på spørsmåla i problemstillinga og nærme meg ei stadfesting eller avkrefting av hypotesane eg la fram i kapittel 1. I dei første delane av kapitlet vil eg fokusere på dei kvantitative resultatane. I del 4.1 legg eg fram talmaterialet frå undersøkinga, som eg vil bruke som grunnlag for å svare på del 1 og 2 av problemstillinga: *I kva utstrekning bruker debattantane på nordlending.no, Fjordaglimt og mittglomdal.no dialekt i skriftspråket? Og varierer dialektbruken etter emnet for debatten?* Desse to spørsmåla vil eg gå djupare inn på i høvesvis del 4.2 og 4.3. I del 4.2 ser eg etter kor mykje dialekt som blir brukt på dei tre nettstadene og drøftar kva som kan ligge til grunn for eventuelle skilnader mellom dei. Del 4.3 rommar eit sentralt aspekt ved analysen. Her vil eg undersøke eventuelle skilnader mellom emnekategoriene og legge fram ulike tolkingar av språkbruken som er nytta. I denne delen vil eg etter kvart gå over til ei kvalitativ tilnærming til stoffet. Ei kvantitativ tilnærming vil vere fruktbar så lenge eg studerer den enkelte nettstaden som heilskap. Når eg ser på emnekategoriar eller diskusjonstrådar kvar for seg, blir det vanskeligare å gi ein god kvantitativ analyse på grunn av at datagrunnlaget er for lite i delar av materialet. Del 4.4 er ei reint kvalitativ undersøking som tar sikte på å svare på del 3 av problemstillinga: *Lar det seg gjere å analysere språkbruken på nettstadene med bruk av teoriar som er utvikla for munnlig språk?* Denne delen fører fram mot del 4.5, der eg vil vurdere forholdet mellom nettspråk, munnlig språk og skriftlig språk på bakgrunn av funna frå undersøkinga mi.

4.1 Presentasjon av dei kvantitative resultatane

Materialet som ligg til grunn for denne studien, inneheld totalt 3206 debattinnlegg. 240 av dei er skriva på dialekt, og det utgjer ein prosentdel på 7,48 (jf. tabell 4.7 s. 63). Dei aller fleste innlegga i materialet er altså skriva på ein av skriftnormalane våre, og som eg skal gå nærare inn på i del 4.3.9, er dialekt aldri obligatorisk i dei språkbrukssituasjonane eg undersøker. Sjølv om dialektinnlegga er forholdsvis sjeldsynte, er det interessant å sjå korleis dei fordeler seg i materialet. Det komparative aspektet er sentralt ved del 1 og 2 av problemstillinga. Varierer dialektprosenten mellom dei tre nettstadene og mellom emnekategoriene? I denne

delen vil eg legge grunnlaget for å svare på desse spørsmåla. Eg vil ta for meg dei tre nettstadene etter tur og vise førekomsten av dialektinnlegg i dei ulike kategoriane på kvar nettstad. Eg vil kommentere funna og greie ut om kva som kjenneteiknar diskusjonane i den enkelte kategorien på det tidspunktet eg samla inn materiale. På grunn av at emnet for diskusjonen kan variere innom ein kategori, har eg òg sett opp oversikter over diskusjonstrådane i kvar kategori med høgast førekomst av dialekt. Slik vil eg kunne seie noko om kva typar emne som pregar trådar med mykje dialektbruk. Trådar med særlig høg dialektførekomst vil eg kommentere med tanke på seinare analyse. I denne delen av avhandlinga vil eg hovudsaklig beskrive funna, ikkje analysere dei.

4.1.1 *nordlending.no*

Tabell 4.1 gir ei kvantitativ oversikt over det innsamla materialet frå *nordlending.no*. Tala viser den totale mengda innlegg i kvar av dei sju emnekategoriane, mengda dialektinnlegg i kvar kategori og kor stor prosentdel av den totale mengda innlegg dialektinnlegga utgjer. Tabellen er ordna slik at kategorien med høgast dialektprosent står øvst. I tillegg viser han det samla resultatet for nettstaden. Som det går fram av tabellen, har eg samla inn 1064 debattinnlegg frå denne nettstaden, og 138 av dei er skrivne heilt eller delvis på eit dialektprega språk. Den totale dialektprosenten på *nordlending.no* er 12,97.

Kategori	Dialektinnlegg	Innlegg totalt	Prosentdel på dialekt
<i>bil og trafikk</i>	21	119	17,65
<i>sport</i>	72	416	17,31
<i>kriminalitet</i>	5	36	13,89
<i>kultur</i>	11	103	10,68
<i>nyheiter</i>	25	284	8,80
<i>næringsliv</i>	3	48	6,25
<i>politikk</i>	1	58	1,72
Totalt	138	1064	12,97

Tabell 4.1 *Kvantitativ framstilling av materialet frå nordlending.no*

Kategorien *bil og trafikk* ligg på toppen av tabellen med 17,65 % dialektinnlegg. Her finn vi dei fleste dialektinnlegga i trådar som handlar om fartskontrollar og fartsoverskridingar. Eg nemnte i del 3.1.1 at det av og til var vanskelig å avgjere om ei sak skulle høre til i *bil og trafikk* eller i *kriminalitet*. Fleire av trådane med mest dialektbruk i *bil og trafikk* kunne godt ha vore plassert under *kriminalitet*. Ei fartsoverskriding er jo per definisjon ei kriminell handling. Likevel har eg plassert slike trådar i *bil og trafikk* fordi det

ser ut til at debattantane ofte tar parti med den "kriminelle", og ikkje motsett. Ei sak om nokon som har blitt bøtelagt etter ein fartskontroll, ser ut til å vekke meir uvilje mot politiet enn mot den bøtelagte. Mange oppfattar kanskje slike kontrollar som eit hinder for deira eiga ferdsel i trafikken. Dette skaper engasjement, og mange av debattinnlegga inneheld kritikk mot politiet og ressursbruken deira.

På andre plass finn vi kategorien *sport* med 17,31 % dialektinnlegg. Sportskategorien er den klart mest omfattande kategorien med totalt 416 debattinnlegg mot 284 i nyheitskategorien, som har nest flest innlegg totalt. I ein by med eit fotballag i dei øvste divisjonane er sport ofte eit heitt samtaleemne, og dei fleste diskusjonstrådane i sportskategorien på *nordlending.no* handlar om fotballaget Bodø/Glimt. Eg var kanskje heldig med valet av innsamlingsperiode, for hausten 2010 var ein turbulent periode for fotballklubben, og det fans mange engasjerande emne å diskutere. Klubben var inne i både ei økonomisk og ei sportslig krise. Midt oppi dette avslutta bodøguten og stjernespelaren over mange år, Runar Berg, sin sportslige karriere for å bruke alle kreftene sine på å redde klubben frå konkurs. Mange av debattantane på *nordlending.no* hadde mykje å seie om korleis ein best kunne hjelpe Bodø/Glimt, mens andre argumenterte for å ikkje hjelpe i det heile, og heller la klubben gå under. I tillegg strømte det på med hyllingar av Runar Berg, som ikkje berre la opp som fotballspelar for å hjelpe klubben økonomisk og administrativt, men som året før gav heile årslønninga si til Bodø/Glimt. Desse forholda trekte til seg mange debattantar, og etter måten mange av dei skreiv på dialekt.

Med tredje høgast dialektprosent mellom kategoriane på *nordlending.no* finn vi *kriminalitet* med 13,89 % dialektinnlegg. Analysegrunnlaget er dessverre nokså tynt her; kategorien inneheld ikkje meir enn 36 innlegg der fem er rekna som dialektinnlegg.

Med 10,68 % dialektinnlegg hamnar også *Kultur*-kategorien forholdsvis høgt oppe på lista. Her hører mange av dialektinnlegga til saker om typisk folkelige kulturinnslag, som f.eks. realityprogrammet X Factor, Melodi Grand Prix og den lokale, men landskjente rapartisten Joddski.

Kategorien *nyheiter* inneheld berre 8,80 % dialektbruk, men med totalt 284 innlegg er han den nest største kategorien på nettstaden. Årsaka til at vi finn så mykje av materialet frå *nordlending.no* i denne kategorien, kan rett og slett vere at mange av sakene som blir lagt ut i ei nettavis, er generelle nyheitssaker som vanskelig kan klassifiseras til ein av dei andre kategoriane. I tillegg var det fleire nyheitssaker som skapte stort engasjement i denne perioden. Den mest diskuterte saka var den om ei kvinne frå Røst som ikkje fikk adoptere eit

tvillingpar som ei indisk surrogatmor hadde bore fram for ho. Kvinna blei derfor verande i India med tvillingane, som ikkje fikk godkjent innreise til Noreg. Saka skapte høg temperatur i debatten og var mellom dei med mest dialektbruk i denne kategorien saman med saker om nokre veletablerte serbarar som blei utvist frå Noreg.

Kategoriane *næringsliv* og *politikk* utgjer botnen av tabellen med høvesvis 6,25 % og 1,72 % dialektinnlegg. Ingen av desse kategoriane er særlig omfangsrike, og dei inneheld altså lite dialektbruk. Dei sakene som har fått flest kommentarar i desse kategoriane, er ei om at det skal byggas eit hotell på 17 etasjar i Bodø hamn, og ei om at partiet Venstre går imot bygging av eit omstridt kulturhus i same området. Begge desse sakene ser ut til å skape eit visst engasjement mellom lesarane, og tre av dei til saman fire dialektinnlegga i kategoriane *næringsliv* og *politikk* høyrer til under desse sakene.

Det er nokså store forskjellar mellom dei sju kategoriane på *nordlending.no* når det gjeld mengda av dialektbruk. Kategorien *bil og trafikk* har 17,65 % dialektinnlegg mot berre 1,72 % i *politikk*. Dialektførekomsten varierer ikkje berre mellom emnekategoriane, men òg mellom dei ulike diskusjonstrådane i kvar kategori. I tabell 4.2 har eg sett opp dei ti diskusjonstrådane frå *nordlending.no* som inneheld mest dialektbruk, uansett kategori.

Rangering	Kategori	Diskusjonstråd	Dialekt- innlegg	Innlegg totalt	Prosentdel på dialekt
1	nyheiter	Kry og Parkenfestivalen	6	12	50,00
2	sport	Kontonr. på skjorta	9	22	40,91
3	sport	Lofottorsk til Glimt	5	15	33,33
4	kultur	Tilrår GP-slutt	3	10	30,00
	sport	Vaffelsal for Glimt	9	30	30,00
6	sport	Berg-brørne reddar Glimt	8	27	29,63
7	bil og trafikk	UP-kontroll i Saltdal	7	24	29,17
8	bil og trafikk	UP overvaker kappkøyning	3	11	27,27
9	sport	Fylkestoppar: Hjelp Glimt	4	15	26,67
10	sport	Sel spelargruppa	6	27	22,22

Tabell 4.2 Kvantitativ framstilling av dei ti trådane frå *nordlending.no* med høgast dialektprosent

Materialet inneheld trådar med høgare dialektprosent enn trådane i tabellen, men for at analysegrunnlaget skulle bli best mulig, valte eg å ikkje ta med trådar med mindre enn ti innlegg totalt.

Det er ein tråd frå *nyheiter* som har aller mest dialektbruk. Tråden "Kry og Parkenfestivalen" er knytt til ei sak om frisørsalongen Kry som samla inn ein større pengesum til organisasjonen Mental Helse under Parkenfestivalen i Bodø. Diskusjonen dreier seg stort sett om kven andre enn Mental Helse som hadde fortent pengane. Den høge dialektprosenten

kan vere tilfeldig, men eg vil likevel komme kort tilbake til han i del 4.4.2, der eg drøfter funn frå materialet i lys av akkommodasjonsteori. Tråden "Tilrår GP-slutt" frå *kultur* hamnar også på den øvre halvdel av lista. Han inneheld berre ti innlegg totalt, og tre av dei er rekna som dialektinnlegg, så det kan vere tilfeldig at dialektprosenten blei så høg her.

To trådar frå *bil og trafikk* har òg mykje dialektbruk. "UP overvaker kappkøyning" handlar om eit hasardiøst prosjekt der 20 bilar konkurrerte om å køyre fortast frå Vestfold til Finnmark. "UP-kontroll i Saltdal" handlar om ein fartskontroll der fleire bilistar har blitt tatt med svært høge hastigheiter. Begge trådane inneheld engasjement og temperatur, men den høge førekomensten av dialektinnlegg kan sjølvsagt vere tilfeldig. "UP overvaker kappkøyning" inneheld berre 11 innlegg, der tre er på dialekt. I "UP-kontroll i Saltdal" kjem tre av sju dialektinnlegg frå same debattant. Desse eksempla viser at i tilfelle der materialet er lite, kan resultatet lett bli påverka av språkbruken til enkeltpersonar. Eg trur likevel ikkje at det er tilfeldig at kategorien *Bil og trafikk* totalt sett har fått så høg dialektførekomenst, noko eg kjem tilbake til i del 4.3.

Sportskategorien dominerer tabell 4.2. Seks av ti trådar på lista kjem herifrå, og alle desse handlar om den vanskelige situasjonen Bodø/Glimt var i hausten 2010. Diskusjonane her er fulle av kjensler og engasjement for eller imot den vidare eksistensen til fotballklubben. Mange av innlegga vitnar om at forfattarane har vore emosjonelt prega mens dei skreiv, og dette vil eg gå nærare inn på i del 4.3.6. Av trådane på tabellen gjeld det særleg "Berg-brørne reddar Glimt". I denne tråden, i tillegg til i "Vaffelsal for Glimt", er det påfallande mange dialektskribentar som er på same parti i diskusjonen, nemlig det partiet som støttar opp om fotballaget. Eg vil komme tilbake til denne tendensen i delane 4.3.8 og 4.4.2. Tråden "Lofottorsk til Glimt" inneheld berre 15 innlegg, og det skal derfor ikkje til meir enn fem dialektinnlegg for å få ein prosentdel på 33,33. "Kontonr. på skjorta" er den tråden frå sportskategorien som har høgast dialektprosent. Han inneheld ein engasjert debatt omkring økonomisk støtte til Bodø/Glimt, og debattantar frå ulike sider i diskusjonen nyttar dialekt.

4.1.2 Fjordaglimt

Tabell 4.3 viser dialektprosenten på nettstaden *Fjordaglimt*, totalt og i dei ulike kategoriane. Materialet frå denne nettstaden inneheld 1064 debattinnlegg, og 55 av dei er rekna som dialektinnlegg, noko som utgjer ein prosentdel på 5,17.

Kategori	Dialektinnlegg	Innlegg totalt	Prosentdel på dialekt
<i>sport</i>	4	32	12,50
<i>kriminalitet</i>	5	44	11,36
<i>kultur</i>	6	54	11,11
<i>næringsliv</i>	2	34	5,88
<i>nyheiter</i>	30	669	4,48
<i>politikk</i>	7	172	4,07
<i>bil og trafikk</i>	1	59	1,69
Totalt	55	1064	5,17

Tabell 4.3 *Kvantitativ framstilling av materialet frå Fjordaglimt*

Til liks med på *nordlending.no* kjem kategoriane *kriminalitet* og *sport* høgt opp i tabellen, mens *politikk* hamnar langt nede. Ein påfallande forskjell mellom dei to nettstadene er at *bil og trafikk* er den kategorien med mest dialekt på *nordlending.no*, men den med aller minst dialekt på *Fjordaglimt*. På *Fjordaglimt* inneheld kategorien 59 innlegg, og berre eitt av dei er skriva på dialekt. Det utgjer ein prosentdel på 1,69 mot 17,65 på *nordlending.no*. Dette eine dialektinnlegget handlar ikkje eingong om bil eller trafikk – det er ein kommentar til ordbruka i ein avisartikkel. Det er vanskelig å seie noko om kva forskjellen mellom dei to nettstadene kjem av på dette punktet. Det ser ikkje ut til at trafikkrelaterte emne fenger like mykje på *Fjordaglimt* som dei gjer på *nordlending.no*. Ingen av diskusjonstrådane i denne kategorien på *Fjordaglimt* har meir enn sju innlegg, og det kan tyde på at engasjementet er lågt.⁴²

I kategorien *sport* reknar eg 12,50 % av innlegga som dialektinnlegg, og kategorien er såleis den med mest dialektbruk på *Fjordaglimt*. Dette er også den minste kategorien på nettstaden; han omfattar berre 32 debattinnlegg, og eg reknar fire av dei som dialektinnlegg. Til forskjell frå *nordlending.no* og *mittglomdal.no* har ikkje *Fjordaglimt* noko toppfotballag på herresida i det primære dekningsområdet sitt. Derfor er det få sportssaker å diskutere her, mens sportskategorien er den mest omfattande på dei to andre nettstadene. Av dei fire dialektinnlegga i kategorien er eitt skriva på trøndersk, jf. del 3.1.2. Kategorien inneheld så få innlegg totalt, at analysegrunnlaget blir litt tynt.

Kategorien *kriminalitet* hamnar også høgt oppe på lista med ein dialektandel på 11,36 %. Kategorien inneheld 44 debattinnlegg, og fem av desse er dialektinnlegg. Dialektinnlegga høyrer til i diskusjonar av saker om valdsstatistikken i distriktet, ein sauebonde som har stole sauer frå nabobonden, ein katt som har blitt skadeskote og nokre bilar som har blitt ramponert. Alle desse sakene handlar om emne som har potensial til å provosere lesarane og

⁴² Sjå vedlegg 12.

appellere til rettferdskjensla deira, noko eg kjem tilbake til i del 4.3.4. Rett nok har òg dei andre sakene i kategorien dette potensialet, utan at det fører til dialektbruk. Når kategorien ikkje inneheld meir enn fem dialektinnlegg til saman, er det vanskelig å avgjere om det er tilfeldig i kva for diskusjonar dei høyrer til.

Nyheiter er ein spesiell kategori på *Fjordaglimt*. Godt over halvparten av innlegga på nettstaden høyrer til her, og nesten halvparten av dei igjen er samla i berre to trådar. Av dei 669 innlegga i kategorien har eg rekna 30 som dialektinnlegg, og han har såleis ein dialektprosent på 4,48. Vi finn 411 av dei totalt 669 innlegga og 21 av dei 30 dialektinnlegga i diskusjonar som på ein eller annan måte handlar om jakt og rovdyrpolitikk. Dette ser ut til å vere eit aktuelt tema i regionen, og nettavisa *firda.no* la ut fleire saker om emnet i perioden eg samla inn materiale. Desse sakene engasjerte mange debattantar, og temperaturen var tidvis høg. Ei årsak til det kan vere at problemstillingar om jakt har to tydelige motpolar: bønder og jegerar på den eine sia, dyrevernarar på den andre. Korleis desse klare grupperingane kan verke inn på språkbruken, kjem eg til i del 4.3.8. Emnet engasjerer altså mange debattantar, men det ser ikkje ut til å generere nemneverdig mykje meir dialektbruk enn i resten av *nyheiter*-kategorien. Hadde eg samla jaktdebattane i ein eigen kategori, hadde han enda med ein dialektprosent på 4,86.

Politikk er den nest største kategorien på *Fjordaglimt*. Han inneheld 172 innlegg, og sju av dei er dialektinnlegg. Det utgjer ein prosentdel på 4,07. Også i denne kategorien finn vi dei fleste debattinnlegga samla i to trådar. Den eine inneheld 47 innlegg og tar opp spørsmålet om ein bør flytte fylkeshovudstaden i Sogn og Fjordane frå Hermansverk/Leikanger til Førde. Den andre inneheld 76 innlegg og dreier seg om muligheita for å stifte eit eige politisk "Nordfjord-parti" for å kunne kjempe imot forslaget om å legge ned fødetilboda i Nordfjord og Lærdal. Begge desse diskusjonane ser ut til å engasjere debattantane. Dei handlar om den klassiske maktkampen mellom sentrum og periferi, her representert av Førde og resten av fylket. Temperaturen er høg, og som eg kjem tilbake til litt seinare, blir dialektprosenten også relativt høg i enkeltrådar. *Politikk* er den einaste kategorien der *nordlending.no* har nemneverdig lågare dialektprosent enn dei andre nettstadene, og særlig *Fjordaglimt*. Ein mulig grunn til det kan vere desse engasjerande diskusjonane på *Fjordaglimt*. I delane 4.3.4–4.3.7 vil eg argumentere for at engasjement av ulike slag kan føre til auka dialektbruk.

Som eg har vore inne på, er fordelinga av debattinnlegga på *Fjordaglimt* litt annleis enn på *nordlending.no*. Aktiviteten innom kategoriane *nyheiter* og *politikk* er mykje større enn i dei andre kategoriane, og inne i kvar kategori er nokre få trådar atskillig meir populære enn

andre. I tabell 4.4 har eg rangert dei mest populære diskusjonstrådane på nettstaden. Igjen har eg sett som kriterium at trådane på lista inneheld ti innlegg eller meir. På grunn av den låge aktiviteten i mange trådar på *Fjordaglimt*, fann eg berre ni trådar som inneheldt meir enn ti innlegg og der minst eitt av innlegga var rekna som dialektinnlegg. Åtte av dei ni trådane på tabellen kjem frå kategoriane *nyheiter* og *politikk*, og det er ikkje uventa sia størsteparten av innlegga frå *Fjordaglimt* hører til her.

Rangering	Kategori	Diskusjonstråd	Dialekt- innlegg	Innlegg totalt	Prosentdel på dialekt
1	nyheiter	Ikkje bavianar	3	10	30,00
2	nyheiter	Reklame på bokmål	3	21	14,29
3	nyheiter	Laushund har ikkje drepe	2	23	8,70
4	politikk	Førde fylkeshovudstad?	4	47	8,51
5	politikk	Høgre fram	1	13	7,69
6	nyheiter	Jakt og NOAH	8	191	4,19
7	kriminalitet	Ramponerte bilar	1	24	4,17
8	nyheiter	Posering med daude dyr	6	172	3,49
9	politikk	Eige Nordfjord-parti	1	76	1,32

Tabell 4.4 Kvantitativ framstilling av dei ni trådane frå *Fjordaglimt* med høgast dialektprosent

I tråden "Ikkje bavianar" frå *nyheiter* er tre av ti innlegg skrivne på dialekt, og tråden er såleis den med aller høgast dialektprosent. Dette er ein av trådane som tar opp jakt- og rovdyrproblematikk. Det same gjer trådane "Jakt og NOAH", "Posering med daude dyr" og til dels "Laushund har ikkje drepe". I alle desse trådane er engasjementet høgt, og som eg nemnte tidligare, er sidene som står imot kvarandre, nokså tydelige. Dei to trådane "Ikkje bavianar" og "Laushund har ikkje drepe" inneheld forholdsvis mykje dialekt til å vere på *Fjordaglimt*. Likevel fører som nemnt ikkje jaktdiskusjonane til ein særlig høg dialektprosent viss vi slår dei saman.

Tråden "Reklame på bokmål" hører også heime i nyheitskategorien og har etter måten mykje dialektbruk med 14,29 %. Denne tråden tar utgangspunkt i ei sak om ein reklamebrosjyre frå ei dagligvarekjede som reklamerer for lokal tradisjonsmat frå Sogn og Fjordane på ei målform som av mange blir oppfatta som lite formålstenlig: bokmål. Tre av dei 21 innlegga i tråden er rekna som dialektinnlegg, men dialektbruken verkar litt overdrive, som om debattantane bak innlegga prøver å harselere med nynorsken. Dette kan ha noko med språkholdningar å gjere – eit emne eg kjem inn på i del 4.3.2. Like trulig er det at den relativt høge dialektprosenten i tråden er tilfeldig. To av dei tre dialektinnlegga er skrivne av den same

debattanten, og etter det eg har sett av han, skriv han på eit dialektliknande språk også i andre trådar.

Trådane "Høgre fram" og "Førde fylkeshovudstad?" har begge relativt høg dialektprosent til å vere frå kategorien *politikk*. Den første tar utgangspunkt i ei sak om at partiet Høgre veks i Sogn og Fjordane. Debatten går mykje ut på kva slags politisk styre som er best for fylket, eit borgarlig eller eit sosialdemokratisk. Tråden har berre 13 innlegg, så det skal ikkje meir til enn eitt dialektinnlegg for å nå ein dialektprosent på 7,69. I tråden "Førde fylkeshovudstad?" er fire av 47 innlegg rekna som dialektinnlegg, og tråden har ein dialektprosent på 8,51. Dette er eit høgt tal på nettstaden *Fjordaglimt*, og det er ikkje minst eit høgt tal for kategorien *politikk*. Dessutan kjem dei fire dialektinnlegga frå fire ulike debattantar, så det er ikkje éin dialektskribent som har påverka resultatet. Saka som blir diskutert, har potensial til å engasjere og provosere. Diskusjonen dreier seg om kva for stad som bør vere fylkeshovudstad og såleis det viktigaste senteret i fylket, og emnet ser ut til å hente fram lokalpatriotismen hos fleire av debattantane. Eg vil komme inn på identitet og lokal tilhørsel som bakgrunn for dialektbruk i del 4.3.8.

Kriminalitet har nest høgast dialektprosent mellom emnekategoriene på *Fjordaglimt*, men berre éin av trådane frå denne kategorien kom med på lista over dei med mest dialekt. Årsaka til det er at dei fleste trådane i *kriminalitet* har færre enn ti innlegg totalt og kom derfor ikkje med i tabellen, sjølv om dei har både 40 og 50 % dialektbruk. I tråden "Ramponerte bilar" er det berre eitt dialektinnlegg og ein dialektprosent på 4,17. Forfattaren bak dette innlegget har sjølv vore utsett for tjuveri, og innlegget er ein kritikk av måten politiet behandlar slike saker på. Tonen i innlegget er tydelig provosert, og eg vil ta opp provokasjon som dialektfremmande faktor i del 4.3.4.

4.1.3 mittglomdal.no

Tabellen under viser dialektprosenten på *mittglomdal.no*, totalt og i dei ulike kategoriene. Frå denne nettstaden samla eg inn i alt 1078 innlegg, og 47 av dei har innslag av dialekt. Den totale dialektprosenten blir såleis 4,36.

Kategori	Dialektinnlegg	Innlegg totalt	Prosentdel på dialekt
<i>kultur</i>	2	21	9,52
<i>bil og trafikk</i>	1	15	6,67
<i>politikk</i>	1	16	6,25
<i>nyheiter</i>	11	207	5,31
<i>sport</i>	32	805	3,98
<i>kriminalitet</i>	0	8	0,00
<i>næringsliv</i>	0	6	0,00
Totalt	47	1078	4,36

Tabell 4.5 *Kvantitativ framstilling av materialet frå mittglomdal.no*

Til liks med materialet frå *Fjordaglimt*, fordeler materialet på *mittglomdal.no* seg svært ujamnt mellom kategoriane. Sportskategorien inneheld heile 805 innlegg og har såleis størsteparten av dei 1078 innlegga. Elles har *nyheiter* 207 innlegg, men ingen av dei andre kategoriane inneheld over 21 innlegg. Analysegrunnlaget er derfor tynt i dei fleste kategoriane på *mittglomdal.no*, og det skal ikkje meir enn eit par dialektinnlegg til for at ein kategori eller ein tråd får nokså høg dialektprosent. Det gjeld f.eks. for *kultur*, der to av 21 innlegg er dialektinnlegg. Desse to innlegga gjer prosentdelen så høg at kategorien får høgast dialektprosent på nettstaden.

Nyheiter hamnar midt i tabellen med 5,31 % dialektinnslag. Her er analysegrunnlaget betre sia kategorien har 207 innlegg totalt. Det var ingen utprega store nyheitssaker som blei diskutert i regionen i perioden eg samla inn materialet, men til liks med på *Fjordaglimt*, blei jakt og rovdyrpolitikk diskutert ein del. Eg kjem tilbake til ein av desse jaktdiskusjonane litt seinare.

Som på *nordlending.no* hamnar *bil og trafikk* høgt oppe på lista over kategoriane med mest dialektinnslag. På *mittglomdal.no* inneheld kategorien berre 15 innlegg, og eitt av dei har dialektinnslag, så her er analysegrunnlaget tynt. Det same gjeld for kategorien *politikk*, der eitt av 16 innlegg har dialektinnslag, og *kriminalitet* og *næringsliv* som berre inneheld høvesvis åtte og seks innlegg. Det einaste dialektinnlegget i *politikk* er likevel interessant, og eg vil komme tilbake til det når eg kommenterer tabell 4.6.

Som eg nemnte, er sportskategorien den klart største på nettstaden. Sport er nærast det einaste ein diskuterer på *mittglomdal.no*. Og det er vanligvis ikkje snakk om sport generelt; berre sju av dei 27 diskusjonstrådane i kategorien handlar om noko anna enn Kongsvinger ILs herrelag. Da eg samla inn materiale hausten 2010, var KIL i ein liknande situasjon som den Bodø/Glimt var i (sjå del 4.1.1). Klubben var i ferd med å gå konkurs, og dei sportslige resultata var heller ikkje på topp. På same måten som på *nordlending.no* ser den mørke situasjonen ut til å ha trekt til seg engasjerte debattantar. Diskusjonane dreier seg ofte om kva

som bør gjerast for å hjelpe fotballklubben, eller om ein burde la vere å hjelpe og la klubben segle sin eigen sjø. Emnet appellerer sjølvstøtt til sportsinteresserte og KIL-patriotar, men det ser òg ut til å ha engasjert mange som absolutt ikkje likar sport. Desse skriv fordi dei irriterer seg over kor mykje pengar næringslivet bruker på KIL, kor mykje spalteplass avisa bruker, eller kor mykje meddebattantane bryr seg om laget. Kategorien inneheld ikkje meir enn 32 dialektinnlegg og såleis ein prosentdel på 3,98.

Spranget mellom dialektprosenten i kategoriane på *mittglomdal.no* strekker seg altså frå 9,52 i *kultur* til null prosent i *kriminalitet* og *næringsliv*. Likevel har det lite for seg å diskutere desse forskjellane sia kategoriane er så lite omfangsrike. Dei einaste kategoriane som inneheld nok materiale til å basere ein analyse på, er *nyheiter* og *sport*. Det er òg i desse kategoriane dei fleste trådane i tabell 4.6 høyrer til. Tabellen viser diskusjonstrådane på *mittglomdal.no* med høgast dialektprosent.

Rangering	Kategori	Diskusjonstråd	Dialekt-innlegg	Innlegg totalt	Prosentdel på dialekt
1	<i>kultur</i>	Grøne sykklar	2	12	16,67
2	<i>nyheiter</i>	Jente skaut bjørn	3	26	11,54
3	<i>politikk</i>	Kommunesamanslåing	1	10	10,00
4	<i>sport</i>	Eide ny trenar?	1	13	7,69
5	<i>sport</i>	KIL-konsert	4	54	7,41
6	<i>nyheiter</i>	VG-boikott	2	28	7,14
7	<i>sport</i>	Finne tilbake energien	2	29	6,90
8	<i>sport</i>	Dommarkritikk	1	17	5,88
9	<i>sport</i>	Lokal profil	3	57	5,26
	<i>nyheiter</i>	Kyrkjeaksjon	1	19	5,26

Tabell 4.6 Kvantitativ framstilling av dei ti trådane frå *mittglomdal.no* med høgast dialektprosent

Diskusjonstråden med aller høgast dialektprosent på *mittglomdal.no* er "Grøne sykklar" frå kategorien *kultur*. Diskusjonen handlar om eit kunstprosjekt som går ut på å plassere grøn mala sykklar rundt omkring i Eidskog. Tråden inneheld berre 12 innlegg, og to av dei er skriva på dialekt. Desse to innlegga er den einaste årsaka til at *kultur* blei kategorien med høgast dialektprosent på denne nettstaden, og både i denne tråden og i kategorien totalt er analysegrunnlaget tynt.

Tråden "Jente skaut bjørn" hamnar også høgt oppe på lista med ein dialektprosent på 11,54. Dette er ein av trådane frå nyheitskategorien som handlar om jakt og rovdyrforvaltning. Diskusjonen tar utgangspunkt i ei sak om ei 19 år gammal jente som skaut ein hannbjørn under haustjakta. Debattantane som diskuterer saka, kan stort sett delas inn i to grupper: dei som er for jakt på rovdyr i Noreg, og dei som er imot fordi dei meiner bestandane er for små

og sårbare. Eg har kategorisert tre av innlegga i tråden som dialektinnlegg, men talet kunne ha vore høgare om eg hadde rekna innlegg med berre eitt dialektinnslag som dialektinnlegg.⁴³ I ytterligere sju innlegg fins det enkeltinnslag av dialektord, nærare bestemt pronomenet *dem* brukt i subjektsposisjon, supinumsforma *skyti* av verbet *å skyte* og den bestemte fleirtalsforma *sauebønda* av substantivet *sauebonde*. Dersom eg hadde rekna desse innlegga som dialektinnlegg, ville tråden hatt til saman ti dialektinnlegg og ein dialektprosent på 38,46. Av desse ti innlegga er åtte skrive av debattantar som står på same side i "jaktstriden": Alle dialektbrukarane så nær som to er for jakt på rovvilt. Eg vil komme tilbake til dette og liknande funn i del 4.3.8 og 4.4.2.

Kategorien *politikk* har uventa høg dialektprosent på *mittglomdal.no*, men igjen er årsaka at kategorien inneheld så få innlegg samla sett. Det einaste dialektinnlegget i kategorien kjem frå tråden "Kommunesamanslåing", som har den tredje høgaste dialektprosenten på nettstaden. Det er sjølv sagt umulig å trekke kvantitative slutningar om bruk av dialekt ut frå berre eitt dialektinnlegg, men innlegget er likevel interessant i ein kvalitativ samanheng. Diskusjonstråden handlar om ei eventuell samanslåing av to eller fleire av kommunane i Glåmdalen, og ein debattant frå Nord-Odalen er tydelig skeptisk til forslaget. Innlegget inneheld svært klare dialekttrekk, og som eg argumenterer for i del 4.3.8, kan det tenkas at det har noko med lokalpatriotisme og identitet å gjere.

Halvparten av trådane i tabell 4.6 kjem frå sportskategorien. Det er ikkje så rart, i og med at dei aller fleste innlegga frå *mittglomdal.no* kjem herifrå. Det ser også ut til å vere i sportsverda at engasjementet fins i glåmdalsregionen. Alle dei fem sportstrådane i tabellen handlar på ein eller annan måte om krisesituasjonen i KIL, og som eg allereie har vore inne på, ser dette ut til å vere eit tema som fører til heftig debatt.

4.1.4 Oppsummering av dei kvantitative funna

På *nordlending.no* har kategoriane *bil og trafikk* og *sport* mest dialektbruk, med høvesvis 17,65 og 17,31 % dialektinnlegg. Minst dialektbruk finn vi i kategorien *politikk* med berre 1,72 % dialektinnlegg. I tillegg til å vere mellom kategoriane med mest dialektbruk, er *sport* òg den overlegent mest populære kategorien på nettstaden, mykje på grunn av turbulensen i Bodø/Glimt. Mellom trådane med størst dialektførekomst handlar mange om denne krisa, og debattinnlegga viser ofte kjensler og høgt engasjement.

⁴³ Sjå del 3.1.2 for ei utgreiing av kva kriterium eg bruker for å avgjere kva for innlegg som skal reknas som dialektinnlegg.

Materialet frå dei to andre nettstadene er prega av svært ujamn fordeling av diskusjonsaktivitet mellom emnekategoriene, og analysegrunnlaget er tynt for kategoriene med låg aktivitet. *Sport* er kategorien med mest dialektbruk på *Fjordaglimt*, med 12,50 % dialektinnlegg. Det mest engasjerande emnet på nettstaden ser ut til å vere jakt og rovdyrforvaltning, men heller ikkje her bruker debattantane særleg mykje dialekt.

På *mittglomdal.no* fins det eit reelt analysegrunnlag berre for kategoriene *nyheiter* og *sport*, med høvesvis 5,31 og 3,98 % dialektinnlegg. Sportskategorien er prega av diskusjonar om fotballaget KIL, men til forskjell frå fotballdiskusjonane på *nordlending.no*, inneheld ikkje KIL-debattane særleg mykje dialektbruk.

I heile materialet har trådane med mykje dialektbruk fellesnemnarane engasjement, høg temperatur og kjensler.

4.2 Analyse av variasjon mellom nettstadene

Etter presentasjonen av resultatene av undersøkinga, følgjer her ein del der eg kommenterer og analyserer dei. Eg vil starte med å ta for meg dei kvantitative forskjellane mellom dei tre nettstadene. Tabell 4.7 viser tydelig variasjon mellom nettstadene når det gjeld kor mykje dialekt debattantane bruker. Eg vil seie noko om mulige årsaker til desse forskjellane, og som eit ledd i det vil eg sjå på likskapar mellom dei lokale dialektane og dei to offisielle skriftspråka våre.

	Dialektinnlegg	Innlegg totalt	Prosentdel på dialekt
<i>nordlending.no</i>	138	1064	12,97
<i>Fjordaglimt</i>	55	1064	5,17
<i>mittglomdal.no</i>	47	1078	4,36
Totalt	240	3206	7,48

Tabell 4.7 Samanliknande oversikt over dei tre nettstadene. Tal på dialektinnlegg, innlegg totalt og dialektprosent på dei tre nettstadene og i materialet som heilskap.

Som eg vil gå nærare inn på i del 4.3.9, er dialektbruk det markerte valet i alle emnekategoriene på alle nettstadene, og standardskriftspråk er heilt klart den dominerande koden. Det går også fram av tabell 4.7; *nordlending.no* er nettstaden med høgast dialektforekomst, men debattantane her bruker ikkje dialekt i meir enn 12,97 % av innlegga dei publiserer. Talet er kanskje relativt lågt i seg sjølv, men det er atskillig høgare enn tala for dei to andre nettstadene. *Fjordaglimt* og *mittglomdal.no* har berre høvesvis 5,17 og 4,36 % dialektinnlegg.

Kva kan vere bakgrunnen for skilnadene mellom nettstadene? I del 4.3 skal eg legge fram mulige tolkingar av korfor det fins meir dialektbruk i nokre emnekategoriar enn i andre. Her kjem eg m.a. til å legge vekt på personlig engasjement som dialektfremmande faktor. Kanskje kan ein del av grunnen til forskjellane i dialektførekomst mellom nettstadene også ligge her. Kan det vere slik at emna som blei diskutert på *nordlending.no* i tidsrommet da eg samla inn materiale, er meir engasjerande enn dei som blei diskutert på dei andre nettstadene? 72 av dei 138 dialektinnlegga på *nordlending.no* hører til i sportskategorien. Som eg skreiv i del 4.1.1, førde den turbulente situasjonen Bodø/Glimt var inne i hausten 2010, til mange engasjerte debattar. Dette kan vere med å forklare forskjellane i dialektbruk mellom *nordlending.no* og *Fjordaglimt*, som ikkje har eit toppfotballag i det primære dekningsområdet sitt. Men mangel på fotballinteresse kan ikkje forklare korfor *nordlending.no* inneheld meir dialektbruk enn *mittglomdal.no*. Som eg også har nemnt tidligare, var situasjonen i KIL svært lik den i Bodø/Glimt hausten 2010, og engasjementet er høgt også i fotballdebattane på *mittglomdal.no*. Likevel har ikkje dette ført til nemneverdig mykje dialektbruk på denne nettstaden. Vi må altså sjå etter andre forklaringar på forskjellane mellom nettstadene.

Bakgrunnen for at eg valte nettopp desse tre nettstadene, var at eg ønskte å samanlikne mengda av dialektbruk på tre forum frå ulike delar av landet. Eg valte ut nettstadene ut frå ei oppfatning av at enkelte dialektar har fleire fellestrekk med skriftnormalane våre enn andre. Eg ønskte å undersøke om eventuelle geografiske forskjellar kunne forklarast ut frå nærleik mellom dei lokale dialektane og skriftnormalane. Det var eit poeng at minst éin av dialektane frå områda eg valte, skulle ha tydelige likskapar til enten bokmål eller nynorsk, men at alle dialektane samtidig skulle skilje seg klart frå skriftnormalane. Forholdet måtte vere slik at det gikk an å skilje dialekt frå skriftnormal i språket. Eg ville også inkludere ein dialekt som eg venta at ikkje hadde like mange likskapar med skriftnormalane. Eg valte ein nettstad frå kjerneområdet til nynorsken, nemlig *Fjordaglimt*. Dialekten her hadde eg inntrykk av at stemte relativt godt overeins med nynorsknormalen. Vidare valte eg ein nettstad frå austlandsområdet sia det er dialektane her som har mest til felles med bokmålsnormalen. Denne nettstaden var *mittglomdal.no*. Som representant for eit distrikt der eg har inntrykk av at dialekten i mindre grad stemmer overeins med den mest utbreidde målforma i området, valte eg nettstaden *nordlending.no*.

		Salten	Sunnfjord	Glåmdalen	Nynorsk	Bokmål
Substantiv	Hankjønn sv.	en stig(e) – stigen – stiga – stigan			ein stige – stigen – stigar – stigane	en stige – stigen – stiger – stigene
	Hankjønn st.	en gutt – guttn – gutta – guttan	ein båt(e) – båten(j) – båta – båtan(j)e	en bil – biln – biler – bila	ein bil – bilen – bilar – bilane	en bil – bilen – biler – bilene
	Hokjønn sv.	ei flask(e) – flaska – flask(a) – flaskan	ei jente – jenta – jenta – jentene	ei/en sie – sia – sier – sien(e)	ei jente – jenta – jenter – jentene	ei jente – jenta – jenter – jentene
	Hokjønn er-kl. st.	ei bygd – bygda – bygd(e) – bygdn/bygdan	ei høgd – høgda – høgde – høgden(j)e		ei bygd – bygda – bygder – bygdene	ei bygd – bygda – bygder – bygdene
	Hokjønn omlydskl.	ei bok – boka – bøker – bøkern	ei bok – boka – bøke – bøkene		ei bok – boka – bøker – bøkene	ei bok – boka – bøker – bøkene
	Inkjekjønn st.	et hus – huse – hus – husan	eit rike – rike – rike – rika/rikå/rikene	et hus – huse – hus – husa	eit hus – huset – hus – husa	et hus – huset – hus – husa
Verb	Svake a-verb	å elsk – elsk(a) – elska – har elska	å kaste – kasta – kasta – har kasta	å kaste – kaste/kaster – kaste/kasta – har kaste	å kaste – kastar – kasta – har kasta	å kaste – kaster – kasta – har kasta/kastet
	Svake e-verb	å bygg – bygg – bygd(e) – har bygd	å leve – leve – levde – har levd	å leve – leve(r) – levde – har levd	å leve – lever – levde – har levd	å leve – lever – levde – har levd
	Sterke verb 1. kl.	å bit – bit – beit – har bete	å bite – bit(e) – beit – har bete		å bite – bit – beit – har bite	bite – biter – beit – har bitt
	Sterke verb 2. kl.	å bryt – bryt – braut – har brøt(e)/brutt			å bryte – bryt – braut – har brote	å bryte – bryter – brøt(y)t – har brutt
	Sterke verb 3. kl.	å finn – finn – fann – har funne		å finne – finn(er) – fant/fann – har fønni/funni/funnet	å finne – finn(er) – fann – har funne/funni	å finne – finner – fant – har funnet
	Sterke verb 4. kl.	å fær – fær/fer – for – har fore	å fare – fer(e) – for – har fåre		å fare – fer – fór – har fare	å fare – farer – for – har fart
Adjektiv	Gradbøying	fort – fortore/fortar – fortest/fortast	fort – fortare – fortast	fort – fortore – fortest	fort – fortare – fortast	fort – fortore – fortest
Pro-nomen	Personlig nntal subj.	æ/e, du	e(g), du	je/jæ/jæi, du	eg, du	jeg, du
	Personlig eintal obj.	mæ/me, dæ/de	me(g), de(g)	mæi, dæi	meg, deg	meg, deg
	Personlig fleirtal subj.	vi, dåkker/dåkk, di/dem	vi, de/dåke, dei/di	vi, dere, di/dem/dom	vi, de, dei	vi, dere, de
	Personlig fleirtal obj.	oss, dåkker/dåkk, di/dem		de, dem, dom	oss, dykk, dei	oss, dere, dem
	Refleksivt	sæ/se	se(g)	sæi	seg	seg
Spørjande	ka, kem, kor, koffør/kaffør, ka ti, korsn/kordan	ka, kem/kæm, kor/kår/kar		kva, kven, kor, korfor, når/kva tid, korleis	hva, hvem, hvor, hvorfor, når, hvordan	
Nektingsadverb	ikke/ikkj(e), innkj	ikkje/ikkjæ	itte/ikke	ikkje	ikke	

Tabell 4.8 *Dialekttrekk frå Salten, Sunnfjord og Glåmdalen og tilsvarende former i nynorsk og bokmål. Basert på del 2.4.1.*

Ein av hypotesane mine er at nærleik mellom dialekt og skriftnormalar kan føre til at språkbrukarar i mindre grad vik av frå skriftnormalane. I denne hypotesen ligg det ei

implisitt oppfatning av at dialektane i Sunnfjord og Glåmdalen ligg nærare ein av skriftnormalane enn det saltendialekten gjer, og at på grunn av dette vil det vere meir dialektbruk å finne på *nordlending.no*. For å nærme meg ei stadfesting eller avkrefting av denne hypotesen har eg i tabell 4.8 sett opp ei oversikt over dialekttrekk eg har funne i litteraturen om dei tre dialektane. Desse trekka er samanlikna med dei tilsvarende trekka i bokmål og nynorsk. Utheva skrift i oversikta betyr at forma ikkje er lik eller ligg tett opp til former i skriftnormalane. Kursiv markerer dei formene som eg ikkje har funne belegg for i litteraturen. Desse er basert på min eigen språkkjennskap som fødd og oppvaks i saltenområdet, og på hjelp frå kjente med dialektbakgrunn i Glåmdalen. Ordformene i tabellen er valt ut på bakgrunn av kva for former som er nemnt i dialektbeskrivingane frå dei tre distrikta, jf. del 2.4.1.

Ordutvalet i tabell 4.8 er sjølvstøtt for avgrensa til å kunne gi ei grundig samanlikning av dialektane og skriftspråka, men i tabell 4.9 har eg likevel laga ei oversikt over alle formene i kvar dialekt som ikkje ligg tett opp til former i skriftnormalane. Resultatet kan ikkje seie noko sikkert om nærleik mellom dialektane og skriftnormalane, men kanskje kan det gi nokre indikasjonar.

Salten	Sunnfjord	Glåmdalen
gutta (m. subst. ub. fl.)	ein båte (m. subst. ub. eint.)	bila (m. subst. b. fl.)
guttan (m. subst. b. fl.)	båta (m. subst. ub. fl.)	sien(e) (f. subst. b. fl.)
ei flask (f. subst. ub. eint.)	jenta (f. subst. ub. fl.)	kaste (a-vb. pres.)
flaska (f. subst. ub. fl.)	kasta (a-vb. pres.)	kaste (a-vb. pret.)
flaskan (f. subst. b. fl.)	leve (e-vb. pres.)	har kaste (a-vb. sup.)
husan (n. subst. b. fl.)	e (pers. pron. 1. pers. eint. subj.)	leve (e-vb. pres.)
å elsk (a-vb. inf.)	me (pers. pron. 1. pers. eint. obj.)	je/jæ (pers.pron. 1. pers. eint. subj.)
elsk(a) (a-vb. pres.)	de (pers. pron. 2. pers. eint. obj.)	dem/dom (pers. pron. 3. pers. fl. subj.)
å bygg (e-vb. inf.)	dåke (pers. pron. 2. pers. fl. subj.)	itte (nektingsadv.)
bygg (e-vb. pres.)	se (refl. pron.)	
bygd (e-vb. pret)	ikkjæ (nektingsadv.)	
fortar (adj. komp.)		
æ/e (pers. pron. 1. pers. eint. su.)		
mæ/me (pers. pron. 1. pers. eint. obj.)		
dæ/de (pers. pron. 2. pers. eint. obj.)		
dåkker/dåkk (pers. pron. 2. pers. fl. subj.)		
sæ/se (refl. pron.)		
17	11	9

Tabell 4.9 Former frå tabell 4.8 som ikkje fins i ein av skriftnormalane. Tabellen inkluderer berre grammatiske former eg har belegg for i alle tre dialektane.

I tabell 4.9 har eg ikkje talt med dei bøyningane som eg har inntrykk av er svært uvanlige eller som ikkje er inkludert i dei yngste dialektbeskrivingane. Det gjeld m.a. dei bestemte formene *båtenj* og *båtanje* i sunnfjorddialekten og dei apokoperte nektingsadverba *innkj* og *ikkj* i saltendialekten. I oppteljinga har eg dessutan berre rekna med dei grammatiske formene som eg har belegg for frå alle tre dialektområda. Mellom formene som er inkludert i tabell 4.8, er det atskillig fleire frå saltendialekten enn frå dei to andre dialektane som ikkje fins i ein av skriftnormalane. Det kan indikere at språkbrukarar frå Salten i mindre grad enn språkbrukarar frå Sunnfjord og Glåmdalen kan bruke dialektformer og samtidig skrive normrett. Av ordklassane som er representert i tabell 4.9, trur eg særlig dei personlige pronomena kan vere viktige for skriftspråksvanane til debattantane. Personlige pronomena, særlig i 1.-person eintal, ser ut til å vere mykje brukte ord i debattane. Det gjeld særlig i innlegg der forfattaren skriv om egne erfaringar, tankar og kjensler. Det er nærliggande å tenke seg at dei kan fungere som "identitetsmarkørar", fordi dei viser direkte til den som skriv innlegget. Derfor kan samsvar mellom dialekt og skriftnormal vere ekstra viktig på dette punktet. Saltendialekten har dei personlige pronomena *æ/e*, *mæ/me* og *dæ/de*, og formene er ulike dei vi finn i bokmål og nynorsk. I sunnfjorddialekten kan ein bruke *e*, *me* og *de*, akkurat som i enkelte område av Salten, men dette gjeld først og fremst i trykklett posisjon (Bødal 2003: 28). I trykk tung posisjon har dialekten vanligvis *eg*, *meg* og *deg*, som i nynorsk. Glåmdalsdialekten kan ha *je*, *jæ* og *jæi* i 1.-person eintal, men ifølgje Svendsen (1999) er *jæi* i ferd med å ta over for dei andre formene i Nord-Odal, og trulig har resten av regionen ei liknande utvikling. Debattantane på *Fjordaglimt* og *mittglomdal.no* kan altså i større grad enn dei på *nordlending.no* nytte normrett skriftspråk og likevel bruke personlige pronomena frå dialekten sin, og kanskje kan det ha innverknad på språkvalet til debattantane på *nordlending.no*.

Om vi studerer tabell 4.8, ser vi at mellom formene som er ført opp for glåmdalsdialekten, finn vi fleire igjen i bokmålsnorma enn i nynorsknorma. For sunnfjorddialekten er det motsett; her er det fleire dialektformer som stemmer med nynorsknorma enn med bokmålsnorma. Dette harmonerer med kva for skriftspråk dei fleste innbyggjarane i distrikta har som hovudmål, jf. del 2.4.1.2 og 2.4.1.3, der eg gjer greie for at bokmål er det dominerande skriftspråket i Glåmdalen og likeins nynorsk i Sunnfjord. Når det gjeld saltendistriktet, er forholda annleis. Av dei formene som er ført opp av denne dialekten, og som går igjen i ein av dei offisielle skriftnormalane, finn vi elleve i nynorsknorma: presensformene *bit*, *bryt*, *finn* og *fer*, preteritumsformene *braut* og *fann*, supinumsforma *har*

funne, superlativen *fortast*, dei spørjande pronomena *kor* og *ka tid* (*kva tid*) og nektingsadverbet *ikkje*. Vi finn seks former igjen i bokmålsnorma: supinumsforma *har brutt*, komparativen *fortere*, superlativen *fortest*, dei personlige pronomena *di* (*de*) i subjektsform og *dem* i objektsform og nektingsadverbet *ikke*. Resten av formene som svarer til ein skriftnormal, finn vi i begge målformene. Dessutan liknar mange av dei formene som ikkje fins i skriftnormalane, meir på den tilsvarande nynorskforma enn på bokmålforma, f.eks. *stiga* (nynorsk: *stigar*, bokmål: *stiger*), *stigan* (nynorsk: *stigane*, bokmål: *stigene*) og *elska* (nynorsk: *elskar*, bokmål: *elsker*). Dette kan indikere at dialekten morfologisk sett har meir til felles med nynorsknorma enn med bokmålsnorma. At mange nordnorske dialektar liknar meir på nynorsk enn på bokmål, finn vi støtte for hos Elstad (1984). Han viser at tromsmåla har meir til felles med nynorsk enn med bokmål, m.a. med omsyn til formverket. Med unntak av apokopen og fleirtalsbøyinga av hokjønnsst substantiv er formverket i saltendialekten nokså likt det i tromsmåla. Likevel er bokmål heilt klart det dominerande skriftspråket i distriktet, jf. del 2.4.1.1. Etter dette resonnementet kan vi peike på ein forskjell mellom Salten og dei to andre distrikta: I Sunnfjord og Glåmdalen bruker innbyggjarane stort sett den offisielle målforma som ligg nærast dialekten deira, mens mykje tyder på at ein ikkje gjer det i Salten. Saltendialekten liknar trulig meir på nynorsk enn på bokmål, men denne likskapen har nok lita eller inga praktisk betydning for innbyggjarane når dei uttrykker seg skriftlig. Det er ikkje realistisk å tru at den jamne saltværingen er særlig medvite om nynorsknorma og reknar ho som eit skriftspråksalternativ. I praksis er såleis bokmål det einaste reelle valet til debattantane på *nordlending.no* om dei vil skrive normrett. Kanskje kan skriftspråksituasjonen i Salten og skilnadene mellom den lokale dialekten og bokmålsnorma vere med på å forklare korfor skriven dialekt er vanligare på *nordlending.no* enn på dei andre nettstadene.

Vi har altså sett at det er visse geografisk forankra forskjellar i materialet. Det er mest nærliggande å tolke skilnadene ut frå varierende nærleik mellom dei lokale dialektane og skriftnormalane. Ut frå mi overflatiske oppteljing ser det ut som at saltendialekten er den som stemmer dårligast overeins med skriftnormalane. I formverket ligg han trulig nærare nynorsk enn bokmål, men likskapen til nynorsk har sannsynligvis lita praktisk betydning ettersom bruk av nynorsk neppe er særlig aktuelt for dei fleste av debattantane på *nordlending.no*. Det er likevel umulig å seie noko vilkårslaust om bakgrunnen for den geografiske variasjonen ut frå dei undersøkingane eg har gjort her. I denne samanhengen kan eg berre peike på forhold

som kan vere relevante for å forstå språkbruken, men det vil krevje grundigare granskingar å få ei djupare forståing av desse forholda.

4.3 Analyse av variasjon mellom emnekategoriene

Tabell 4.10 viser resultatet for dei sju emnekategoriene på alle nettstadene slått saman. Som vi såg i del 4.1, er det ikkje dei same kategoriene som inneheld mest dialektbruk på kvar nettstad. På *nordlending.no* er det mest dialektbruk i *bil og trafikk*, mens dette emnet hamnar heilt nedst på *Fjordaglimt*. Likevel er det mulig å sjå visse tendensar i materialet som heilskap. *Bil og trafikk* er emnekategori som fører til mest dialektbruk, dernest kjem *kriminalitet* og *kultur*. Som eg allereie har poengtert, er dialektbruken aldri dominerande; normrett skriftspråk er i klar overvekt i alle kategoriene. Eg meiner likevel at eit sprang frå 11,91 % dialektinnlegg i *bil og trafikk* til 3,65 % i *politikk* er verd å sjå nærare på. I denne delen av avhandlinga vil eg legge fram nokre tolkingar av korfor enkelte samtaleemne ser ut til å føre til meir dialektbruk enn andre.

Kategori	Dialektinnlegg	Innlegg totalt	Prosentdel på dialekt
<i>bil og trafikk</i>	23	193	11,91
<i>kriminalitet</i>	10	88	11,36
<i>kultur</i>	19	178	10,67
<i>sport</i>	108	1253	8,61
<i>nyheiter</i>	66	1160	5,68
<i>næringsliv</i>	5	88	5,68
<i>politikk</i>	9	246	3,65
Totalt	240	3206	7,48

Tabell 4.10 Samla kvantitativt resultat for dei sju emnekategoriene

Det er ikkje alltid det er like lett å sjå nokon eintydig tendens i dialektinnlegga i ein emnekategori. Som det går fram av tabell 4.10, har *kultur* 10,67 % dialektinnlegg, og er såleis kategorien med tredje mest dialekt. Om vi ser nærare på dialektinnlegga i denne kategorien, er det vanskelig å finne klare fellestrekk mellom dei. Fleire av dei er skrive av debattantar som eg har inntrykk av bruker dialekt uansett kva dei diskuterer, og såleis er det lite trulig at emnet har nokon innverknad på kva for språkkode som blir brukt. Andre gongar ser dialektbruken ut til å henge saman med at dei som skriv, vender seg direkte mot ein bestemt person som dei kanskje kjenner frå før. Eksempel på det finn vi i tråden "Ingrid vidare i X Factor" på *nordlending.no*, som handlar om ei jente frå dekningsområdet til *Avisa Nordland* som deltok på det TV-sendte talentprogrammet X Factor. Her kjem dialektinnsloga i innlegg formulert

som personlige meldingar til jenta. I andre tilfelle igjen fins dialektbruken i trådar om utprega folkelige kulturelle emne, som Melodi Grand Prix. Det kan henge saman med skriftspråkholdingar, som eg skal gå inn på i del 4.3.2.

I andre kategoriar kjem etter kvart eit slags mønster til syne i dei innlegga som er skrivne på dialekt. I materialet mitt gjeld det særleg emnekategoriane øvst i tabell 4.10: *bil og trafikk* og *kriminalitet*, i tillegg til sportskategorien, som har heile 17,31 % dialektinnlegg på *nordlending.no*. I desse kategoriane ser det ut til å vere ein samanheng mellom samtaleemne og språkbruk, og det er i hovudsak desse kategoriane eg kjem til å fokusere på i denne delen av arbeidet. I tillegg fins det òg visse fellestrekk mellom dei standardprega innlegga som dominerer særleg kategoriane *næringsliv* og *politikk*, noko eg snart kjem tilbake til.

I delane som følgjer, vil eg ta utgangspunkt i dei kvantitative resultata eg presenterte i del 4.1, og gjere kvalitative punktnedslag for å avdekke mulige forhold som kan ligge til grunn for forskjellane mellom emnekategoriane. Eg vil også drøfte årsaker til høg dialektprosent i enkelttrådar og enkeltinnlegg sjølv om ikkje nødvendigvis kategorien dei høyrer til, er mellom dei med mest dialektbruk. Som ei første kvalitativ tilnærming til materialet, vil eg i del 4.3.1 vise innlegg som illustrerer to ulike skriftspråkstilar i materialet.

4.3.1 Ytterpunkta i materialet: to skriftspråkstilar

Som det går fram av tabell 4.10, er det langt tettare mellom dialektinnlegga i kategoriar som *bil og trafikk* og *kriminalitet* enn i *næringsliv* og *politikk*. Til ein viss grad kan vi snakke om to ulike stilar i materialet – ein formell og standardisert stil, som ein finn meir av i kategoriane nedst i tabellen, og ein meir uformell og dialekt nær stil, som blir meir brukt i kategoriane øvst i tabellen. For å forenkla vil eg i det som følgjer, kalle dei to stilane høvesvis *kode 1* og *kode 2*. Det er viktig å presisere at det ikkje fins nokon rein dikotomi i forholdet mellom dei to stilane sia debattinnlegga i materialet kan vere meir eller mindre formelle og meir eller mindre dialektprega. Kanskje kan vi heller snakke om eit kontinuum frå det heilt normrette og formelle skriftspråket til det svært dialektprega og uformelle språket. På dette kontinuumet kan vi skilje ut to ytterpunkt, og i denne delen av arbeidet vil eg vise innlegg eg meiner representerer desse to ytterpunkta eller skriftspråkstilane.

Diskusjonane i kategoriane nedst i tabell 4.10 har gjerne noko "seriøst" og saklig over seg. Debattantane som diskuterer næringsliv eller politikk, argumenterer for synet sitt, og det ser ut til at dei ønskjer å bli oppfatta som velorienterte og fornuftige. Innlegg 14 er representativt for denne typen debattar.

14

Forurensing fra RV 80 kan umulig gi grunnlag for økologisk jordbruk på Rønvikjordene. Selg området og benytt inntektene til å utvikle landbruket i distriktet, noe som kan bidra til bosetting utenom sentrumsområdet.

(A. L. i tråden "Rønvikjorda", *nordlending.no*)

Debattanten legg fram argumenta og meiningane sine på ein oversiktlig og klar måte. Formuleringane ber preg av at forfattaren har tenkt gjennom dei før han publiserte innlegget; det inneheld fullstendige setningar med subjekt, finitt verbal, punktum og komma, og ingen av orda ser ut til å vere "slengt" impulsivt inn i ytringa. Innlegget inneheld ikkje dialektbruk og heller ikkje andre avvik frå normalskriftspråket som f.eks. smilefjes, ukonvensjonell bruk av store og små bokstavar eller ukonvensjonell teiknsetting. Heilt hypotetisk kunne vi tenkt oss at ei meir direkte og munnlig formulering av innlegget kunne sett slik ut: "Det går ikke an å driv økologisk jordbruk på Rønvikjordan, det e førr mye forurensing fra riksveien. Selg marka og bruk pengan på landbruk på bygda!!! Kanskje nån fleir vil bo utaførr byen da...". Det fins atskillig færre innlegg med eit direkte og dialektnært språk i kategoriane *næringsliv* og *politikk* enn i f.eks. *bil* og *trafikk*. Det kan sjå ut som at debattantane bruker nokre sekund ekstra på å formulere seg med ein saklig og klar stil når dei diskuterer saker som handlar om næringsliv eller politikk. Innlegg **15** er henta frå ein politisk diskusjon på *Fjordaglimt*.

15

Tilskudd til bygging vil kome i 2011. Kanskje det tek litt lengre tid å byggje ut.

Regjeringa lova 10 000 nye årsverk i omsorgssektoren innan 2009. Dette er oppfylt. Dessutan har veksten i kommuneøkonomien og komonale prioriteringar av omsorgstenestene gitt ein betydeleg vekst i antalet årsverk i 2006,2007 og 2008. Til saman ein vekst på 14 100 årsverk.

Så regjeringa innfrir.

(O. i tråden "2000 nye sjukeheimplassar", *Fjordaglimt*)

Dette innlegget inneheld fleire kortare og ufullstendige setningar, f.eks. "Til saman ein vekst på 14 100 årsverk". Språket ber derfor ikkje like tydelig preg av å vere planlagt som det i innlegget av A. L. Likevel meiner eg at også dette innlegget er nokså typisk for debattane i *politikk* og *næringsliv*. Debattanten baserer argumentasjonen på konkrete faktaopplysningar og tal, noko som går igjen i fleire av innlegga frå desse kategoriane. Heller ikkje dette innlegget inneheld unormerte språktrekk som dialekt, ukonvensjonell bruk av store og små bokstavar eller ukonvensjonell teiknsetting. Innlegg **14** og **15** kan tene som eksempel på ein *gjennomtenkt, formell og standardisert skriftspråkstil*, altså *kode 1*.

Språkbruken i innlegg **14** og **15** skil seg nemneverdig frå den i enkelte innlegg frå andre emnekategoriar, f.eks. dette frå *sport* på *nordlending.no*:

16

Ja bære skjyll på trænarn! Han Kåre va vell førr faen ikkje me å spælla? Eller ha eg messførsti heile greian? Trudd dæ va di utpå "MATTA" så spennna fotball, å hann KÅRE&co på sidelennja så BRUKA KJÆFT? Dæ e Spælleran så må kvitt seg mæ STJÆRNENYKKAN sin, åsså bynn å konnsetrer seg om dæ DI SKA JØR!!! [...]

(K. Å. i tråden "Kåre", *nordlending.no*)

Tonen i argumentasjonen i innlegg **16** er ein heilt annan enn den nøkterne vi såg i dei to førre innlegga. I staden for å bruke saklige argument for å overtyde meddebattantane, vel K. Å. å kommunisere via eit ekspressivt og til dels offensivt språk. Det kjem til uttrykk gjennom bannskap, overdriven bruk av utropsteikn og overdriven bruk av store bokstavar. Det sistnemnte grepet blir av og til brukt i nettspråk som ein parallell til roping, altså ein måte å framheve ein bodskap på (Crystal 2006: 92). I tillegg er språket prega av gjennomført dialektbruk. Enkelte av dialekttrekka, f.eks. det personlige pronomenet *eg*, tyder på at debattanten ikkje er frå Salten, eller i alle fall ikkje frå kjernedekningsområdet til *Avisa Nordland*. Innlegget kan uansett tene som eksempel på ein *direkte, uformell og dialekt nær skriftspråkstil*, altså *kode 2*. Det er sjølvsagt ikkje slik at alle innlegga frå sportskategorien ser ut som dette, og alle innlegga frå *næringsliv* og *politikk* liknar ikkje på innlegg **14** og **15**. Men som det kjem fram av tabell 4.10, fins det fleire dialektinnlegg i kategoriar som *sport*⁴⁴, *bil* og *trafikk* og *kriminalitet* enn i *næringsliv* og *politikk*.

I del 2.2 gjorde eg greie for korleis forholdet mellom munnlig språk, skriftlig språk og nettspråk blir framstilt i litteraturen. I del 4.5 vil eg på grunnlag av empirien frå undersøkinga som ligg til grunn for denne avhandlinga, ta opp forholdet mellom munnlig språk, skriftlig språk og nettspråk på nytt. Her vil eg m.a. komme tilbake til skilnader dei to ytterpunkta *kode 1* og *kode 2*, særleg med tanke på eigenskapar som tradisjonelt er knytt til munnlig og skriftlig språkbruk.

4.3.2 Språkholdningar

Vi har sett at det går an å skilje ut to skriftspråkstilar i materialet; ein gjennomtenkt, formell og standardisert *kode 1* og ein direkte, uformell og dialekt nær *kode 2*. Vi har også sett at eit

⁴⁴ I sportskategorien finn vi den høge dialektprosenten først og fremst i materialet frå *nordlending.no*. Sjå tabell 4.1 s. 52.

dialektprega skriftspråk blir brukt meir om emne som *bil og trafikk* og *kriminalitet* enn om *næringsliv* og *politikk*. Når eg no skal gå i gang med å drøfte forhold som kan ligge til grunn for dette mønsteret, kan det vere formålstenlig å starte med å seie noko om *språkholdningar*. Vi språkbrukarar har ofte visse holdningar til ulike språkstilar, og i fleire undersøkingar har det blitt påvist at vi har ein tendens til å tillegge personar bestemte eigenskapar ut ifrå korleis dei snakkar. Ein mykje brukt måte å undersøke språkholdningar på er den såkalla *matched guise-* eller *masketest-*metoden. Han går ut på at ein lar eit panel av informantar lytte til to ulike innspelingar av same personen, der ulike språkkodar blir nytta i kvar innspeling. Informantane skal ikkje vite at det er den same personen som har lese inn begge/alle innspelingane. Vidare lar ein informantane svare på spørsmål om personane som les, f.eks. om dei er høgt eller lågt utdanna, meir eller mindre intelligente, vennlige eller uvennlige osv. (Swann mfl. 2004: 200). I fleire slike testar blir dialektbrukarane tillagt eigenskapar som umoderne, landlig, dum og treg, mens personar som bruker standardtalemål eller eit bymål med høg status, gjerne blir oppfatta som kompetente, urbane og moderne, men også som arrogante og sjølvsikre (Pedersen 1986, Kleiven 1975). Pedersen (1986) har undersøkt holdningar til dialekt og dialektbrukarar på Fyn. I oppsummeringa av funna sine seier ho at standardvarieteteten blir knytt til status og formalitet, mens dialektvarieteteten ofte signaliserer *gruppesolidaritet* (n.v. 29).

I del 2.4.2 nemnte eg at det også har blitt gjort undersøkingar av holdningar til ulike *skriftspråkstilar*, f.eks. Johansen (1998). Det viser seg at mange assosierer såkalla radikale og dialektliknande skriftspråksformer med "folkelige" og mindre seriøse verdiar, mens ein konservativ språkstil blir assosiert med urbanitet, sakligheit og seriøsitet. Johansen (n.v.) undersøkte holdningar til normert språk, mens eg undersøker innslag av dialektformer som ikkje er ein del av skriftnormalane våre. Likevel kan vi tenke oss at debattantane på nettstadene eg har henta materiale frå, bevisst eller ubevisst ser på ein normrett skriftspråkstil som den mest passande å bruke om "seriøse" emne som næringsliv og politikk. På den andre sida er kanskje terskelen lågare for å ta i bruk eit dialektprega og unormert skriftspråk når ein diskuterer meir "folkelige" emne som bil eller fotball. Det kan vere ei av årsakene til at språkbruken i diskusjonane eg studerer, ser ut til å variere ut frå emnet for diskusjonen. Ifølgje Sandøy (1996: 97) hører emne saman med mottakar og rolle inn i det vi kallar "språkbrukssituasjonen". Vi opplever gjerne at ulike språkbrukssituasjonar krev ulike stilar, frå det formelle til det uformelle, og dermed kan vi komme til å tilpasse språket vårt deretter.

Denne mekanismen ligger jo også til grunn for termen *situasjonsskifte* (Blom og Gumperz 1972), som eg gjorde greie for i del 2.5.1.

Holdningar til kva for språkstil som passar til ulike samtaleemne, kan vere med å forklare variasjonen mellom dei ulike emnekategoriene. Men denne avhandlinga er ikkje noka holdningsundersøking, og det er vanskelig å seie noko om holdningane til språkbrukarane utan å ha undersøkt dei. Derfor kan vi ikkje trekke vilkårsause slutningar om samanhengen mellom språkholdningane og skriftspråket til skribentane, men vi bør likevel vere klar over at holdningar kan vere ein del av bakgrunnen for mønsteret vi ser. I det som følger, vil eg vise andre mulige tolkingar av forskjellane i språkbruken mellom emnekategoriene.

4.3.3 "Vi"-koden og "dei"-koden

I analysen av forskjellane i dialektbruk mellom emnekategoriene kan det vere fruktbart å trekke inn etablerte teoriar frå sosiolingvistisk forskning. Ein slik teori er Gumperz (1982) sitt skilje mellom "we-codes" og "they-codes". Som eg forklarar i del 2.5.1, viser "vi"-koden til eit slags gruppespråk som blir assosiert med interne og uformelle aktivitetar, mens "dei"-koden er ein motsett kode som blir assosiert med meir formelle og seriøse situasjonar (n.v. 66). Teorien har blitt nytta i nettspråkssamanheng tidligare, av Hinrichs (2006), som studerer kodeveksling mellom standard engelsk og jamaikansk kreolspråk i eit korpus av jamaikanske e-postar og annan nettkommunikasjon. Han undersøker kodeveksling i samband med endringar i sosial setting, samtaleemne og adressat, og av desse variablane er særleg samtaleemne relevant for meg. Hinrichs samanfatar teorien om "vi"-kode og "dei"-kode på denne måten: "topics that entail a high degree of personal involvement, tend to be discussed in a 'we'-code, while the 'they'-code tends to be used for [...] topics of a more general, objective, distanced nature" (Hinrichs 2006: 54). Hinrichs finn at dette stemmer for mange av nettsamtalane han undersøker: "the topic in which the 'we'-code is used is one which promotes more personal involvement" (n.v. 55).

Korleis passar teorien om "vi"-kodar og "dei"-kodar på materialet mitt? Det er ein viktig forskjell mellom språkforholda Hinrichs undersøker, og dei eg studerer. Variasjonen mellom standard engelsk og jamaikansk kreolspråk i nettspråkmaterialet til Hinrichs er ei avspesling av ein variasjon mellom talt standard og talt kreolspråk som fins i samfunnet utafor nettet. Situasjonen han studerer, er derfor meir samanliknbar med dei forholda Gumperz hadde i tankane da han utvikla denne teorien. Forholda er ikkje dei same for det språksamfunnet eg har henta materiale frå; dei færraste nordmenn veksler mellom standard og

dialekt i munnlig språkbruk. Hos oss hører dialekt vanligvis til i talt språk og normert språk til skriftspråket. Likevel fins det skriftlige domene der ein del språkbrukarar vel å bruke dialekt, og desse domena har blitt fleire med framveksten av nettbasert kommunikasjon. Om vi skal overføre termene til Gumperz til materialet mitt, er det nærliggande å gå ut ifrå at det dialektliknande skriftspråket, jf. *kode 2*, kan fungere som ein "vi"-kode og det normrette skriftspråket, jf. *kode 1*, som ein "dei"-kode. Sia materialet mitt er henta frå forum der deltakarane i utgangspunktet er framande for kvarandre, og der kommunikasjonen potensielt kan lesas av kven som helst med tilgang til Internett, kan vi vanskelig snakke om at "vi"-koden fungerer som eit internspråk for ei avgrensa gruppe språkbrukarar, slik termen opphavlig var definert (Gumperz 1982: 66). Likevel gir det ei viss meining å samanlikne det dialektliknande språket vi finn på dei tre nettstadene eg undersøker, med ein "vi"-kode. Det ser nemlig ut til at dette språket blir meir brukt i uformelle samanhengar enn i formelle, eller meir spesifikt: Debattantane på dei tre nettstadene ser ut til å bruke mest dialekt når dei diskuterer *emne* som kan oppfattas som uformelle.

4.3.4 Provokasjon

Hinrichs (2006: 55) meiner altså å sjå ein tendens til at språkbrukarane i materialet hans bruker "vi"-koden når dei diskuterer emne som fører til høg grad av personlig engasjement. I mitt tilfelle vil "vi"-koden seie eit dialektprega og ikkje normrett skriftspråk. Som det kjem fram i tabell 4.10, finn vi mest dialektbruk i kategoriane *bil og trafikk* og *kriminalitet* om vi ser heile materialet under eitt. Kan vi kalle desse emna "topics that entail a high degree of personal involvement" (Hinrichs 2006: 54)? Om vi ser nærare på nokre av dialektinnlegga frå desse kategoriane, er det nærliggande å konkludere med at svaret er *ja*. Innlegg 17 er henta frå kriminalitetskategorien på *Fjordaglimt* og handlar om at nokon har skadeskote ein katt for å more seg.

17

er du helt steitjane gale du som gjør slike ting,,,du eiger ikke det minste fornuft i ditt haude,,,og toatal mangel på oppdragelse heiman i frå...

(K. N. i tråden "Skadeskaut katt", *Fjordaglimt*)

Her kjem dialekten til uttrykk i ord som *steitjande*, *gale* og *haude*. Forfattaren vender seg direkte til den ukjente skyldige bak skytinga og er tydelig opprørt over det som har skjedd. Debattanten kallar den som skaut *steitjane gale* og påstår at personen manglar fornuft og

oppseding heimafrå. Den som har skrive innlegget, er heilt klart personlig engasjert og også provosert over at folk kan gjere noko så grufullt mot eit uskyldig dyr. Vi kan finne eit element av provokasjon i fleire av dialektinnlegga frå kategorien *kriminalitet*. Det er lett å la seg hisse opp når ein får høre om andre menneske som gjer ting vi ser på som sjøkkerande og øydeleggande, men det er ikkje alltid det er gjerningspersonen bak ei kriminell handling som aggresjonen blir retta mot. I fleire tilfelle går debatten over til å handle om måten politiet har handtert lovbrøt på, og da er det politiet og styresmaktene som er årsakene til provokasjon og harme mellom debattantane. Innlegg **18** er henta frå ein diskusjonstråd under ei sak om ei rekke hendingar der parkerte bilar har blitt ramponert i Førde.

18

[...] i mange tilfelle får politiet nesten dei skyldige levert opp i hendene, men henlegge fortsatt saka uten å forhøyre dei. Har sjøl vårte utsatt for tjuveri der eg sa kem som hadde gjort det og kor tjuvgodset sto.. tre veker seinare kom det brev med henlagt pga bevisets stilling.. Veit du kvifor? FORDI DET IKKJE ER LØNNSAMT.. Politiet prioriterer ikkje sånne saker. Men derimot vist eg hadde prøvd å stoppe dei og eventuelt kakka ned ein av dei, DÅ hadde det blitt ei storsak! og eg hadde såte i saksa.. Norge er eit paradys for småkriminelle... Lurer på kvifor?
(*T. E.* i tråden "Ramponerte bilar", *Fjordaglimt*)

På dette tidspunktet har debatten gått over frå å handle om den konkrete hærverksaka til å ta for seg korleis politiet generelt behandlar meldte kriminalsaker. *T. E.* reagerer på at mange slike saker blir skrinlagt på grunn av mangel på bevis. Han trekker fram eit eksempel frå eit tjuveri han sjølv har vore utsett for og meldt til politiet, men som blei lagt til sides. Til liks med i innlegg **17** er tonen her tydelig provosert. Det at debattanten er personlig engasjert i emnet, blir understreka av at han fortel om ei sjølvopplevd erfaring. Innlegget inneheld dialektinnslag, som f.eks. i *henlegge*, *vårte* og *kem*, og normstridig fordeling av store og små bokstavar.

Det er ikkje berre i debattane i kategorien *kriminalitet* at debattantane rettar harme mot overmakta. Denne typen engasjement kjem kanskje enda tydeligare fram i *bil og trafikk*. Her tar fleire av diskusjonane utgangspunkt i saker om fartskontrollar, og debattantane irriterer seg ofte over at politiet bruker ressursar på fartskontrollar, som dei meiner er unødvendig. Eit tilbakevendande synspunkt er at ein burde kutte ut fartskontrollar i 90-soner og heller ha fleire i tettbygde strøk. Det kan sjå ut som at fleire debattantar oppfattar fartskontrollane som ein trussel mot deira eigen fridom til å ferdes som dei vil i trafikken. Fleire skyldar òg politiet for å ha fartskontrollar berre for å få tak i pengane til bilistane. Innlegg **19** viser desse tendensane.

19

E sjønna di e ivrig etter å få inn penga i statskassa, men fan heller, da e væll nåen 50 å 60 sona som heller sku ha hatt nåen kontrollå istede...Ser ikje før me att da e så mange 5,6,7,8,9,10 åringa som sykla etter motorveien i saltdalen..Trur di e ganske sekker dær om bilan kjør over 100 km i timen...Haloooooo

(G. M. i tråden "UP-kontroll Saltdal", *nordlending.no*)

Innlegg **20** er henta frå ein tråd som tar utgangspunkt i ei sak om ei undersøking Statens vegvesen har gjort av ulykkesstatistikken i Nord-Noreg. Debattanten *B. K.* viser at han lar seg provosere over påstanden om at høg fart er hovudårsaka til dødsulykker på nordnorske vegar.

20

Høy fart e ikke hovedårsaken til ulykker! D stemmer ikke! Og d veit vel de fleste! Så d e ingen som skjønner koffør at d står skrevet her i avisa at d e hovedårsaken, selv om d ikke e d!

(*B. K.* i tråden "Fart drep", *nordlending.no*)

Begge innlegga har til felles at dei uttrykker skepsis til farane ved høg fart, og det kan verke som forfattarane opplever offentlig regulering av køyrefart som provoserande. Begge innlegga har ein ekspressiv og til dels aggressiv tone; det første med bannskap i *fan heller* og det sarkastiske uttrykket *haloooooo* på slutten, og det andre med bruk av utropsteikn der det kunne stått punktum eller komma. Dei inneheld begge tydelige dialekttrekk, sjølv om debattanten *G. M.* er meir konsekvent i dialektbruken enn *B. K.* Sistnemnte blandar dialekttrekk som *e* (presens av *å vere*) og *koffør* med normalformer som *stemmer* og *skjønner*. Eg vil gå nærare inn på blanding av dialekt og skriftnormal og av dei to offisielle målformene i del 4.4.1.1 og 4.4.1.2.

Det er ikkje berre fartskontrollar som provoserer debattantane i *bil og trafikk*-kategorien. Forfattaren av innlegg **21** reagerer på korleis politikarane i Bodø kommune fordeler ressursane dei rår over.

21

Har faen ikke ført [*hørt*] noe om valg. det har partiene gjort mellom seg . SATANS politikere sei æ bare. Penger til det han [*har*] di men ikke til å fikse sykehjemmene eller sykehuset eller veien. di sku ha vert skutt!!!!!!!!!!!!!!!!!!!!

(*M.* i tråden "Kaos i Dronningens gate", *nordlending.no*)

Debatten som innlegget er henta frå, hører til ei sak om trafikkaos i ei gate i Bodø sentrum på grunn av anleggsarbeid. Arbeidet var første ledd i bygginga av eit omstridd kulturhus i byen, det såkalla kulturkvartalet. Mange av innbyggjarane i Bodø er svært skeptisk til dette prosjektet, m.a. fordi det nye bygget vil tette igjen havutsikta i sentrum, og fordi dei er ueinig i den arkitektoniske utforminga. Sjølv avissaka handlar om eit trafikkproblem, men debatten

under handlar stort sett om kulturkvartalsaka. Debattanten *M.* uttrykker eit veldig sinne overfor politikarane, som har løyvd pengar til kulturkvartalet når det fins sjukeheimar, sjukehus og vegar som treng opprusting. Språket inneheld innslag av dialekt, og aggresjonen kjem til uttrykk gjennom bannskap som i *faen* og *SATANS*, og gjennom utsegna om at politikarane skulle ha vore skote med ei lang rekke utropsteikn bak. Innlegget tener som eksempel på aggresjon og personlig engasjement i kategorien *bil og trafikk*, men det er interessant å merke seg at tråden det er henta frå, i realiteten handlar om politikk. Som eg var inne på i del 3.1.1 av metodekapitlet, har eg ingen garantiar for at diskusjonstråden under ei avissak berre handlar om det som er emnet i saka. I materialet frå *nordlending.no* fins det tre trådar som handlar delvis om kulturkvartalet. Berre éin av dei hører til ei sak som er kategorisert under emnekategorien *politikk*; dei to andre hører til i *bil og trafikk*. Alle tre trådane inneheld dialektinnslag, og det er tydelig at saka om kulturkvartalet engasjerer. På *nordlending.no* inneheld kategorien *politikk* berre eitt dialektinnlegg, og det er frå saka om kulturkvartalet.

4.3.5 Forbrukaraspektet

Personlig engasjement i form av provokasjon og aggresjon kan vere mellom årsakene til den forholdsvis høge dialektprosenten i kategoriane *kriminalitet* og *bil og trafikk*. Når det gjeld den sistnemte kategorien, trur eg også at noko eg vil kalle "forbrukaraspektet", spelar inn. Sakene frå denne kategorien tar ofte for seg emne som kan verke direkte inn på kvardagen til bilistane. Og bilistane kommenterer sakene, ofte med stort engasjement. Vi har allereie sett dette i innlegga til *G. M.* og *B. K.* om fartskontrollar og farane med høg fart. Tendensen kjem også fram i innlegg **22**, men her utan at debattanten viser den same harmen som i dei tidligare innlegga.

22

Det var visst bevilga pengar til å fikse detta i år, men de er visst brukt på andre plasser, men je må vel sende søknad til vegvesenet om at dom betaler halvparten av vedlikeholdskostnadene på understellet på bilen min, jeg betaler jo til dom.....??

(*L. E. A.* i tråden "Ny asfalt", *mittglomdal.no*)

Tråden innlegget kjem frå, hører til ei sak om at det blir lagt ny asfalt på ei vegstrekning i Kongsvinger. Men debattantane er ikkje fornøgde; dei meiner at kommunen burde ha prioritert ei anna og dårligare vegstrekning først. Debattanten *L. E. A.* ser ut til å meine at vegvesenet er indirekte skyld i skader på bilen hans gjennom å ikkje vedlikehalde vegen. Innlegget

tydeliggjer at saker frå *bil og trafikk* ofte påverkar debattantane meir direkte enn f.eks. ei *politikk*-sak om medlemsras frå Fellesforbundet. Det at debattanten bruker dialekt, er interessant òg i tråd med det Hinrichs (2006: 54) seier om at vi ofte bruker "vi"-koden om saker som fører med seg høg grad av personlig engasjement. Vi kan tenke oss at debattanten opplever at saka vedkjem han som forbrukar, noko som fører til personlig engasjement, som igjen kan vere med å forklare dialektbruken.

4.3.6 Kjensler

Om vi ser på dei samla resultatane for alle tre nettstadene, er det kategoriane *bil og trafikk* og *kriminalitet* som inneheld mest dialektbruk. På *nordlending.no* hamnar også kategorien *sport* høgt oppe på lista med heile 17,31 % dialektinnslag⁴⁵, noko som er mykje i forhold til resten av materialet. Som eg fortalte om i del 4.1.1, handlar dei fleste diskusjonstrådane i denne kategorien om fotballaget Bodø/Glimt. Hausten 2010 var som sagt ein urolig periode for fotballklubben fordi han sleit økonomisk og sportslig. Da det blei kjent at klubben gikk mot konkurs, deltok mange i diskusjonen om korleis ein skulle redde klubben. I september gikk dei to kjente fotballbrørne Runar og Ørjan Berg ut og sa at dei ville skaffe klubben tre millionar kroner. Dette utspelet såg ut til å inspirere mange, for i dagane som følgde, kom fleire bedrifter og privatpersonar på banen for å forsøke å skaffe pengar til klubben. To bensinstasjonar i Bodø gav to dagars bilvaskinntekter til Bodø/Glimt, eit idrettslag i Lofoten donerte 200 kilo skrei med lever og rogn, ein ivrig supporter sto fleire dagar på rad aleine på torget og selte vaflar, og Glimt spela kampar med kontonummeret til klubben trykt på drakta. Nettavisa *an.no* skreiv om alle desse initiativa, og sakene fekk mange kommentarar frå entusiastiske lesarar. Diskusjonstrådane som høyrer til desse og liknande saker, er mellom dei med høgast dialektprosent i heile materialet⁴⁶. Eksempel **23** er henta frå tråden under saka om bensinstasjonane som donerte pengar til Bodø/Glimt.

23

HÆLI!!!

Æ får frysninga helt ned på tærne..å tåran præssa på når æ læs korr mye Glimt betyr for han Runar og restn av Nord-Norge <3

D e så fantastisk fint å vær på myra på søndagskveldan..når høstn har sænka sæ..å frostrøyken står ut av munn din..! D e mørkt å flomlysan stirra på spælleran nede på gressmatta..mens du sitt på tribuna...kaffekoppen i ene handa å pølsa i andre..Spenninga å forhåpningan e ta å føle på... Kem vil vel bytt d ut?

⁴⁵ Sjå tabell 4.1 s. 52.

⁴⁶ Sjå tabell 4.2 s. 54.

Syns d e fantastisk å se at guttan i vakre Lofoten støtta Glimt m d di kan! :)
Æ håpa balln snurra vidre å at flere fra både det private å næringslive hiv sæ på! :)
Å i hælga skal æ vask biln min på Statoil!! Æ håpa d e laaaang kø! :)
LYKKE TIL! :)
Bodø/Glimt førr evig.....i medgang og motgang..
(T. L. L. i tråden "Bilvask for Glimt", *nordlending.no*)

Innlegget er tydelig prega av engasjement, nærare bestemt *kjensler*. Debattanten startar med ein skriftlig representasjon av eit utrop: *HÆLI!!!* (*herlig*) og held fram med å fortelje at ho blir emosjonelt påverka av at så mange har engasjert seg i Glimt-saka. Vidare fortel ho om gode opplevingar på *myra* (Aspmyra, heimebanen til Bodø/Glimt) og at ho støttar initiativa til dei som vil samle inn pengar til klubben. Dialektbruken er gjennomført, og innlegget inneheld også andre unormerte trekk som overdriven bruk av store bokstavar, overdriven teiknsetting, forkortingar, gjentatte smilefjes og eit "hjarteteikn" sett saman av < og 3.

Tre dagar etter at Runar og Ørjan Berg sette i gang innsamlingsaksjonen til støtte for Bodø/Glimt, kom nyheita om at Runar Berg la opp som fotballspelar med direkte verknad. Ei av årsakene til denne avgjerla var visstnok at han ønskte å bruke all tida si på å redde Glimt frå den økonomiske krisa. Berg er høgt elska av Glimt-tilhengarane, trulig fordi han viser seg som ein sympatisk mann og ein god fotballspelar, men kanskje også fordi han er ein *Berg*. Berg-familien har dominert fotballmiljøet i Bodø sia 1950-talet, og Runar Berg har spela på laget i fleire periodar sia han debuterte som 15-åring i 1986. Berg-familien er nok for mange sjølvle lekamliggjeringa av Bodø/Glimt, og da Runar la opp, sto klubben utan ein Berg i stallen for første gong på lenge. Diskusjonstråden under saka som annonserte at Berg la opp, inneheld 20,00 % dialektinnlegg⁴⁷. I tråden finn vi bønnefallingar om at Berg skal fortsette, støtteerklæringar for den jobben han gjer for klubben, og regelrette utbrot av kjærleik og beundring. Innlegga under er eksempel på det siste.

24

Æ trur ikke ord kan beskrive den kjennslingang e sett mæ når e no lest det her. Aldri må du gi slipp på Glimt, du e den eineste med vett te å redde det her innanfra. Ha bærre styret vært likså intelligent å oppofranes som du Runar.. då ha vi hatt peng te da eine å da anner.. Herrgud før enn mann!!
(M. L. L. i tråden "Berg legg opp", *nordlending.no*)

25

runar! du vil ALLTID vær kongen over myra i mine øya! syns det e synd at du ikke blir med ut sesongen, men førrstår kofførr !
RUNAR : DU VIL BLI SAVNA STORT!
æ sitt med klump i halsen når æ skriv det hær! RUNAR : DU E ÆLSKA AV HEILE BYEN!
(B. M. i tråden "Berg legg opp", *nordlending.no*)

⁴⁷ Sjå vedlegg 2.

Debattanten *M. L. L.* opnar innlegget sitt med å seie at han ikkje trur ord kan beskrive den *kjennslingang* han opplever når han les nyheita om Berg. Eg har aldri før vore borti ordet "kjennslingang", verken munnlig eller skriftlig, og eg har ikkje greidd å finne ut kva det betyr. Kanskje er det er ei feilskriving av eit liknande ord. Trulig kan ordet ha noko med "kjensler" å gjere. *M. L. L.* vender seg deretter direkte til Runar Berg og ber om at han aldri må *gi slipp på Glimt* og kallar han *intelligent* og *oppofranes*. Han avsluttar innlegget med det kjensleladde "utropet" *Herrgud før enn mann!!*. Debattanten bak innlegg **25** vender seg òg direkte til Runar Berg gjennom kjærleikserklæringar og ovasjonar. Setninga *æ sitt med klump i halsen når æ skriv det hær!* openbarar noko viktig om situasjonen som desse ytringane blei produsert i. Her fortel debattanten *B. M.* at han var prega av kjensler mens han produserte ytringa, som er skrive på eit dialektprega språk. Som eg snart skal komme fram til, kan emosjonelt innhald vere ei medverkande årsak til at ein skriv på dialekt. I tillegg kjem det eksplisitt fram at setninga er skrive, ikkje talt, men likevel er ho altså talemålsprega ved at forfattaren bruker eit dialektprega språk. Både innlegg **24** og **25** er dominert av dialekttrekk. Innlegg **25** inneheld også utstrekkt bruk av utropsteikn og store bokstavar, noko som understrekar den ekspressive tonen i innlegget.

Trådane som har høgast dialektprosent i sportskategorien på *nordlending.no*, er "Kontonr. på skjorta" (40,91 %), "Lofottorsk til Glimt" (33,33 %), "Vaffelsal for Glimt" (30,00 %), "Berg-brørne reddar Glimt" (29,63 %), "Fylkestoppar: hjelp Glimt" (26,67 %), "Sel spelargruppa" (22,22 %) og "Berg legg opp" (20,00 %) ⁴⁸. Alle desse trådane handlar om krisa Bodø/Glimt var i hausten 2010, og korleis ein skulle handtere ho. Engasjementet er høgt i alle trådane, og som eg viste over, er enkelte av debattinnlegga prega av sterke kjensler for klubben generelt og Runar Berg spesielt. Nokre debattantar uttrykker seg jamvel som om Berg var død; dei lanserer forslag om å sette opp ein statue av han utafor stadion og bruker vendingar som *Runar lever for alltid!* og *takk for alt, Runar Berg!*.

Da eg presenterte dei kvantitative resultatata frå *mittglomdal.no* i del 4.1.3, nemnte eg at situasjonen i KIL var svært lik den i Bodø/Glimt hausten 2010, men at for *mittglomdal.no*-debattantane førde ikkje dette til nemneverdig mykje dialektbruk. Viss kjenslemessig engasjement ligg til grunn for den høge dialektprosenten i mange av Bodø/Glimt-trådane, mangel på kjenslemessig engasjement kunne vere med å forklare den låge dialektprosenten i KIL-trådane. Debattantane er engasjert, men omtrent ingen av dei viser den hjartefølte oppglødinga som m.a. innlegg **23**, **24** og **25** viser. Det kan verke som at det positive

⁴⁸ Sjå vedlegg 2.

engasjementet, stå-på-viljen og patriotismen er mindre hos *mittglomdal.no*-debattantane enn hos dei på *nordlending.no*. Som ein av debattantane på *mittglomdal.no* sjølv hevdar: *Jeg har aldri møtt maken til negativitet. [...] Standardreplikken er: "Nei, det går ikke". Og det er viktigere og framheve at man ikke liker noe, enn det motsatte.* Forskjellane i dialektbruk mellom sportskategoriane på dei to nettstadene heng sjølvstamt saman med dei generelle skilnadene mellom nettstadene, som eg omtalte i del 4.2. Likevel kan forholda eg har vist her, tyde på at det fins ein samanheng mellom emosjonelt engasjement og bruk av ein ikkje-standardisert og talemålsnær skriftspråkkode. Hinrichs (2006: 59) gjer liknande funn, og seier følgjande om funksjonen til ein dialektnær kode: "[It] underlines the personal and emotional aspects of the account, so it occurs in a context of personal involvement".

4.3.7 Personlig engasjement som vegen til *the vernacular*

I delane 4.3.4, 4.3.5 og 4.3.6 har eg tatt for meg kategoriane som inneheld dei største dialektførekomstane i materialet, sett på dialektinnlegg frå desse kategoriane og forsøkt å seie noko om kva som kan vere bakgrunnen for dialektbruken. Eg har vist at personlig engasjement kan vere eit viktig forhold. I kategorien *kriminalitet* viser engasjementet seg ofte i form av provokasjon, og i *bil og trafikk* i form av provokasjon eller ei slags "forbrukarkjensle". I sportskategorien på *nordlending.no* viser engasjementet seg fleire gongar i form av kjensler som vemod, beundring og kjærleik til klubben, men òg i heite diskusjonar for og imot å hjelpe Bodø/Glimt og i provoserte utbrot mot den økonomiske styringa av klubben.

I sosiolingvistisk forskning har det lenge vore kjent at språk gjerne blir mindre formelt dersom språkbrukarane er engasjert i det dei snakkar om. Den første som utnytta dette forholdet metodisk, var Labov (2006 [1966]). Som eg var inne på i del 2.4.2, ønskte Labov å studere det minst formelle talespråket til intervjuobjekta sine, ein stil han kalla *the vernacular*, "the style in which the minimum attention is given to the monitoring of speech" (1972a: 208). For å få tilgang til *the vernacular* prøvde Labov å få informanten til å ikkje rette merksemd mot eigen språkbruk. Dette gjorde han ved å få intervjuobjekta til å snakke om emne som skulle få dei til å gløyme den formelle intervjusituasjonen. Labov fann fram til nokre emne som var spesielt godt eigna til dette formålet. Han kunne f.eks. spørje dei om ein gong dei hadde vore i livsfare, det såkalla *Danger of Death*-spørsmålet (Labov 1972b: 113). Informantane kunne òg bli engasjert om han tok opp eit tema han kalla *moral indignation*, altså at han spurte om dei hadde blitt behandla urettferdig nokon gong (sst.). Målet var at

informanten skulle bli så emosjonelt rive med at han eller ho ubevisst tok i bruk ein naturleg og uformell språkstil. Emnet *moral indignation* kan vi relatere til provokasjonen vi såg i fleire av innlegga frå *kriminalitet og bil og trafikk*. Akkurat som informantane til Labov kunne bli engasjert når dei fortalte om ein gong dei blei straffa for noko dei ikkje hadde gjort, kan vi tenke oss at debattantane på dei tre nettstadene eg undersøker, kan bli det når dei "snakkar" om urettferd og moralsk forkastelig framferd.

I tråd med funna til Labov trur eg at engasjement er ein viktig dialektfremmande faktor på dei tre nettstadene eg studerer. Når ein snakkar om noko som engasjerer, kan språket bli meir direkte og ugjennomtenkt enn om ein snakkar om eit uengasjerande emne. Denne direktheita kan vise seg i dialektbruk, men òg i andre trekk, som vi kan sjå m.a. i innlegg **21** på s. 77. Dei tilsynelatande tilfeldige feilskrivningane av orda *hørt* og *har* tyder på at innlegget har blitt skrive fort og utan gjennomlesing. Vi finn den same tendensen i innlegg **17** s. 75, der forfattere har skrive *toatal* i staden for *total* og to gongar brukar tre komma etter kvarandre der han trulig har meint å bruke tre punktum. Og som vi såg tidligare, er debattantane bak begge desse innlegga provosert og engasjert, noko som kan ha ført til at språket har blitt direkte, uplanlagt og uformelt. Språket i innlegg som **17** og **21** verkar atskillig mindre planlagt og ugjennomtenkt enn det i næringslivs- og politikkinlegga **14** og **15** på s. 71, som eg skreiv om i del 4.3.1.

4.3.8 Identitet og tilhørse

Engasjement er trulig ein viktig pådrivar til dialektbruk på debattforuma eg undersøker, men det treng ikkje vere den einaste. *Identitetskjensle* kan vere eit anna forhold. I del 4.1.3 tok eg for meg det kvantitative resultatet frå nettstaden *mittglomdal.no*. Kategorien *nyheiter* er ikkje mellom dei med høgast dialektprosent på nettstaden, men enkelte av trådane herifrå inneheld etter måten mykje dialekt. Eg trekte m.a. fram tråden "Jente skaut bjørn" som eit eksempel på ein diskusjon med relativt høg dialektprosent. Diskusjonstråden tar utgangspunkt i ei sak om ei 19 år gammal jente som skaut ein hannbjørn under haustjakta. Tråden har ein dialektprosent på 11,54⁴⁹, men prosenten kunne ha vore atskillig høgare dersom eg hadde rekna innlegg med berre eitt dialektinnslag som dialektinnlegg.⁵⁰ Da ville ti av dei 26 innlegga i tråden ha vore rekna som dialektinnlegg, og tråden hadde hatt ein dialektprosent på 38,46.

⁴⁹ Sjø tabell 4.6 s. 61.

⁵⁰ Sjø del 3.1.2 for ei utgreiing av kva kriterium eg bruker for å avgjere om eit innlegg skal reknas som dialektinnlegg.

Av dei ti innlegga med dialektinnslag er åtte skrive av debattantar som er einig med kvarandre; dei er for rovdyrjakt, og enten er dei bønder sjølv, eller så støttar dei bøndene. Jakt og rovdyrforvaltning er eit omstridt tema både på *mittglomdal.no* og på *Fjordaglimt*. Frontane i diskusjonen er ofte veldig tydelige: den eine sida sympatiserer med bøndene og er tilhengarar av rovdyrjakt, og den andre sida meiner at rovdyrbestandane må vernas fordi dei er for små og sårbare. Dialektbruken i denne tråden kan sjølvstg ha med engasjement å gjere; frontane er steile og temperaturen høg. Likevel trur eg ikkje det er tilfeldig at nesten alle dialektskribentane er jakttilhengarar og på parti med bøndene. Eg trur identitet, eller nærare bestemt *gruppeidentitet*, kan spele ei rolle.

Forholdet mellom språkbruk og identitet har vore eit mykje omtalt emne innfor sosiolingvistikken. Det kanskje mest kjente arbeidet i tradisjonen er Le Page og Tabouret-Keller (1985), som ser språkhandlingar som "a series of *acts of identity* in which people reveal both their personal identity and their search for social roles" (n.v. 14). Etter denne forståinga er identitetstermen todelt mellom personlig identitet og sosial identitet eller *gruppeidentitet*. Personlig identitet er "den delen av identiteten som gjør meg unik i forhold til andre", og sosial identitet har å gjere med "de egenskapene jeg har som gjør meg kvalifisert til å være medlem i ulike gruppefelleskap" (Mæhlum 2008: 108). Når det gjeld dialektbrukarane i rovdyrdiskusjonane på *mittglomdal.no*, trur eg *gruppefelleskap* er eit viktig stikkord. Som sagt har konflikten to tydelig definerte motpartar, og når ein debattant melder seg på diskusjonen ved å poste eit innlegg, blir det raskt klart kva for side han eller ho står på gjennom innhaldet i innlegget. Tendensen til at innlegga frå jakttilhengarane både har felles meiningsinnhald og ein felles språkstil, kan henge saman med at forfattarane medvite eller umedvite ønskjer å definere seg som ein del av gruppa "bønder og jakttilhengarar". I fleire av innlegga kan ein lese ei oppfatning av at i denne striden er det "vi" mot "dei andre". Debattanten *I. T.* vender seg til jenta som skaut bjørnen, og skriv at [...] *det [er] så mange som ikke skjønner seg på dette, men det er bare og drite i, dem vet ikke hva jakt innebærer. A. B. kallar jaktmotstandarane "naive by folk", "hyklere" og "byfis", og E. N. kallar dei "alle dem andre nissene".*⁵¹ I denne tråden fungerer dialektinnslag i språket nærast som eit gruppespråk og som ein måte å tydeliggjere forskjellane mellom "vi" og "dei andre" på. Innfor sosialantropologien er det ei vanlig oppfatning at ei (etnisk) gruppe blir definert ut frå forskjellar eller "grenser" til andre grupper: "[T]here are aggregates of people who essentially share a common culture, and interconnected differences that distinguish each such discrete

⁵¹ Sjå tråden "Jente skaut bjørn", vedlegg 15.

culture from all others" (Barth 1994: 9). Sosialantropologen Fredrik Barth påpeiker at ikkje alle forskjellane mellom to grupper er like relevante; dei viktigaste forskjellane er dei som gruppe-medlemmane sjølv legg vekt på for å definere seg som gruppe (n.v. 14). I dette tilfellet kan vi tenke oss at medlemmane av gruppa "bønder og jakttilhengarar" opplever kontrasten mellom bykultur og bygdekultur som relevant for å skilje gruppa si ut frå resten av debattantane i tråden. Dette kjem fram gjennom at fleire av dei gir motdebattantane karakteristikkar som lader det å vere frå byen med negativt innhald: "byfis" og "naive by folk". Vi kan tolke dialektbruken som eit signal på at medlemmane i gruppa ønskjer å markere seg som "rurale" i motsetnad til "urbane". Dialektbruken blir eit verktøy for å skilje seg ut som gruppe. Men som eg skal komme tilbake til i del 4.3.9, er dialektbruk aldri obligatorisk, og fleire av jakttilhengarane bruker normrett skriftspråk.

I eksemplet eg omtalte over, er det neppe tilfeldig at det er nettopp gruppa "bønder og jakttilhengarar" som bruker mest dialekt. Dialektbruken er ikkje berre eit grep for å skilje seg ut som gruppe, men han kan òg vere eit teikn på kulturell tilhørrelse. Dialekt har ein viss *symbolverdi*. Ved å bruke dialekt markerer debattantane at dei er knytt til den rurale bondekulturen i motsetnad til byfolka, som er imot rovdrykk av ideologiske omsyn, men som ikkje har dyra i nærmiljøet sitt. For jakttilhengarane kan dialektbruken symbolisere at det er dei som veit kva dei snakkar om, og det er dei som må leve tett innpå rovdrykk, i motsetning til dei urbane rovdrykkvernarane. I del 4.4.2 skal eg sjå på fordelinga av dialektinnlegg i m.a. denne diskusjonstråden i lys av teori om språklig tilpassing. Der vil eg òg komme inn på nokre av dei tidligare nemnte trådane frå sportskategoriane på *nordlending.no*. Også i desse diskusjonane ser dialektskribentane stort sett til å høre til i éi "gruppe", i dette tilfellet dei som ønskjer å støtte Bodø/Glimt framfor å la klubben gå konkurs. Både geografisk/regional identitet og kulturell tilhørrelse kan vere med å forklare dialektbruken mellom Bodø/Glimt-tilhengarane. Klubben er sterkt knytt til nordnorsk identitet. Fleire gongar har eg sett debattantar skrive at det ville vore ein tragedie for heile Nord-Noreg om klubben gikk konkurs. Da krisa ramma, viste engasjement frå privatpersonar og idrettslag m.a. frå Lofoten, at klubben er viktig for store delar av regionen. Tekstane til supportersonane til Bodø/Glimt er skrive på dialekt, og det er ikkje usannsynlig at mange av debattantane opplever at identiteten deira som Bodø/Glimt-supporterar er knytt til dialektbruk, også i skrift. Dialektbruken i desse innlegga kan tolkas som eit symbol på nordnorsk, eller i alle fall nordlandsk, tilhørrelse, og som eit teikn på lojalitet til Bodø/Glimt.

I materialet frå *mittglomdal.no* hamna kategorien *politikk* så høgt som på tredjeplass i tabellen der kategoriane er rangert etter dialektførekomst.⁵² Dette er ei uventa høg plassering sia *politikk* er mellom kategoriane med minst dialektbruk på dei to andre nettstadene. Den høge førekomsten kjem nok av at han inneheld så få innlegg totalt; av 16 innlegg er eitt skrive på dialekt. Dette eine innlegget er interessant fordi dialektbruken i det kan tolkas ut frå geografisk identitetskjenle. Det er henta frå tråden "Kommunesamanslåing", som hører til ei sak om at ordføraren i Sør-Odal kommune tar til orde for å slå saman dei to odalskommunane, mens ordføraren i Nord-Odal er negativ til ei samanslåing med "storebror". I diskusjonstråden som følgjer saka, blir det også lagt fram forslag om å slå saman heile Glåmdalen til éin stor kommune med kommunesenter i Kongsvinger. Som vi kan lese ut av innlegg **26**, er debattanten *S.* motstandar av begge forslaga.

26

Hvis nord-odalen kommer under kongsvinger som kommune,så fløtter je herifra. skær itte ha no me det møkkstælle å gjæra.

Itte er det så lurt å bli me sør-odaln hæll. Bære å se på han tullingen som klarte å regne mange millioner feil.vil itte at skattepenga mine skær forsvinne heilt uten videre a gitt

Heia Nord-Odaln

(*S.* i tråden "Kommunesamaslåing", *mittglomdal.no*)

S. seier klart ifrå at han ikkje er interessert i å bu i ein kommune "under" Kongsvinger, som han kallar eit *møkkstælle* [*møkkastad*]. Han seier at han vil flytte frå staden dersom det skjer, noko som fortel oss at han bur i Nord-Odal. Han ønskjer heller ikkje at Nord-Odal skal bli slått saman med Sør-Odal og dreg fram økonomisk rot i Sør-Odal kommune som eit argument mot samanslåing. *S.* avsluttar innlegget med eit heiarop til Nord-Odal, og det er tydelig at han er patriotisk overfor heimkommunen. I den første setninga kjem det fram at *S.* vil oppleve det å bu i éin stor glåmdalskommune som å vere lagt "under" Kongsvinger, nærast som om Kongsvinger var ei kolonimakt som ville erobre Nord-Odal. Vi kan lese ein sentrum-periferikonflikt ut av dette. *S.* er tilhengar av ein sjølvstendig Nord-Odal kommune og ønskjer kanskje å understreke tilhørsel til staden ved å ta i bruk trekk frå den lokale dialekten i skriftspråket. Dialektbruken i innlegget kan derfor tolkas som eit uttrykk for geografisk eller lokal identitet.

⁵² Sjø tabell 4.5 s. 60.

4.3.9 Dialekt er aldri obligatorisk

I dei siste delkapitla har eg presentert mulige forhold som gjer at nettopp *kriminalitet*, *bil og trafikk* og *sport* er kategoriar med mykje dialektbruk. "Mykje" er eit relativt omgrep også her. *Bil og trafikk* på *nordlending.no* er den kategorien som har høgast dialektprosent i heile materialet, men som eg allereie har nemnt nokre gongar, er dialektprosenten berre på 17,65. Heile 82,35 % av debattinnlegga i kategorien er altså skrive på normrett skriftspråk. På dei tre nettstadene eg undersøker, er ein av skriftnormalane den klart vanligaste språkforma, og dialekt er aldri obligatorisk. Tvert om, dialekt er alltid det markerte skriftspråksalternativet.

Eg har lagt mykje vekt på engasjement som dialektfremmande faktor hos debattantane. Likevel er dialekt aldri den dominerande skriftspråkskoden, heller ikkje i diskusjonar med mykje engasjement og høg temperatur. Eit eksempel på det er kategorien *politikk* på *Fjordaglimt*. I enkelte av trådane her er engasjementet høgt, m.a. i "Eige Nordfjord-parti".⁵³ Tråden høyrer til ei sak om at ein overlege ved Nordfjord sjukehus har gått ut og oppfordra til å skipe eit eige politisk parti for Nordfjord etter at Helse Førde vedtok å legge ned fødetilbodet der. Trass i stort engasjement i tråden er berre eitt av 76 innlegg skrive på dialekt. Materialet inneheld mange liknande eksempel.

Også Hinrichs (2006: 55) legg vekt på at det ikkje fins samtaleemne der dialekt, i hans tilfelle jamaikansk kreolspråk, er obligatorisk: "[I]t should be remembered that many discussions of 'hot' topics, with potentially strong personal involvement, manage without the use of Patois". Han finn òg eksempel på det motsette, nemlig at forventna kjedelige diskusjonar inneheld dialektbruk (sst.). Slike eksempel finn vi også i materialet mitt, som i innlegg **27**, som er henta frå næringslivskategorien på *Fjordaglimt*.

27

Da vil vera ein tragedie for fylkeskommunen og for dei tilbydarane som har delteke om da visar seg at fylkeskommunen ikkje har rett i sitt syn på da juridiske. Kunne dei ikkje ha venta dei to vekene kofa måtte ha for å behandla saka og då vorre trygge på at vidare prosess var i samhald med lovar og reglar. Me skal ikkje gløyme at BNR fekk rett i det førre anbod då dei opplyste at da var brot på reglane å ikkje ta med fleir i forhandling. Det er og ein tragedie at Fjord 1 tapar tradisjonsrike rutar om da visar seg at fylkeskommunen har teke feil og ikkje ville ofra tid til å venta på kofa. Da vil bli eit etterspel som ikkje nokon er tende med

(T. H. i tråden "Ekspressbåt-anbod", *Fjordaglimt*)

Innlegget inneheld ikkje utstrekt dialektbruk, slik som mange av dei innlegga eg har sitert hittil. Dialekttrekka vi finn her, er den gjentatte bruken av *da* (pronomenet *det*), *visar* (presens av *å vise*), *vorre*, *fleir*, *rutar* og *ville* (perfektum partisipp av *å ville*). Innlegget illustrerer

⁵³ Sjå tabell 4.4.s. 58.

likevel poenget om at ein kan finne dialekt også i mindre engasjerande diskusjonar i f.eks. næringslivskategorien. Ingen av dei sju emnekategoriene utelukkar dialektbruk. I to tilfelle har ein kategori fått 0,00 % dialektinnlegg, nemlig *næringsliv* og *politikk* på *mittglomdal.no*, men dette kan vere på grunn av for lite materiale totalt i desse kategoriene.⁵⁴ Vi finn dialektbruk i begge desse kategoriene på dei andre nettstadene.

Det er altså ikkje noko éin-til-éin-forhold mellom emne og val av skriftspråk i materialet som ligg til grunn for denne undersøkinga. Dialekt er relativt sjeldsynt i alle emnekategoriene. Dette betyr likevel ikkje at undersøkinga er misslykka. Poenget var ikkje å vise ein føreseielig samanheng mellom samtaleemne og dialektbruk på nett, men å finne ut kor mykje dialekt som blir brukt og om det fins tendensar til at nokre samtaleemne fører til meir dialektbruk enn andre. Og det har vi sett at er tilfellet.

Dialektbruk aldri er obligatorisk for eit samtaleemne, men det kan kanskje vere obligatorisk for enkelte debattantar, på same måten som det trulig er mange debattantar som aldri bruker dialekt når dei skriv. Derfor kan vi tenke oss at forskjellane i dialektbruk mellom kategoriene kan skyldas at det er ulike menneske som diskuterer dei ulike sakene. Kanskje er det rett og slett slik at kategorien *bil og trafikk* trekker til seg fleire dialektskribentar enn *politikk* gjer. Det kunne vore svært interessant å undersøkt dette nærare, men for å gjere det, måtte eg tatt for meg éin og éin debattant og leita fram alle diskusjonane som han eller ho deltok i. Det ville krevje meir tid og plass enn eg har høve til her. I tillegg ville det å nærast "forfølge" enkelte debattantar sine rørsler i eit forum krevje etiske avvegingar. Sjølv om eg ikkje kan lage ei systematisk kartlegging av språkbruken til enkeltdebattantar i denne avhandlinga, har eg funne eksempel på debattantar som vekslar mellom dialekt og skriftnormal etter mønster som vi kjenner igjen frå sosiolingvistisk forskning på munnlig språk. Dette vil eg ta for meg i del 4.4.

Trass i at dialekt er nokså sjeldsynt på nettstadene eg har undersøkt, trur eg det er atskillig meir utbreidd her enn på tilsvarende ikkje-digitale arenaer. Viss vi skulle samanlikne diskusjonsforum som dei vi finn på *nordlending.no*, *Fjordaglimt* og *mittglomdal.no*, med eit medium og ein språkbrukssituasjon frå verda utafor nettet, er det nærliggande å bruke lesarinnlegg i lokalaviser. Desse er også offentlige arenaer for skriftlig debatt som vender seg mot lesarar og debattantar i eit lokalt eller regionalt avgrensa område. Men det fins vesentlige forskjellar mellom ei lesarinnleggspalte i ei papiravis og nettbaserte debattforum som dei eg studerer. Ein nettdebatt gir mykje større rom for spontanitet; frå ein les ei avissak og

⁵⁴ Sjå tabell 4.5 s. 60.

bestemmer seg for å kommentere ho til kommentaren er publisert, treng det ikkje gå meir enn nokre få sekund. Dessutan har eg inntrykk av at lesarinnlegg på papir svært unntaksvis inneheld innslag av dialekt eller andre trekk som vik av frå skriftnormalane. Slike trekk fins i nettdebattar, og det kan henge saman med spontaniteten i nettmediet. Dersom eg har rett i at det fins forskjellar i dialektbruk mellom nett og papir, kan det òg ha noko å gjere med kva forventningar og assosiasjonar vi har til dei ulike media. Av og til blir debattinnlegg frå den typen nettstader som eg har arbeidd med, sitert i den tilhørande papiravisa. Ein avismann eg kjenner fortalte at innlegg på nettet får stå som dei gjer språklig sett (dei kan bli sensurert på grunn av støytande eller utleverande innhald), men om avisa skal trykke dei i papirutgåva, blir språket i innlegga retta til normrett skriftspråk først. Vi forventar eit nokolunde normrett skriftspråk i trykte medium, men forventningane er ikkje dei same for nettet. Her står språkbrukarane friare til å velje det skriftspråket som passar dei sjølv.

4.4 Teoriar om munnlig språkbruk nytta på skriftspråklig materiale

I del 4.3 forsøkte eg å forstå forskjellane i dialektbruk mellom emnekategoriene m.a. ved å trekke inn teorien til Gumperz om "vi"- og "dei"-kodar og teorien til Labov om at engasjement kan hente fram *the vernacular*. Her brukte eg teoriane i drøftinga av mulige grunnar til at enkelte samtaleemne fører til meir dialektbruk enn andre, men dei blir vanligvis brukt for å kunne seie noko om veksling mellom ulike munnlege kodar hos éin og same språkbrukar, eller mellom deltakarane i éin og same samtalesituasjon⁵⁵. Dette kallar vi *kodeveksling*, og det vil eg ta for meg i denne delen av avhandlinga. Eg vil gjere kvalitative nedslag i materialet og vise eksempel som eg meiner vi kan kalle kodeveksling. I tillegg vil eg sjå nokre av funna mine i samanheng med teori om språklig tilpassing, nærare bestemt den delen av tilpassingsteorien som blir omtalt som *konvergens*. Både kodevekslings- og tilpassingsteori er egentlig mynta på munnlig språkbruk, så her vil eg også måtte vurdere om vi kan bruke desse teoriane på kommunikasjon som per definisjon er skriftlig. Og dersom vi kan det: Kva følgjer får det for forholdet mellom munnlig språk, skriftlig språk og nettspråk? Dette spørsmålet vil eg komme tilbake til i del 4.5.

⁵⁵ Som eg var inne på i del 2.5.1, meiner enkelte forskarar at kodeveksling også kan gå for seg mellom ulike samtalsituasjonar (Røynealand 2008b: 49).

4.4.1 Kodeveksling

Kodeveksling betyr kort sagt veksling mellom to eller fleire språkkodar. For ein nærare gjennomgang av kodevekslingsteori, sjå del 2.5.1 i teorikapitlet. Som eg har nemnt, er teorien egentlig meint for munnlig språkbruk, men i denne delen av arbeidet vil eg undersøke om han lar seg bruke på nettspråk også. Eg er ikkje den første som gjer dette; innafor den sosiolingvistisk orienterte nettspråkforskinga er det fleire som har studert kodeveksling.⁵⁶ Eg har allereie gjort bruk av undersøkinga til Hinrichs (2006) om kodeveksling mellom jamaikansk kreolspråk og engelsk i jamaikansk nettkommunikasjon. Elles er Siebenhaar eit stort namn på området. Han har m.a. undersøkt kodeveksling mellom høgtysk og sveitsertyske dialektar i sveitsiske chattekanalar (Siebenhaar 2006), og Ziegler (2005) har studert variasjonen mellom dialekt og standard i eit tysk chatterom. Mykje tyder altså på at kodeveksling i nettkommunikasjon har blitt etablert og akseptert som forskingsområde dei siste åra.

Det er likevel ein viktig forskjell mellom arbeidet mitt og dei studiane som har blitt gjort av tyskspråklig og jamaikansk materiale. Vekslinga mellom dialekt og skriftnormalar i materialet mitt er ikkje ei avspenging av ei tilsvarende veksling i samfunnet utafor nettet. På norsk kan vi som regel ikkje veksle munnlig mellom dialekt og standardtalemål (sjå fotnote 11 s. 17). Ei slik veksling fins i jamaikanske samfunn, der Hinrichs (2006) har henta materialet sitt, og ho fins i Tyskland, der Ziegler (2005) har forska. Språkforholda som Siebenhaar (2006) undersøker, er meir samanliknbare med dei eg studerer, fordi ein i dei sveitsertyske områda kan bruke dialekt i nesten alle munnlege samanhengar, akkurat som i Noreg. Språksituasjonen i dei sveitsertyske områda kan langt på veg kallas ein *medial diglossi*: Dialekt blir brukt munnlig, mens standardspråk blir brukt skriftlig (Siebenhaar n.v. 482, Bandle 2001: 91). Denne termen kan vi overføre til dei norske forholda om vi tar utgangspunkt i at vi alltid snakkar dialekt og for det meste skriv standard. I Sveits er standardtalemål likevel norma i nokre få munnlege situasjonar, som i klasseromsdiskusjonar og i samtalar med folk som ikkje skjønner dialekt (Siebenhaar 2006: 482). Kodeveksling mellom dialekt og standard i munnlig språk er derfor mulig, om ikkje vanlig, i dei språksamfunna eg har funne tidligare forskning frå. Som eg kjem tilbake til i slutten av del 4.4.1.1, skil prosjektet mitt seg ut frå dei nemnte undersøkingane fordi eg studerer ei nettbasert kodeveksling som ikkje har noko reelt motstykke i "den munnlege verda". Den

⁵⁶ Sjå del 2.1 for ei meir utfyllande oversikt over forskningstradisjonen.

mediale diglossien som Siebenhaar nemner, er brote opp, men på norsk berre i skriftlige domene.

For å kunne bruke kodevekslingsteori på språkbruk som per definisjon er skriftlig, må vi først avklare konseptane *samtale* og *situasjon* og kva for parallellar dei har i nettdebattar som dei eg studerer. I del 2.5.1 tok eg for meg nokre aspekt ved kodevekslingsteori, m.a. forskjellen mellom situasjonsintern og situasjonsekstern kodeveksling. Om vi overfører desse termene til nettspråksdomenet, er det naturleg å sette likskapsteikn mellom diskusjonstråd og samtale eller situasjon. Ut frå denne logikken kan vi seie at dersom vi finn eksempel på at ein debattant vekslar mellom to kodar innfor ein diskusjonstråd, kallar vi det *situasjonsintern kodeveksling*. Dersom vi finn eksempel på at ein debattant vekslar frå ein diskusjonstråd til ein annan, kan vi kalle det *situasjonsekstern kodeveksling*. Men det oppstår raskt problem om vi sett opp eit éin-til-éin-forhold mellom størrelsane *ein situasjon* og *ein diskusjonstråd* på denne måten. Ein diskusjonstråd kan nemlig "leve" over lengre tid; fleire av trådane som utgjer materialet mitt, er sett saman av innlegg som har blitt publisert med fleire dagars mellomrom. I teorien kan skribentar framleis i dag legge igjen innlegg i ein debatt som var aktiv da eg samla inn materiale hausten 2010. Derfor kan vi tenke oss tilfelle der ein debattant skriv eit innlegg på normrett bokmål eller nynorsk og tre dagar seinare kjem tilbake og legg inn eit dialektinnlegg i same tråden. Skal vi kalle dette situasjonsekstern eller situasjonsintern kodeveksling? I tilfelle der det er sannsynleg at debattantane sjølv opplever tråden som éin situasjon eller samtale, meiner eg at vi kan rekne eventuell språkveksling som situasjonsintern kodeveksling. Slike tilfelle vil vere kortare trådar der nye debattantar har høve til å lese gjennom heile tråden rett før dei postar innlegget sitt. I andre tilfelle er tråden så lang at ein vanskelig kan sjå for seg at debattantane les gjennom heile tråden før dei kjem med eit bidrag. Her vil det vere problematisk å kalle starten og slutten av tråden for same situasjon, og såleis vil det òg vere uheldig å kalle det situasjonsintern kodeveksling viss ein debattant bruker éin kode i starten av tråden og ein annan i slutten. Som vi såg i del 2.5.1, er det eit definisjonsspørsmål om vi kan kalle situasjonsekstern veksling mellom to kodar for kodeveksling eller ikkje. Mellom andre Auer (1999: 310) meiner at vekslinga må vere meiningsberande for samtaledeltakarane for at vi skal kunne kalle ho kodeveksling. Det at kodevekslinga er meiningsberande, betyr at ho "framstår som et avvik i forhold til det etablerte samhandlingsspråket for en gitt samtalesekvens" (Aarsæther 2004: 39). Som følge av dette kriteriet reknar ikkje Auer situasjonsekstern veksling som kodeveksling, for i slike tilfelle vil jo ikkje vekslinga vere synlig for deltakarane i kvar av dei to samtalane, og såleis

kan ho ikkje ha noko meiningsinnhald for dei. Når det gjeld innlegga eg siterer i delane som følgjer, har eg vurdert alle som situasjonsintern veksling. Der eg gir eksempel på veksling innafør eitt og same innlegg, er det sjølvstyk snakk om situasjonsintern veksling. I eksempla som viser meir enn eitt innlegg, har eg òg tolka samtalen som éin situasjon. Årsaka til det er at innlegga er publisert same dato, og debattantane vender seg til kvarandre og/eller debatterer det same emnet.

4.4.1.1 Veksling mellom dialekt og skriftnormal

Under følgjer tre innlegg henta frå tråden "Jente skaut bjørn"⁵⁷, som eg også har omtalt i del 4.1.3 og 4.3.8.

28a

Ny forskning fra både Sverige og USA setter bevaring av ulike rovdyr som en nødvendighet for vegetasjonens / naturens mulighet for å overleve. Merkelig? Det å begrense naturlig beitende dyr; vil gi en vegetasjonen som øker og vedlikeholder seg sjøl.

Billedanalyse fra nord-Sverige og Yellowstone viser tydelig vegetasjons-endringer over tid. Få eller manglende predatorer gir lite vegetasjon og et nedbeita landskap. Kanskje er det så enkelt.

Ser vi på gamle bilder fra bygde-Norge er det lite vegetasjon og mye husdyr som holdt vegetasjonen nede. Dette er sammenligning enhver kan gjøre.

(A. N. i tråden "Jente skaut bjørn", *mittglomdal.no*)

28b

Det har aldrig vært mer dyr på beite en nå,likevel gror det ned som aldrig før,dette er fordi dyra går slik de selv vill.

(F. i tråden "Jente skaut bjørn", *mittglomdal.no*)

28c

Je trur itte heilt detta stemmer. Som guttunge for væl 50 år sida var "skauen" mætt tå bufæ, og store grassletter der det nå er skog. Men teigene er så ymse, avhengig tå eigera.

(A. N. i tråden "Jente skaut bjørn", *mittglomdal.no*)⁵⁸

I innlegga ser vi at debattanten A. N. kodevekslar frå skriftnormal til dialekt. I teorien kan fleire Origo-medlemmar ha same brukarnamn, men profilbildet til A. N. viser at han er den same personen i begge innlegga. I innlegg **28a** bruker han ein normrett skriftspråkstil som minner om den eg i del 4.3.1 kalla *kode 1*. Her vik han ikkje av frå bokmålsnorma, anna enn eit par stader som vi kan rekne med er skrivefeil: *vegetasjonens* og *tydlig*. Så følgjer eit

⁵⁷ Tråden "Jente skaut bjørn" blei oppretta i innsamlingsperioden min (sjå del 3.1), og nesten alle innlegga i tråden er frå denne perioden. Dei tre innlegga eg siterer her, blei derimot publisert etter at innsamlingsperioden var over, og dei er derfor ikkje inkludert i den kvantitative delen av undersøkinga. Eg vel likevel å inkludere desse innlegga her sia dei gir eit godt eksempel på kodeveksling.

⁵⁸ I innlegga eg siterer i delane 4.4.1.1–4.4.1.3, har eg markert delar med feit skrift. Uthevingane markerer språket debattanten vekslar til, det vil seie avvik frå den koden eg oppfattar som det opphavlige samhandlingsspråket. Alle uthevingane i dei siterte innlegga i delane 4.4.1.1–4.4.1.3 er altså mine egne.

innlegg av debattanten *F.*, før *A. N.* igjen kjem på banen med respons til *F.* i innlegg **28c**. No har han endra språket sitt tydelig, og stilen han bruker her, nærmar seg den eg tidligare kalla *kode 2*. I staden for å halde seg strengt til bokmålsnorma, bruker han no dialektformene *Je, itte, detta, væl, mått, tå (av), bufæ (husdyr/storfe) og eigera*. Dialektbruken er gjennomført i heile innlegget. Her kan vi snakke om situasjonsintern kodeveksling mellom to ytringar eller taleturar (Røyneland 2008b: 49).

For å finne årsaka til vekslinga frå bokmål til dialekt, trur eg vi må sjå nærare på innhaldet i dei to innlegga. I innlegg **28a** argumenterer *A. N.* for bevaring av rovdyr gjennom å vise til forskingsresultat frå Sverige og USA. Han skriv ikkje ut frå egne erfaringar, men gjenfortel noko han har hørt, lest eller sett. Han bruker ord som konnoterer seriøsitet, sakligheit og vitskap: *forskning, bevaring, nødvendighet, vegetasjon, vedlikeholder, billedanalyse, Yellowstone og predatorer*. Dessutan er dette ord som kanskje ikkje blir så mykje brukt i dagligtale, men meir i skriftlig kommunikasjon som forskingsrapportar og artiklar. I innlegg **28c** nyttar ikkje *A. N.* lenger forskingsrapportar som argumentasjon, men har gått over til å resonnerer ut frå egne erfaringar. Han fortel om korleis forholda i utmarka var på den tida han var barn for *væl 50 år sida*. Her bruker han ingen utprega "vitskaplige" ord, men i staden typisk munnlege former som *guttunge* og *skauen*⁵⁹, i tillegg til dei nemnte dialektformene. Vi kan la *forskning* vere eit stikkord for innhaldet i innlegg **28a**, og likeins *barndom* i innlegg **28c**. I innlegg **28a** fortel skribenten om noko utafor seg sjølv, mens han i innlegg **28c** fortel om egne barndomsminne, og dette trur eg kan vere ein motivasjon til å bruke eit meir personlig språk. Vekslinga kan òg ha noko med språkholdningar å gjere; som eg skreiv i del 4.3.2, opplever vi gjerne at ulike språkbrukssituasjonar eller samtaleemne krev ulike stilar, frå det formelle til det uformelle. Ikkje minst kan vi sjå kodevekslinga i lys av teknikkane Labov brukte for å få informantane sine til å gløyme den formelle situasjonen rundt intervjuet, slik at språket deira nærma seg *the vernacular*.⁶⁰ Ein av teknikkane han tidlig tok i bruk til dette formålet, var å få informanten til å snakke om leikar og regler frå barndommen (Labov 2006 [1966]: 69). I seinare arbeid gjer han barndomstemaet meir generelt ved å seie at *opplevingar frå barndommen* kan hente fram eit meir uformelt språk (Labov 2002: 91). Og det er jo nettopp når *A. N.* går over frå å argumentere frå eit utaførståande "forskarperspektiv" til å i staden "snakke" ut frå egne barndomsminne, at dialektbruken kjem fram.

⁵⁹ Her må eg presisere at formene *guttunge* og *skauen* begge er tillatt i bokmålsnorma, men dei har likevel eit munnlig preg.

⁶⁰ Sjå del 4.3.7.

Eit anna eksempel på veksling frå skriftnormal til dialekt finn vi i denne tråden frå *nordlending.no*:

29a

Som mange kanskje kjenner til så startet Ballstad UIL kronerulling for å hjelpe Bodø/Glimt i den vanskelige økonomiske situasjonen klubben er kommet opp i. Vi har betalt inn kr.5000,- på konto nr. [...] i tillegg er det enkeltpersoner som har bidratt med med kr.1000,- samt kjøp av pins. Vi har tro på at de som nu har tatt tak i det økonomiske i B/G også ved hjelp av alle oss som har et forhold til klubben skal klare å berge klubben, men det krever ei enorm mobilisering .Så her må vi bare stå på videre til vi er kommet i mål. Ballstad uil utfordrer derfor alle som har et forhold till B/G det være seg klubber ,bedrifter og enkeltpersoner om å bidra og husk. "Alle monner drar" :-)
(*J. I. B.* i tråden "Fylkestopp: Hjelp Glimt", *nordlending.no*)

29b

Pokker heller, nå ER JEG DRITT LEI SYTINGEN TIL FOLK HER!!!! STØTT GLIMT ELLER HOLD **KJÆFT**!!!!!!!!!!!!!!
Skammer meg fryktelig mye over å være nordlenning når jeg ser hva folk skriver av dritt her og all denne klagingen. ER det virkelig så mange idioter i nord som ikke skjønner noenting???? Jeg gremmes. Hater du fotball og alt det der, så er det greit. Men da kan du HOLDE **KJÆFT**. ELSKER DU FOTBALL OG GLIMT, BØR DU SLUTTE Å KLAGE OG PELLE DEG PÅ KAMP!!! ELLER STØTT GLIMT PÅ EN ANNEN MÅTE!
(*R. L.* i tråden "Fylkestopp: Hjelp Glimt", *nordlending.no*)

29c

Vi må bærre innse att det tross alt er en del som ikke har interesse for fotball eller idrett generelt og dæ må vi ha forståelse for, men eg mein at all den skitkastinga både fra den eine og andre sia ofte anonymt dæ gagna ingen av partan.Ta gjerna diskusjonen, men prøv nu å vær saklig og ikke skjul dåkk bak anonymiteten. Ellers så regna eg mæ at det er så mange oppegående personer i og rundt Bodø/Glimt at de rydder opp ,der det trengs..
(*J. I. B.* i tråden "Fylkestopp: Hjelp Glimt", *nordlending.no*)

Skribenten *J. I. B.* nyttar normrett bokmål i innlegg **29a**, mens han to innlegg lengre ned i tråden har gått over til eit dialektprega språk. Her trur eg vekslinga først og fremst må forklarar ut frå kven *J. I. B.* uttaler seg på vegner av. I det første innlegget uttaler han seg på vegner av organisasjonen Ballstad Ungdomsidrettslag i Lofoten, som det verkar som han har ei leiande stilling i. I innlegg **29c** skriv han derimot på vegner av seg sjølv. Det kjem fram gjennom bruken av det personlige pronomenet *eg*, ei form han ikkje bruker i innlegg **29a**. Dialektbruken i **29c** er ikkje heilt gjennomført; særlig mot slutten av innlegget bruker *J. I. B.* normrette former som *er*, *oppegående* og *rydder*. Men dialektkoden er den dominerande i innlegget, og det ser som sagt ut som at *J. I. B.* kodevekslar ut frå kven han snakkar *for*. Ifølgje Gumperz (1982: 77) kan kodeveksling vere eit grep for å spesifisere kven ein snakkar til, såkalla *addressee specification*. Kanskje kan vi tolke kodevekslinga til *J. I. B.* som ein motsett strategi, nemlig at han kodevekslar for å klargjere kven sendaren av ytringa er. Vi kan også tolke kodevekslinga, eller snarare bruken av normrett skriftspråk i innlegg **29a**, som eit heilt medvite val skribenten har gjort ut frå kva for kode han meiner passar seg når han uttaler

seg på vegner av ein organisasjon. Eit tredje alternativ er at *J. I. B.* har blitt påverka av språket til diskusjonspartnaren i innlegg **29b** og derfor gått over til dialekt. Bokmål er rett nok det dominerande skriftspråket i innlegg **29b**, men på fleire andre måtar liknar språket på *kode 2*⁶¹: Det har ein uformell stil med innslag av bannskap, såkalla "roping" (Crystal 2006: 92) og ukonvensjonell teiknsetting. Kanskje har stilen i dette innlegget påverka *J. I. B.* til å endre språket sitt i retning av sin eigen versjon av *kode 2*, ein dialektprega, munnligliknande kode.

Også hos debattanten *R. L.* kan vi finne kodeveksling. Innlegg **29b** er som sagt hovudsaklig skrive på bokmål, men to av orda kan tolkas som innslag av dialekt. To gongar bruker debattanten variantar av uttrykket *å halde kjeft*, og begge gongane skriv han ordet *kjeft* med *æ*: *KJÆFT*, ein uttale vi finn m.a. i dei nordnorske dialektane. Dialektbruken kan vere eit resultat av engasjement eller provokasjon, som eg skreiv om i del 4.3.4. Viss det er tilfelle, er det påfallande at det er berre dette eine ordet som blir skrive på dialekt. Kanskje følte debattanten, meir eller mindre medvite, at uttrykket ville miste noko av slagkrafta si om han skreiv på ein mindre munnlig måte. Uttrykket er trulig langt vanligare i tale enn i skrift, og derfor ville det muligvis verke "naturstridig" å fjerne det munnlege preget frå det.

Innlegg **30** er henta frå sportskategorien på *mittglomdal.no*, frå ein tråd som handlar om elendig publikumsoppmøte på ein konsert der billettinntektene var meint å skulle hjelpe KIL ut av den økonomiske krisa klubben var inne i hausten 2010.⁶²

30

viser vel bare hvor mange som egentlig som bryr seg om kil...

og [D]: **du får tru hå du vil om øss nord-odølinga før vi bryr øss itte om hå en ovapå vingervælp meiner**

(*S.* i tråden "KIL-konsert", *mittglomdal.no*)

Den første delen av innlegget til *S.* er ein generell kommentar til avissaka diskusjonstråden hører til, og han er skrive på normrett bokmål. Så vender *S.* seg til meddebattanten *D.* med ein reaksjon på eit innlegg sistnemnte har lagt inn tidligare i tråden. Dette var eit bokmålsinnlegg der *D.* klaga på dansebandmusikken på konserten og hevda at folk frå Eidskog og Nord-Odal er dei einaste som kan like sånn musikk. Sjølv passa *D.* på å presisere at han bur i regionssenteret Kongsvinger, der konserten fann stad. Det er interessant å merke seg at *S.* går over til å skrive på dialekt straks han vender seg til *D.* Sia eg ikkje har førstehandskjennskap til odalsdialekten, kunne eg ikkje vere heilt sikker på at det var snakk om kodeveksling her. Det kunne jo hende at ytringa *viser vel bare hvor mange som egentlig som bryr seg om kil* var

⁶¹ Sjå del 4.3.1.

⁶² Sjå del 4.1.3.

skrive på odalsdialekt, men at formene tilfeldigvis fall saman med bokmålsnorma. Derfor kontakta eg ei eg kjenner frå Nord-Odal, og bad ho om å omsette setninga til odøling. Omsettinga hennar var denne: *Viser full bære hå mange som egentlig brir sæ om KIL*. Det er ikkje sikkert at *S.* ville ha brukt alle desse dialektformene, men ut ifrå det eg tidligare har sett av dialektbruk på *mittglomdal.no* generelt og av denne debattanten spesielt, trur eg vi kan gå ut ifrå at han i alle fall hadde brukt formene *bære (berre)* og *hå (kor)* om han meinte å skrive denne setninga på dialekt. Derfor meiner eg at ein trygt kan seie at innlegg **30** viser kodeveksling frå bokmål til dialekt.

Eg trur denne debattanten er medvite om at han endrar språket sitt midt i innlegget. *S.* er sjølv frå Nord-Odal og reagerer negativt på holdningane *D.* viser overfor odølingane. Eg meiner at vi må tolke kodevekslinga som at han vel å demonstrere lokal identitet gjennom å gå over til å skrive dialekt. Innhaldet i setninga bygger opp under dette; *S.* snakkar på vegner av *øss nord-odølinga* og kallar *D.* for ein *ovapå vingervælp*, som eg reknar med betyr noko sånt som "ein ovapå person frå Kongsvinger". Her kjem identitetstematikken mellom "vi" og "dei andre" fram, noko eg gikk nærare inn på i del 4.3.8. Debattanten *S.* som står bak innlegg **30**, er den same som den patriotiske skribenten bak innlegg **26** i del 4.3.8.

4.4.1.2 Veksling mellom nynorsk og bokmål

Siktemålet til denne avhandlinga er å undersøke innslag av dialekt i skriftspråket i tre norske debattforum. I denne delen vil eg likevel kort gå inn på eit skriftspråksfenomen som ikkje har noko med dialekt å gjere, men som fortel noko interessant om skriftspråkssituasjonen i delar av det norske språksamfunnet. Da eg samla inn materiale frå nettstaden *Fjordaglimt*, avdekte eg nemlig eit språklig fenomen som ser ut til å vere vel så vanlig som dialektinnslag i dette distriktet: ei stadig veksling mellom nynorsk og bokmål. Denne vekslinga er annleis enn vekslinga mellom dialekt og skriftnormal som eg hittil har vist, og eg meiner at ho ikkje kan kallas kodeveksling etter prinsippa til Auer. Som tidligare nemnt, meiner han at vekslinga må vere meiningsberande for at vi skal kunne kalle ho kodeveksling. Det betyr at vekslinga må oppfattas som eit avvik frå "det etablerte samhandlingsspråket" (Aarsæther 2004: 39). Det meiner eg at kodevekslinga i trådutdraga **28** og **29** og i innlegg **30** gjer. No vil eg vise eksempel på vekslingar som eg ikkje trur blir opplevd som brot på det etablerte samhandlingsspråket, men snarare som ein integrert del av det.

Debattantane på *Fjordaglimt* vekslar mykje mellom dei to offisielle skriftnormalane våre. Vekslinga kan vere på setningsnivå, som i innlegg **31**:

31

Begrepet du [NN] etterlyser er faktisk lansert, i en rapport som er utarbeidd av NITO, Norsk Industri, og Naturvernforbundet. Den står omtalt i Teknisk Ukeblad nr. 3110 under tittelen "Kortreist kraft er betre enn kraftlinjer". **Problemet er vel at politikarane forlengst har lagt seg så flate for "energi-lobbyen" at dei ikkje får rapporten inn under nasa. Ellers heilt enig i dine synspunkt, vi må nok bli flinkare til å slå på skjolda og rasle med lenker.**

(*P. I. B.* i tråden "Saknar kraftlinjemotstand, *Fjordaglimt*)

Debattanten *P. I. B.* har tidligare i tråden skrive nynorsk, men han opnar innlegg **31** på bokmål. Grunnen til det kan vere at innlegget er eit direkte svar til ein annan debattant, som bruker bokmål. Etter å ha sitert tittelen på ein artikkel på nynorsk, går *P. I. B.* tilbake til nynorsk-koden. Vekslinga kan muligvis skyldas at debattanten er van med å bruke begge kodane, og at han derfor lett blir påverka til å veksle frå den eine til den andre. Først blir han påverka av ein annan debattant, så blir han påverka av språket i eit sitat han sjølv inkluderer i innlegget sitt.

Eg har inntrykk av at det vanligaste er veksling på ordnivå, som i dette eksemplet:

32

[...] Eg er **født** og **oppvokst** i Førde og **bodd** her i 35 år. Grunnen til at eg meiner førde burde ha status som fylkessenter er på grunn av geografisk **belliggenhet** og at infrastrukturen i fylket **leder** naturlig til Førde. Du seier at Florø er den einaste byen som til år 2000 har **vært et** samlingspunkt. **Hva** slags fakta er dette bygd på? Eg er **enig** med andre som diskuterer her i at det burde ha **vært** satsa på aksene Førde, Naustal og Florø. Det er her det er størst grunnlag for utvikling folketallsmessig og næringsmessig. I og med at den nasjonale politikken går mot å satse på færre **kommuner**, burde det **satses mer** på **kommuner** som kan stå sterkare i den kommande utviklinga. Eg trur dette vil **være** positivt for fylket.[...]

(*B. I. S.* i tråden "Førde fylkeshovudstad?", *Fjordaglimt*)

Mange av orda som *B. I. S.* bruker, er felles for bokmål og nynorsk, så det er vanskelig å skilje dei to målformene klart frå kvarandre i innlegget. Eg har markert former som bryt med nynorsknorma. Avvika er spreidd gjennom heile innlegget, og så vidt eg kan sjå, fins det ikkje ei utløysande årsak til dei mange vekslingane. Eg trur ikkje at vekslingane er meiningsberande på den måten at samtalepartnarane opplever at dei bryt med det etablerte samhandlingsspråket. Denne typen veksling er vanlig på *Fjordaglimt*, og eg trur tendensen er eit resultat av skriftspråksituasjonen i området. Som eg greidde ut om i del 2.4.1.2, er nynorsk første opplæringsmål for skoleelevane i Sogn og Fjordane, og alle kommunane i distriktet har nynorsk som administrativt skriftspråk. Likevel blir innbyggjarane i området stadig eksponert for bokmål gjennom media, reklame osv. Mange vel å skifte målform til bokmål når dei går ut av ungdomsskolen (Grepstad 2005: 59). Eg har ikkje funne spesifikke tal for skifte av målform i Sogn og Fjordane, men på landsbasis viser tala ein klar tendens til "lekkasje" av

nynorskbrukarar: Av dei som er fødd mellom 1941 og 1945, hadde 26 % nynorsk som hovudmål i grunnskolen, men berre 7,7 % av dei same årskulla held seg til nynorsk i vaksen alder (n.v. 63). Det ser ut som at mange av debattantane på *Fjordaglimt* til ein viss grad meistrar begge målformene, men at nokre av dei har problem med å halde dei frå kvarande. Nokre blandar på ordnivå, som i innlegg **32**, mens andre, som *P. I. B.* i innlegg **31**, vekslar på setningsnivå og med ei identifiserbar utløysande årsak. Eg meiner som sagt at desse vekslingane ikkje kan kallast kodeveksling etter prinsippa til Auer. Trulig fell denne typen språkveksling heller under termen *language mixing*, eller *språkblanding* på norsk. Auer definerer dette som "those cases of the juxtaposition of two languages in which the use of two languages is meaningful (to participants) **not** in a local but only in a more global sense, that is, **when seen as a recurrent pattern**" (Auer 1999: 310, mine uthevingar). Aarsæther (2004: 43) samanfatar tre kjenneteikn på denne typen språkveksling: Språkvekslinga er hyppig, ho fins både innafor og mellom samtaleturnar, og ho har ikkje "diskursfunksjon i form av kontekstualiseringssignal". Den hyppige vekslinga mellom bokmål og nynorsk på *Fjordaglimt* er heilt klart eit tilbakevendande mønster i kommunikasjonen, og ho passar òg med kjenneteikna Aarsæther sett opp.

Det er altså ikkje all veksling mellom ulike språkkodar som kan karakteriserast som kodeveksling. Det kan verke som at eit blandingspråk mellom nynorsk og bokmål nærast er ein eigen skriftspråkkode for nokre av debattantane på *Fjordaglimt*. På grunn av det avgrensa omfanget av denne avhandlinga kan eg ikkje undersøke fenomenet vidare her, men det er heilt klart eit emne som innbyr til vidare forskning.

4.4.1.3 Alternierende og innskoten kodeveksling

I del 2.5.1 gjorde eg kort greie for distinksjonen mellom alternierende og innskoten kodeveksling. Auer (1999: 314) forklarar innskoten kodeveksling slik: "a content word (noun, verb, rarely adjective/adverb) is inserted into a surrounding passage in the other language". Ifølgje Aarsæther (2004: 44) kan innskotet også vere ei heil setning. Språkbrukaren vil alltid vende tilbake til den opphavlege koden etter ei innskoten kodeveksling, til forskjell frå ved ei alternierende (sst.). Innlegg **29b** på s. 94, der skribenten la inn to innslag av dialektforma *kjæft*, kan muligvis tene som eksempel på innskoten kodeveksling. Dialektinnslaga er tydelig avgrensa; ved begge førekomstane er ordet omringa av normrette former som *skammer*, *holde* og *elsker*. Skribenten vender altså begge gongane tilbake til den opphavlege koden, men eg er ikkje overtydd om at tilbakevendingane er føreseielige. Det er ikkje utenkelig at skribenten

kunne gått vidare med dialektkoden etter eit av innskota, særlig med tanke på den høge temperaturen og aggressive tonen i innlegget.

Eg meiner at vi finn tydeligare eksempel på innskoten kodeveksling i innlegg som desse:

33

Berg familien er sent fra himmelen til glimt, fantastisk initiativ av brødrene!!! **BODØ GLIMT FØRR EVIG!**

(L. L. i tråden "Berg-brørne reddar Glimt", *nordlending.no*)

34

Jeg bøyer meg i støvet for disse to brødrene som har bidratt så mye til Bodøidretten.

Håper med hele mitt hjerte at dette ordner seg. Bodø trenger Glimt, og Glimt trenger Bodø som aller mest, kom på kamp på søndag og støtt Bodøs stolthet på deres selveste 94 årsdag.

Heia Glimt, førr evig og alltid.

(G. F. E. i tråden "Berg-brørne reddar Glimt", *nordlending.no*)

Innlegga er henta frå tråden "Berg-brørne reddar Glimt" i sportskategorien på *nordlending.no*. Tråden er ein av dei kjensleprega fotballtrådane eg omtalte i del 4.3.6, og som det kjem fram av tabell 4.2. på s. 54, er han mellom trådane i materialet med høgast dialektprosent. Likevel er normrett skriftspråk den dominerande koden i tråden, og eg har verken rekna innlegg **33** eller innlegg **34** som dialektinnlegg. Innlegga er skrive på bokmål bortsett frå eitt dialektinnskot på slutten. Desse to innlegga er ikkje dei einaste som har denne avslutninga; formuleringar som *Bodø/Glimt førr evig* eller berre *Førr evig* går igjen i fleire av innlegga i sportskategorien på *nordlending.no*. Formuleringane alluderer til den offisielle supporterlåten til laget, "Bodø/Glimt førr evig" av Halvdan Sivertsen. Orda har fått ein slags uoffisiell status som motto for klubben, og hausten 2010 fekk dei eit nytt og meir alvorlig innhald, da ein virkelig fekk grunn til å tvile på at klubbhistoria skulle vare evig. Innskota fungerer nærast som slagord eller "vignettar" – fastsette kjennemerke som fortel kor sympatiane til skribentane ligg. Det at skribentane vel å bruke dialekt i innskota, heng sjølvstamt saman med språket i teksten til Halvdan Sivertsen, men dialektbruken kan òg vere med å gi orda eit ekte, kjensleladd og ikkje minst patriotisk preg. Desse vignettane er gode eksempel på det Auer kallar innskoten kodeveksling sia det er tydelig at bruken av dialektkoden er avgrensa til det eine innskotet.

Vi har sett at materialet inneheld eksempel på innskoten kodeveksling. Kva med alternerande kodeveksling? Ifølgje Auer (1999: 313–314) skal vi kalle det alternerande kodeveksling når språkbrukaren vekslar frå ein kode til ein annan, og vi ikkje kan føreseie om ho/han kjem til å vende tilbake til den opphavlege koden eller ikkje. I denne typen kodeveksling ligg det dessutan ein invitasjon til samtalepartnaren om å svare på den koden det

blir veksla til (Aarsæther 2004: 44). For å starte med det første kriteriet: Er eit skifte tilbake til den opphavlege koden føreseielig eller ikkje i dei innlegga eg har sitert? I trådutdraget **28** på s. 92 såg vi at debattanten *A. N.* kodeveksla frå bokmål til dialekt frå eitt innlegg til eit anna. Her vil eg ikkje seie at eit skifte tilbake til bokmålskoden er obligatorisk. Vi kan godt sjå for oss at *A. N.* hadde halde fram å skrive på dialekt dersom han hadde lagt inn fleire innlegg i tråden. I trådutdraget **29** på s. 94 såg vi at *J. I. B.* veksla mellom skriftnormal og dialekt, muligvis i samanheng med kven han uttalte seg på vegner av. Her trur eg absolutt at ei tilbakevending til bokmålskoden ville vere mulig, særleg dersom *J. I. B.* på nytt skulle opptre som talsperson for idrettslaget. Men tilbakevendinga er ikkje obligatorisk; skribenten kan også fortsette å skrive dialekt i eit førestelt neste innlegg. Heller ikkje i eksempel **30** på s. 95, der *S.* vekslar frå bokmål til dialekt, vil eg seie at eit byte tilbake til originalkoden er obligatorisk, og såleis oppfyller innlegget det første kravet til alternerande kodeveksling. Derfor vil eg foreløpig konkludere med at vi finn eksempel på alternerande kodeveksling i materialet som ligg til grunn for denne studien.

Så over til det andre kriteriet: Inneber kodevekslinga ein invitasjon til samtalepartnarane om å svare på den koden det blir veksla til? Med dette spørsmålet trur eg at vi har treft på ein viktig skilnad mellom kodeveksling i munnlig språkbruk og kodeveksling på eit norskspråklig nettdebattforum. Eg vil nemlig svare at nei, i ingen av eksempla over inneber kodevekslinga ein reell invitasjon til samtalepartnarane om å svare på koden det blir veksla til. Omgrepa til Auer er i utgangspunktet meint for munnlege situasjonar der deltakarane meistarar fleire kodar og er villige til å bruke dei. Situasjonen er ofte ein annan i nettdiskusjonane eg undersøker. Inntrykket mitt er at dei fleste debattantane held seg nokså konsekvent til eitt skriftspråk, enten det er bokmål, nynorsk eller ein dialektvarietet. På *Fjordaglimt* skjer det rett nok mykje veksling mellom nynorsk og bokmål, men som eg har vore inne på, trur eg at store delar av denne vekslinga må kallas *språkblanding* heller enn *kodeveksling*, etter prinsippa til Auer. For mange debattantar er det nok heilt utelukka å skrive på dialekt, om ikkje i alle samanhengar, så i alle fall i eit debattforum som dei vi finn på nettstadene eg studerer. Enkelte viser jamvel negative holdningar til dialektkoden, som i eit eksempel frå tråden "Kåre"⁶³ i sportskategorien på *nordlending.no*, der ein debattant responderer på eit dialektinnlegg med kommentaren *Hva med å drite i å skrive på dialekt?! Herregud....* For å kunne kalle kodeveksling på nett alternerande på lik linje med munnlig kodeveksling, må det eksistere ei reell muligheit for at diskusjonspartnarane til den som

⁶³ Sjå vedlegg 2.

kodevekslar, *kan* ta i bruk den nye koden. Og i dei fleste samtalsituasjonane på nettstadene eg undersøker, fins ikkje denne muligheita. Inntrykket mitt er at majoriteten av nettdebattantane ikkje har fleire skriftspråkkodar å velje mellom. Det er på dette punktet at situasjonen eg analyserer, skil seg frå situasjonane til nettspråksforskarar som Hinrichs (2006), Siebenhaar (2006) og Ziegler (2005), som eg skreiv om tidligare. Den kodevekslinga dei finn på nett, har ein naturleg parallell i den munnlege verkeligheita utafør nettet. Det har ikkje kodevekslinga eg studerer. Når ein er van med at dialekt hører til i enkelte munnlege situasjonar og ei standardisert talenorm i andre, er det kanskje meir naturleg å kodeveksle også i skriftlig kommunikasjon på nett. For nordmenn utan fleirspråklig bakgrunn er veksling mellom to språkssystem sjeldan aktuelt i dagliglivet – dei fleste av oss lever i ein medial diglossi der standardspråk hører til i skrift og dialekt hører til i munnlig tale.

4.4.1.4 Situasjonsskifte og metaforisk skifte

Som eg skreiv om i del 2.5.1, var Blom og Gumperz (1972) mellom dei første som forska på kodeveksling. I studien frå Hemnesberget (n.v.) introduserer dei eit skilje mellom det dei kallar *situasjonsskifte* og *metaforisk skifte*. Her vil eg vurdere om desse termene kan brukas om funna i undersøkinga mi.

"Begrepet situasjonsskifte bygger på antakelsen av at det er et direkte samband mellom språk og sosial situasjon", heiter det hos Blom og Gumperz (n.v. 115). Dei bruker termen situasjonsskifte om tilfelle der språkbruk forandrar seg parallelt med ei endring i situasjonen omkring språkproduksjonen. Det er nettopp ein slik tanke eg legg til grunn for undersøkinga av ein eventuell samanheng mellom samtaleemne og dialektbruk på nett. Eg meiner at det er grunn til å tru at nettdebattantane kan oppleve ein politisk diskusjon som ein annan type språkbrukssituasjon enn ein fotballdiskusjon, og at dei tilpassar språket sitt deretter. Sia eg ikkje undersøker språkbruken til den enkelte nettdebattanten individuelt, kan eg ikkje seie noko direkte om situasjonsekstern kodeveksling mellom dei ulike emnekategoriene. Derfor er ikkje materialet mitt direkte samanliknbart med den typen materiale teoriane til Blom og Gumperz var utvikla for. Sjølv om eg ikkje kan påvise at forskjellane mellom emnekategoriene kan tilskrivas kodeveksling, meiner eg at det fins ein samanheng mellom variasjonen eg finn, og såkalla situasjonsskifte. Ein debattant som går inn i ein diskusjonstråd om ei keepertabbe på ein Bodø/Glimt-kamp og seinare i ein tråd om kven som blei ny rådmann i Bodø, vil trulig oppleve dette som to ulike typar samtalsituasjonar, og kanskje tilpasse språket sitt deretter. Merk: Her er *kanskje* eit viktig stikkord. Ut frå sitatet eg

starta dette avsnittet med, kan vi lese at konseptet situasjonsskifte krev eit *direkte* samband mellom språk og situasjon. I ein seinare definisjon seier Gumperz det på denne måten: "There is a simple, almost one to one, relationship between language usage and social context [...]" (Gumperz 1982: 61). Dette er ikkje tilfellet i materialet mitt. Som det går fram av tabellane over dialektførekomst i del 4.1, og som eg forklarte eksplisitt i del 4.3.9, er dialektbruk trass alt relativt sjeldan i materialet mitt. Det vil derfor aldri vere noko i nærheita av eit éin-til-éin-forhold mellom språkbruk og kontekst – eller i mitt tilfelle samtaleemne. Dette heng saman med at mange av nettdebattantane ser ut til å halde seg til éin kode, som eg skreiv i del 4.4.1.3. På denne måten er det problematisk å overføre termen *situasjonsskifte* til materialet mitt.

Inneheld materialet eksempel på det Blom og Gumperz kallar *metaforisk skifte*? Ved denne typen kodeveksling er situasjonen uforandra, men språkbrukaren endrar likevel språket. Språkskiftet kan henge saman med "særskilte slag emner eller saksforhold" (Blom og Gumperz 1972: 117). Etter mi tolking av Blom og Gumperz er dette ein type skifte som språkbrukaren gjer med vilje for å tilføre samtalsituasjonen assosiasjonar eller stemningar frå ein annan type samtalsituasjon. Ifølgje Blom og Gumperz (sst.) skal eit metaforisk kodeskifte bringe med seg "noe av atmosfæren" frå den typen situasjonar der koden det blir veksla til, vanligvis blir brukt. Mellom eksempla på kodeveksling eg har vist tidligare i kapitlet, trur eg det berre er vekslinga i innlegga **33** og **34** på s. 99 som potensielt kan fungere på denne måten. Her inkluderer skribentane dialektinnskot i innlegga sine i form av allusjonar til ei av supporterlåtane til Bodø/Glimt og eit mykje brukt slagord: *Bodø/Glimt førr evig*. På denne måten spelar dei på assosiasjonane samtalepartnarane måtte ha til dei kjente orda – kanskje sigrar frå fortida og eit fullsett Aspmyra stadion som syng til ære for laget. For Glimt-tilhengarar vil orda trulig konnotere verdiar som stoltheit, ære, patriotisme og lojalitet overfor laget, og ved å sitere dei kan skribentane bringe desse assosiasjonane inn i innlegget. Eg er likevel i tvil om dette er noko fullgodt eksempel på metaforisk kodeveksling. Det er jo ikkje primært bruken av ein ny kode som er "metaforen" i eksempla eg nemnte, men snarare allusjonen til supporterlåten. I desse eksempla kjem dialektkoden inn fordi songteksten til Halvdan Sivertsen er skriven på dialekt, og ikkje som eit sjølvstendig grep. Eit klarare eksempel på det Blom og Gumperz kallar metaforisk kodeveksling, kunne ha vore ein næringslivstråd der ein av debattantane veksla frå skriftnormal til dialekt og på den måten gav diskusjonspartnarane assosiasjonar til ein meir uformell samtalsituasjon. Men som Blom og Gumperz sjølv påpeikar: "Den semantiske virkningen av metaforisk skifte er avhengig av om

det eksisterer et regelmessig forhold mellom variabler og sosiale situasjoner [...]" (n.v. 117). Altså: Viss det ikkje fins eit regelmessig forhold mellom språkkode og situasjon, i dette tilfellet samtaleemne, kan ikkje ei kodeveksling ha metaforisk effekt. Og som vi veit, fins det ikkje eit regelmessig forhold mellom kode og samtaleemne i materialet som ligg til grunn for denne undersøkinga, jf. del 4.3.9.

Konklusjonen i denne delen må bli at omgrepsparet situasjonsskifte og metaforisk skifte ikkje er særlig høvelig for denne undersøkinga. Vi må avskrive begge konseptane på grunn av manglande regelvisse mellom språkkode og samtaleemne i materialet. Det at det ikkje eksisterer noko fast forhold mellom emne og språkkode på nettstadene eg undersøker, er sjølvstykke eit resultat av at mange av debattantane konsekvent berre nyttar éin kode. Teorien høver nok betre til eit munnleg materiale av typen han var meint for, og såleis demonstrerer han ein av forskjellane mellom talespråk og den typen nettspråk eg studerer.

4.4.2 Konvergens

Sjølv om mange debattantar konsekvent held seg til ein av skriftnormalane, inneheld materialet diskusjonstrådar der dialektformer går igjen hos mange av dei involverte språkbrukarane. Eit eksempel på det er tråden "Kry og Parkenfestivalen" frå nyheitskategorien på *nordlending.no*. Tråden inneheld 12 innlegg, og seks av dei er rekna som dialektinnlegg. Det at halvparten av innlegga i tråden er skriva på dialekt, kan henge saman med at debattantane blir påverka av kvarandre sitt språk, medvite eller umedvite. Viss ein ser nærare på innhaldet i dialektinnlegga, kan ein i fleire tilfelle finne tendensar til at dialektskribentane er einig med kvarandre. Eg har fleire gongar tidlegare i oppgåva nemnt tråden "Jente skaut bjørn" frå *mittglomdal.no* som eit eksempel på akkurat dette. Her står nemlig så godt som alle dialektskribentane på same side i diskusjonen om jakt på rovvilt (jf. del 4.1.3 og 4.3.8). I del 4.3.8 opna eg for at årsaka til dette kan vere at jakttilhengarane identifiserer seg med kvarandre og ønskjer å markere seg som ei eiga sosial gruppe som skil seg klart frå jaktmotstandarane. Teoriar om språkbruk som identitetsmarkør heng nøye saman med teorien om språkleg tilpassing, som eg introduserte i del 2.5.2. Ein type språkleg tilpassing er konvergens, nemlig det å gjere språket meir likt språket til dei ein snakkar med. Konvergens kan vere ein måte å vise solidaritet til samtalepartnarane på, eller aksept og semje overfor holdningane deira. Det er nærliggande å tenke seg at det er ein slik mekanisme som er bakgrunnen for fordelinga av dialekt og normrett skriftspråk mellom debattantane i jaktdiskusjonen på *mittglomdal.no*.

Den same tendensen finn vi i fotballdiskusjonane på *nordlending.no*. I del 4.1.1 og 4.3.6 kom det fram at dei fleste trådane med høg dialektprosent på *nordlending.no* høyrer til saker som på ulike måtar handlar om krisa Bodø/Glimt var inne i hausten 2010. Diskusjonane dreidde seg om korleis ein skulle hjelpe klubben ut av krisa, eller om ein burde hjelpe han i det heile. Akkurat som i jaktdiskusjonane deler debattantane seg inn i to klare grupperingar: dei som vil støtte opp om Bodø/Glimt, og dei som meiner at klubben berre er eit stort pengesluk som no må klare seg sjølv. Også i desse trådane ser det ut til at dei fleste dialektskribentane høyrer til på éi side i debatten. I tråden "Berg-brørne reddar Glimt" er seks av åtte dialektinnslag skrive av debattantar som støttar laget. I tråden "Vaffelsal for Glimt" er talet sju av ni, og i tråden "Kontonr. på skjorta" er talet seks av ni.⁶⁴

Det kan altså sjå ut som at det er ein samanheng mellom språkbruk og sympatiar på nettstadene eg undersøker. Ut frå funna eg viste ovafor, ser vi ein tendens til at debattantane konvergerer etter meddebattantar som dei er einig med. Konvergens blir tradisjonelt tolka som eit ønske om å bli akseptert og likt av samtalepartnaren. Det er ikkje usannsynlig at jakttilhengarane på *mittglomdal.no* og Bodø/Glimt-tilhengarane på *nordlending.no* tok i bruk dialektkoden ut ifrå eit meir eller mindre medvite ønske om å bli akseptert og oppleve ei form for sosial tilhørsel med meiningsfellane sine. Dei ønskjer kanskje også å vise solidaritet overfor meddebattantar dei respekterer. Det at akkurat desse grupperingane, og ikkje jaktmotstandarane og fotballhatarane, valte seg dialektkoden, trur eg kan henge saman med regional/lokal eller kulturell tilhørsel, som eg var inne på i del 4.3.8.

4.5 Munnlig språk, skriftlig språk og nettspråk: Ei revurdering

I del 2.2 i teorikapitlet tok eg opp ulike syn i litteraturen på forholdet mellom munnlig språk, skriftlig språk og nettspråk. I det som følgjer, skal eg med bakgrunn i empirien eg har presentert i dette kapitlet, gi forholdet ei ny vurdering.

Nettspråk er ikkje ein klart avgrensa størrelse. Det fins mange typar nettspråk, og dei ulike typane plasserer seg forskjellig i forhold til dei tradisjonelle kommunikasjonsformene tale og skrift. For eksempel ville neppe ein formell e-post ha utprega munnlege trekk, mens synkron kommunikasjon i eit chatterom vil ha atskillig fleire. Språket i nettdebattane eg undersøker, skil seg frå både e-posten og den synkrone chatten. Dessutan fins det relativt stor språklig variasjon berre innafor sjangeren eg studerer. I del 4.3.1 argumenterte eg for å skilje

⁶⁴ Sjå vedlegg 2.

ut to språklige ytterpunkt i materialet eg har samla inn: ein gjennomtenkt, formell og standardisert stil, som eg kalla *kode 1*, og ein direkte, uformell og dialekt nær stil, som eg kalla *kode 2*. Alt språket i materialet representerer ikkje ein av desse to stilane, og vi kan sjå for oss eit kontinuum der språket varierer mellom ytterpunkt *kode 1* og *kode 2*. Innafor dette kontinuumet varierer graden av formalitet i språket, og likeins graden av "skriftligheit" og "munnligheit". I del 2.2 sette eg opp ein tabell over vanlige eigenskapar ved munnlig og skriftlig språk.⁶⁵ Under har eg kopiert tabellen, men latt det gå fram kva eigenskapar eg meiner *kode 1* og *kode 2* i materialet mitt deler med munnlig og skriftlig kommunikasjon.

	Tale	Skrift
Medium	Synkron: Produksjon og mottaking skjer samtidig	Asynkron: Tidsforskjell mellom produksjon og mottaking
	Forgjengelig	Varig
	Mottakar og sendar er på same plass, sendaren vender seg mot ein eller fleire særskilte mottakarar	Mottakaren er ikkje på same plassen som sendaren. Sendaren veit ikkje alltid kven mottakaren er
	Endelig: Ein kan ikkje rette opp feilsnakk	Ein kan redigere teksten og rette opp feil før ein sender han frå seg
	Akustisk og visuell	Visuell
	Spontan	Planlagt
	Dialogisk	Monologisk
Form	Ofte meir uformelt språk med innslag av f.eks. slang og bannskap	Ofte meir formelt språk
	Prosodi: Intonasjon, volum, tempo	Teiknsetting, bruk av store og små bokstavar
	Lågare leksikalsk tettleik: Færre leksikalske ord per ytring enn i skriftlig språk	Høgare leksikalsk tettleik: Fleire leksikalske ord per ytring enn i munnlig språk
	Grammatisk meir kompleks enn skriftlig språk	Grammatisk enklare enn munnlig språk
	Ikkje-normrett. Inneheld dialektale trekk	Normrett
Funksjon	Eigna til å fylle sosiale funksjonar, prat for pratens skyld	Har ofte eit ytre formål: notere ned fakta, kommunisere idear osv.

■ Kode 1
 ■ Kode 2
 ■ Kode 1 og kode 2

Tabell 4.11 Eigenskapar ved kode 1 og kode 2 samanlikna med munnlig og skriftlig språk. Basert på tabell 2.1.

I tillegg til punkta i tabellen i del 2.2 har eg ført på eigenskapen "Normrett" under skriftlig språk og motsett "Ikkje-normrett. Inneheld dialektale trekk" under talespråk. Denne motsetninga er ikkje universell; som eg har vore inne på tidligare, har mange språksamfunn fastsette talespråksnormalar. Her gjeld motsetninga først og fremst norske språkforhold, som

⁶⁵ Sjå tabell 2.1 s. 14.

ein kan seie er prega av ein medial diglossi. Men som eg har omtalt i dette kapitlet, er diglossien brote opp på den måten at mange bruker ikkje-standardiserte former også i skrift.

I tabell 4.11 har eg brukt grøn farge for dei eigenskapane som karakteriserer heile materialet mitt, blå for dei som karakteriserer berre *kode 1*, og gul for dei som karakteriserer berre *kode 2*. Som det kjem fram av fordelinga av fargene i tabellen, har språket i diskusjonsforuma eg studerer, jamt over flest fellestrekk med skriftlig språk, i alle fall når det gjeld dei eigenskapane som er inkludert i tabellen. Debattsider som dei eg studerer, er jo trass alt skriftlige medium. Språket blir produsert på eit tastatur og manifesterer seg som bokstavar og teikn på ein skjerm. Likevel finn vi fleire av dei medium-relaterte eigenskapane til munnlig språk i materialet. Språkbruken i materialet er dialogisk i staden for monologisk, noko som har betydning for muligheita til å analysere han ved hjelp av kodevekslings- og tilpassingsteori, som eg gjorde i del 4.4. Tabellen viser òg at *kode 1*-innlegga⁶⁶ skil seg frå *kode 2*-innlegga på den måten at språket i den førstnemnte typen innlegg ofte verkar planlagt mens den andre typen verkar meir spontan, akkurat som munnlig språk oftast er meir spontant enn skriftlig. Dessutan har *kode 2*-innlegga den munnlege eigenskapen at dei på sett og vis er "endelige". Skribentane har sjølv sagt muligheita til å rette opp "feilsnakk" før dei sender meldinga ifrå seg, men som eg har vore inne på tidligare, kan ein få inntrykk av at dei sjeldan gjer det. Når det gjeld form, ser det ut som at *kode 2*-innlegga faktisk har meir til felles med den munnlege sida av tabellen enn den skriftlige. Dei er ofte prega av uformelt språk, gjerne med innslag av bannskap eller slang, og ikkje minst er dei ofte skrive på eit dialektprega, ikkje-normrett språk. På begge desse punkta skil dei seg frå *kode 1*-innlegga. På funksjonssida deler dei aller fleste innlegga i materialet den eigenskapen med skriftlig språk at dei ei meint for å kommunisere idear og/eller fakta. Eg har ikkje inntrykk av at særleg mange av innlegga i materialet er meint som "prat for pratens skyld". Den typen nettkommunikasjon vil ein nok finne meir av på ei chatteside med synkrone samtalar og på sosiale nettstader som f.eks. Facebook. Eg har ikkje tatt stilling til punkta leksikalsk tettleik og grammatisk kompleksitet. Ut ifrå denne undersøkinga har eg ikkje grunnlag for å seie noko om korleis nettspråket eg studerer, relaterer seg til desse punkta. Det kunne vore interessant å undersøke dette i ein annan samanheng.

⁶⁶ Når eg her snakkar om *kode 1*-innlegg og *kode 2*-innlegg, meiner eg "innlegg som liknar mest på *kode 1*" og "innlegg som liknar mest på *kode 2*". *Kode 1* og *kode 2* er kunstige termar som representerer dei språklige ytterpunkta i materialet. Dei fleste innlegga plasserer seg ein stad i mellom desse to ytterpunkta, men det går ofte an å fastslå kva for eit dei liknar mest på, særleg ut frå om dei inneheld utstrekt dialektbruk eller ikkje.

Dei tre aspekta *medium, form og funksjon* er henta frå Halliday (1989: 78). Han seier at tradisjonelt kan ein ikkje skilje aspekta frå kvarandre; f.eks. er språk som er munnlig i forma, meint for framføring i eit munnlig medium og omvendt (n.v. 77–78). Som eg antyda allereie i del 2.2, utfordrar nettbasert kommunikasjon prinsippet om at dei tre aspekta ikkje kan skiljas frå kvarandre. I tabell 4.11 kjem det fram at språket eg studerer, m.a. kombinerer formale munnlege trekk med mediale skriftlege trekk. Dette gjeld særlig dei debattinnlegga som ligg nærast *kode 2*.

I starten av del 4.4 stilte eg spørsmålet om kva for betydning det ville ha for forholdet mellom munnlig språk, skriftlig språk og nettspråk dersom eg fann ut at teoriar som i utgangspunktet er meint for munnlig språkbruk, kunne brukas på nettkommunikasjon. I delane som følgde, forsøkte eg å analysere funn frå materialet mitt ved hjelp av teoriar om kodeveksling og tilpassing. Resultata var blanda. Eg fann ut at tilpassingsteori kan vere nyttig for å finne mulige årsaker til at dialektbrukarane i enkelte trådar ser ut til å vere "på same lag" i diskusjonen. Også kodevekslingsteori viste seg å vere relevant, og eg fann eksempel på kodeveksling både mellom ulike innlegg og innafor same innlegget. Teoriar om munnlig språkbruk har overføringsverdi til språksituasjonen eg undersøker, fordi vi har så mange valmuligheiter i norsk skriftspråk. For det første kan vi velje mellom dei to normerte skriftspråka bokmål og nynorsk, og særlig i materialet frå *Fjordaglimt* fins det mykje veksling mellom dei to målformene. For det andre er dei norske skriftspråksnormalane så vide at vi har mange valmuligheiter innafor kvart av dei normerte språka. Og for det tredje, som er hovudfokuset i denne undersøkinga, gir mange språkbrukarar seg sjølv høve til å velje mellom eit normrett og eit dialektprega språk. Eg har vist at materialet inneheld fleire eksempel på kodeveksling mellom dialekt og skriftnormal.

Likevel kom eg fram til at overføringsverdien kodevekslingsteori har til språket i materialet mitt, trass alt er avgrensa. Det blei problematisk å kalle kodevekslinga eg fann, alternerande etter kriteria til Auer (1999). Denne avgrensinga tydeliggjer at kommunikasjonen i nettdebattar av typen eg studerer, ikkje er så mangearta likevel. Rett nok fins det fleire ulike språkvarietetar i diskusjonane eg har studert, men eg har inntrykk av at dei fleste debattantane held seg til éin av dei. Likeins viste det seg at teoriane til Blom og Gumperz (1972) om situasjonsskifte og metaforisk skifte ikkje høvde særlig bra til materialet i denne undersøkinga. Også her heng årsaka saman med at mange debattantar ikkje vekslar mellom ulike kodar, og såleis kan det aldri bli eit éin-til-éin-forhold mellom samtaleemne og språkkode, slik som teorien deira føreset. Atterhaldet i bruken av kodevekslingsteori på

nettspråkmateriale gjer likevel ikkje at vi må kalle nettspråket mindre munnlig. For å studere kodeveksling må vi ha tilgang til eit språksamfunn der medlemmane er i stand til å bruke meir enn éin kode. Kanskje kjem vi nærare ein slik situasjon i ein norsk nettdebatt enn i munnlig tale mellom nordmenn utan fleirspråklig bakgrunn. Som vi har sett, kan vi på nett veksle mellom ulike varietetar, f.eks. dialekt og standard, noko nordmenn vanligvis ikkje gjer i munnlig tale. Det at kodevekslingsteorien ikkje lar seg overføre 100 % til nettspråkmaterialet i denne undersøkinga, er eit resultat av eit avgrensa språkmangfald, og betyr ikkje at språkbruken eg studerer, har mindre til felles med munnlig språk generelt. Svaret på spørsmålet frå starten av del 4.4 må altså bli at ja, det går til ein viss grad an å bruke teoriar om munnlig språkbruk på skriftspråklig materiale frå nettdebattar, og dette kan vi rekne som nok eit munnlig trekk ved nettspråk.

I del 2.2 nemnte eg forskjellige nettspråksforskarar som har ulike syn på kva nettspråk er: munnlig språk, skriftlig språk, ei blanding av dei to eller ei heilt ny kommunikasjonsform. Crystal (2006: 272) er ein representant for det siste synet og meiner at nettspråk er eit fjerde medium, etter tale, skrift og teiknspråk. Hård af Segerstad er mellom dei som er ueinig i dette. Ifølgje ho er ikkje dei påstått "nye" trekka ved nettspråk egentlig nye, men heller variantar frå tradisjonelle kommunikasjonsformer som har blitt tilpassa ein ny kommunikasjonssituasjon (Hård af Segerstad 2002: 238). Eg meiner at studien min støttar opp om den siste oppfatninga. Kommunikasjonen på nettstadene *nordlending.no*, *Fjordaglimt* og *mittglomdal.no* viser ikkje genuint nye språktrekk, men snarare tradisjonelle språktrekk og språklige strategiar nytta i eit utradisjonelt medium.

Kapittel 5: Oppsummering og avslutning

5.1 Oppsummering

I dette arbeidet har eg analysert dialektbruk i skriftspråket i debattar på nettstader som er knytt til tre norske nettaviser. Dei tre nettstadene heiter *nordlending.no*, *Fjordaglimt* og *mittglomdal.no*, og målgruppene deira er hovudsaklig innbyggjarane i høvesvis Salten, Sunnfjord og Glåmdalen. Eg har samla inn materiale frå nettstadene og studert det i samanheng med to språkeksterne variablar: *samtaleemne* og *geografisk heimfesting*. Eg analyserte materialet først gjennom ei kvantitativ undersøking, for så å gå vidare til ei djupare kvalitativ gransking av enkelte emnekategori, diskusjonstrådar og enkeltinnlegg. Målet med arbeidet var å svare på spørsmåla i problemstillinga eg presenterte i kapittel 1, og slik avdekke kunnskap om emnet. I det som følgjer, vil eg ta for meg dei tre hovudpunkta i problemstillinga etter tur og samanfatte svara eg har komme fram til. Samtidig vil eg vurdere om granskinga stadfestar eller avkreftar hypotesane eg formulerte i samband med problemstillinga:

- 1) *I kva utstrekning bruker debattantane på nordlending.no, Fjordaglimt og mittglomdal.no dialekt i skriftspråket?*

Dette spørsmålet krev eit kvantitativt svar. For å kunne gjennomføre ei kvantitativ undersøking av debattinnlegga eg hadde samla inn, måtte eg først avgjere kva for kriterium eg skulle legge til grunn for å kalle eit innlegg for "dialektinnlegg". Eg har gjort greie for kriteria i del 3.1.2. Da eg hadde avgjort kva for innlegg eg skulle registrere som dialektinnlegg, rekna eg ut kor stor prosentdel desse utgjorde av den totale mengda innlegg i materialet. Etter kriteria eg la til grunn, er 7,48 % av dei innsamla innlegga dialektinnlegg.⁶⁷ I den første delen av problemstillinga er det komparative aspektet sentralt: Kor omfattande er dialektbruken på kvar av dei tre nettstadene? Fins det geografiske skilnader, det vil seie kvantitative forskjellar mellom nettstadene? Og kva kan vere bakgrunnen for eventuelle skilnader? Som eg viste i delane 4.1.1–4.1.3, er det geografiske skilnader i materialet: Nettstaden *nordlending.no* skil seg ut med ein total dialektprosent på 12,97⁶⁸, mens *Fjordaglimt* og *mittglomdal.no* berre har

⁶⁷ Sjø tabell 4.7 s. 63.

⁶⁸ Sjø tabell 4.1 s. 52.

høvesvis 5,17 %⁶⁹ og 4,36 %⁷⁰. Etter mi meining er dialektprosenten så mykje høgare på *nordlending.no* at det dannar eit interessant utgangspunkt for analyse. I del 4.2 legg eg fram nokre tolkingar av kva som kan vere bakgrunnen for at debattantane på *nordlending.no* bruker meir dialekt enn debattantane på dei andre nettstadene. Kanskje kan det vere slik at sakene som blei diskutert på *nordlending.no* i det tidsrommet eg samla inn materiale, var meir engasjerande enn sakene på *Fjordaglimt* og *mittglomdal.no*. Som eg viste i del 4.3, ser det ut som at engasjement fungerer som ein dialektfremmande faktor. Ei anna tolkingsmuligheit heng saman med den første av hypotesane eg la fram i kapittel 1: *Nærleik mellom dialekt og skriftnormalar kan føre til at språkbrukarar i mindre grad vik av frå skriftnormalane*. For å kunne avkrefte eller stadfeste hypotesen, undersøkte eg om det fins grunnlag for å seie at saltendialekten har mindre til felles med dei norske skriftnormalane enn dialektane i Sunnfjord og Glåmdalen har. Omfanget av dette arbeidet tillèt ikkje ei inngåande gransking av tilhøvet mellom dialektar og skriftnormalar, men den overflatiske undersøkinga eg gjorde i del 4.2, peikar i retning av at språkbrukarar frå saltenregionen i mindre grad enn språkbrukarar frå dei andre to distrikta finn dialekten sin igjen i skriftnormalane. Det at nettopp Salten-nettstaden *nordlending.no* er den med klart mest dialektbruk i materialet, kan tyde på at manglande identifikasjon med skriftnormalane er ein dialektfremmande faktor. Eg har likevel ikkje grunnlag for å stadfeste hypotesen vilkårslaust, men eg meiner at han er styrkt, snarare enn svekt, av funna frå undersøkinga.

2) *Variierer dialektbruken etter emnet for debatten?*

Gjennom arbeidet med denne delen av problemstillinga ønskte eg òg å finne ut kva for emne som har den høgaste og lågaste dialektprosenten, og kva som kan ligge til grunn for ein eventuell variasjon. For å svare på det første spørsmålet først: Ja, dialektbruken varierer etter emnet for debatten. Om vi ser på materialet som heilskap, er *bil og trafikk* emnekategorien med mest dialektbruk framfor *kriminalitet*. *Næringsliv* og *politikk* er kategoriane der prosentvis færrest av innlegga er rekna som dialektinnlegg.⁷¹ Variasjonen i dialektbruk for det samla materialet går frå 11,91 % dialektinnlegg i *bil og trafikk* ned til 3,65 % i *politikk*. På *nordlending.no* er i tillegg sportskategorien mellom dei med mest dialektbruk.⁷² I analysen av denne variasjonen trekte eg fram fleire ulike tolkingsalternativ. Eg la særleg vekt på at engasjement, især i form av provokasjon, kjensler og det såkalla *forbrukaraspektet*, ser ut til å

⁶⁹ Sjø tabell 4.3 s. 56.

⁷⁰ Sjø tabell 4.5 s. 60.

⁷¹ Sjø tabell 4.10 s. 69.

⁷² Sjø tabell 4.1 s. 52.

fremme dialektbruk. Kategoriane *bil og trafikk* og *kriminalitet* inneheld mange innlegg som provoserer og rører ved forbrukaraspektet, mens særlig sportskategorien på *nordlending.no* ser ut til å appellere til kjenslene til debattantane. Eg trekte òg fram språkholdningar som ein mulig grunn til at nokre emnekategoriar inneheld meir dialektbruk enn andre. Ikkje minst kan identitetskjennele og tilhørsel vere med på å auke dialektbruken i nokre kategoriar, trådar og enkeltinnlegg, som eg viste i del 4.3.8. I samband med del 2 av problemstillinga sette eg opp denne hypotesen: *Skriftspråket kan variere mellom det formelle og normrette og det uformelle og talemålsnære etter emnet for debatten.* Ut frå analysen i del 4.3 meiner eg at denne hypotesen kan stadfestas. Trass i at dei aller fleste debattinnlegga i materialet er skriva på ein av skriftnormalane, ser vi ein tendens til m.a. emnekategoriane *kriminalitet* og *bil og trafikk* inneheld meir uformell og talemålsnær språkbruk enn kategoriane *næringsliv* og *politikk*.

- 3) *Lar det seg gjere å analysere språkbruken på nettstadene med bruk av teoriar som er utvikla for munnlig språk?*

Viss eg skulle komme fram til eit positivt svar på denne delen av problemstillinga, ville det føresette ein viss likskap mellom språkbruken i materialet mitt og munnlig språk. Derfor var eit implisitt spørsmål også kva forhold språket eg studerer, har til dei tradisjonelle kommunikasjonsformene tale og skrift. Eg fann det gagnlig å dele svaret på dette spørsmålet i to. Språket i materialet er mangearta, og som eg argumenterte for i del 4.3.1, kan vi skilje ut to ytterpunkt i materialet: ein *kode 1* og ein *kode 2*. På fleire punkt liknar *kode 1* på skrift mens *kode 2* liknar på tale; *kode 1* er ofte planlagt, formell og standardisert, mens *kode 2* gjerne er meir spontan, uformell og dialektnær. Når det gjeld å nytte munnlig innretta teori på materialet, var eg inne på det allereie i del 4.3, da eg m.a. samanlikna språkbruken i materialet med teorien til Gumperz (1982) om "vi"-koden og "dei"-koden. I del 4.4 gikk eg nærare inn på sosiolingvistiske teoriar om kodeveksling og konvergens og undersøkte om dei har overføringsverdi til språket i nettdebattane eg studerer. Eg viste fleire eksempel som kan tolkas som konvergens. Materialet inneheld òg mange tilfelle der debattantar vekslar mellom dialekt og skriftnormal, i tillegg til veksling mellom nynorsk og bokmål på *Fjordaglimt*. Da eg skulle vurdere om vekslinga kunne kallas kodeveksling etter prinsippa til Auer (1999), dukka det etter kvart opp problem. Problema heldt fram da eg forsøkte å få Blom og Gumperz (1972) sitt klassiske omgrepsspar *situasjonsskifte* og *metaforisk skifte* til å passe på materialet mitt. Avgrensingane i bruken av kodevekslingsteori i denne studien kjem hovudsaklig av at svært mange av debattantane på nettstadene eg studerer, ikkje har meir enn éin skriftspråkkode å velje mellom. Dialekt er det markerte valet i alle emnekategoriane på alle

nettstadene, og inntrykket mitt er at dei fleste nyttar ein av skriftnormalane i alle samanhengar. Hypotese 3, *Språkbruken på nettstadene kan analyseras med bruk av teoriar mynta på munnlig språk*, kan såleis ikkje stadfestas utan vilkår. Språkbruken i materialet i denne undersøkinga kan til ein viss grad analyseras med bruk av kodevekslings- og tilpassingsteori, men ikkje fullt ut. Likevel er det ikkje sagt at vi skal tolke dette atterhaldet som at språkbruken i materialet ikkje er "munnlig" nok til å kunne bli analysert som kodeveksling. Det er snarare eit resultat av at dialekt i skrift trass alt er nokså sjeldsynt.

5.2 Vidare forskning

Gjennom arbeidet med denne studien har eg komme over fleire spørsmål eg kunne tenkt meg å stille, og område eg gjerne skulle ha gått djupare inn i. Tida og omfanget eg har til rådighet, tillèt meg ikkje å ta for meg alt. I det som følgjer, vil eg legge fram nokre forslag til vidare undersøkingar som er i slekt med emnet for denne studien.

I dette arbeidet har eg ikkje hatt direkte kontakt med språkbrukarane som står bak materialet eg har samla inn. Derfor veit eg ingenting om kva dei sjølv tenker om eigne skriftspråkval. Ved eit anna høve kunne det vore interessant å gjennomføre kvalitative intervju med nettdebattantar for å finne ut av kva for oppfatningar og meiningar dei har om språkbruken sin. Kva tenker dei om nærleik eller avstand mellom dialekt og skriftnormalar som motivasjon til å skrive på dialekt? Det kunne òg ha vore spennande å undersøke forholdet mellom skriftspråksval på nettet og kunnskapar og ferdigheitar som den enkelte språkbrukaren har innafor rettskriving. Er det slik at ein vel å bruke dialekt fordi ein kjenner seg usikker i skriftnormalane? Eller blir dialektkoden brukt like mykje av språkbrukarar som er trygge i rettskriving? Dersom ein hadde tilgang til personlege data om debattantane, kunne ein òg ha gjort kvantitative undersøkingar med variablar som alder, kjønn og sosial status. Eg trur det hadde vore særlig interessant å avdekke kunnskap om korleis norske dialektskribentar fordeler seg mellom ulike aldersgrupper. Siebenhaar (2006) har gjort ei kvantitativ aldersundersøking av bruk av dialekt og skriftnormalar i ein sveitsisk chattekanal og funne resultat han meiner er oppsiktsvekkande: Eldre og yngre chattarar bruker relativt mykje dialekt, mens dei middelaldrande i større grad held seg til standardiserte skriftnormalar (n.v. 492). I sosiolingvistisk forskning blir denne typen aldersfordeling rekna som kjenneteikn på ein stabilisert språksituasjon, noko Siebenhaar meiner er overraskande ettersom dialektbruk i skrift er eit relativt nytt fenomen (sst.). Eg trur det ville ha vore utbyterikt å undersøke om vi har ein tilsvarende situasjon i Noreg. Eit alternativt utfall kunne vore at dialektbruk er mindre

vanlig hos eldre debattantar enn hos yngre, og i så fall kunne dette indikere at situasjonen er i ferd med å endre seg mot meir bruk av dialekt i skrift.

Det hadde òg vore eit interessant prosjekt å sjå nærare på sjølve *språket* i dialektinnlegga. Da kunne ein f.eks. undersøke kva for ortografiske val dialektskribentane tar. Vikør (2004) har studert korleis forfattarar av skjønnlitterære tekstar går fram for å uttrykke dialekten sin i skrift, men så vidt eg veit, har ingen forska på korleis dialekt blir formidla av vanlige språkbrukarar i meir spontan skriftlig kommunikasjon. Skriv vi enkelte ordtypar meir ortofont enn andre? Kva er bakgrunnen for at debattanten bak sitatet i tittelen på denne avhandlinga har skrive *hær* lydrett, men ikkje *klump*? Vidare kunne ein ha gått nærare inn på forholdet mellom nettspråk, tale og skrift. I tabell 4.11 på s. 105 viser eg korleis språkbruken i materialet mitt relaterer seg til tale og skrift, men eg har ikkje tatt stilling til punkta leksikalsk tettleik og grammatisk kompleksitet. Ifølgje Halliday (1989: 87) er munnlig språk leksikalsk enklare enn skriftlig, men på den andre sia meir grammatisk komplekst. Dette forholdet kunne vere eit interessant utgangspunkt for vidare nettspråkstudiar.

Ikkje minst meiner eg at språkblandingssituasjonen eg har avdekt på nettstaden *Fjordaglimt*, innbyr til vidare forskning. Mange av debattantane her har tatt i bruk ein kode som verken er dialekt, bokmål eller nynorsk, men snarare ei blanding av dei to offisielle skriftnormalane, stundom ispedd dialekt. Denne språkblandinga fortel oss noko om kor utfordrande skriftspråkssituasjonen i Noreg er, særlig for språkbrukarar som er van med å skrive nynorsk, men som blir eksponert for meir bokmål enn nynorsk i det daglige. Det hadde vore interessant å undersøke om denne typen språkblanding er like vanlig på andre skriftlige arenaer som i nettdebattar.

5.3 Dialekt og skriftnormalar i moderne meiningsutveksling

Som eg skreiv i innleiinga, har bruk av dialekt i skrift vore eit kjent fenomen også før Internett blei allemannseige i Noreg. Med framveksten av nettet har dialekt, også i skriftspråk, fått nye domene. Det er ikkje lenger berre privat kommunikasjon og skjønnlitterære tekstar som blir skrive på dialekt. Denne undersøkinga viser at dialektbruk er til stades også i offentlig og upersonlig meiningsutveksling. Likevel ser eg ingen grunn til å tru at dialekt kjem til å ta over for dei offisielle skriftnormalane på nettet. Skriftnormalane står sterkt på dei språkbruksarenaene som eg har studert, og som eg viste i del 4.3.9, er dialekt det markerte skriftspråkvalet på alle nettstadene og i alle emnekategoriane som inngår i materialet. For majoriteten av debattantane ser ikkje dialekt ut til å vere eit aktuelt alternativ på

debattnettstader som dei eg har henta materiale frå. Det kan tyde på at språklige funksjonar og normer frå den ikkje-digitale verkeligheita blir overført til nettarenaer. Sjølv om mange vil kunne bruke eit dialektprega skriftspråk i personlig kommunikasjon med vennar, kan dette skriftspråkvalet vere heilt utelukka i ein offentlig debattsituasjon.

Nettet tilbyr oss ikkje berre nye arenaer for dialektbruk, men det gir også mange fleire menneske mulighet til å komme skriftlig til orde i det offentlige rommet. Vi ventar oss gjerne eit nokolunde normrett skriftspråk i trykte medium, f.eks. i eit lesarinnlegg i ei papiravis, men forventningane er ikkje dei same for nettet. Såleis er trulig terskelen for å delta atskillig lågare i ein nettdebatt enn i ei trykt ordveksling. Rett nok har eg fleire gongar komme over debattantar som klagar over språkføringa til meddebattantar som ikkje skriv korrekt etter skriftnormalane. Trass i det trur eg dei fleste aksepterer den spontane og uplanlagte dimensjonen ved språket på denne typen forum. Det er enkelt og raskt å delta i ein nettdebatt, og ein treng ikkje å bruke tid og krefter på å følge ein skriftnormal ein ikkje er komfortabel med. Mange av skribentane bak innlegga i materialet mitt hadde trulig aldri tatt seg bryet med å offentliggjere meiningane sine hadde det ikkje vore for muligheita til å debattere på nettet. På grunn av det kan vi seie at nettdebattar yter noko til demokratiet. Ordvekslinga skjer på premissa til den enkelte debattanten, også språklig. Ordet "ytringsfridom" er ikkje det rette i denne samanhengen, men kanskje kan vi seie at nettmediet gir oss ytrings*lette*.

Kjelder

- Androutsopoulos, Jannis 2006: "Introduction: Sociolinguistics and computermediated communication". *Journal of Sociolinguistics* 10/4, 2006. 419–438.
- Auer, Peter 1999: "From codeswitching via language mixing to fused lects: Toward a dynamic typology of bilingual speech". *International Journal of Bilingualism* 4/1999, volum 3. 309–332.
- Bandle, Oskar 2001: "Sveits og Norge. Bilingualisme og diglossi". Glauser, Jürg og Hans-Petter Naumann (utg.): *Oskar Bandle. Schriften zur nordischen Philologie. Sprach-, Literatur- und Kulturgeschichte der skandinavischen Länder*. Tübingen: A. Francke Verlag Tübingen und Basel. 81–96.
- Barth, Fredrik 1994: "Introduction". Barth, Fredrik (red.): *Ethnic Groups and Boundaries. The Social Organization of Culture Difference*. Universitetsforlaget. 9–38.
- Berg, Celia M. 1999: "*La oss skrive slik det er naturlig og behagelig*". *Om kjennskap og haldningar til den heterogene skriftnorma hos nokre avgangselevar i vidaregåande skule*. Upublisert hovudfagsoppgåve. Bergen: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Berg, Hallgrim 1990: "Hallgrim Bergs innlegg i odelstingsdebatten 22. 2. 1990". *Nytt om namn. Meldingsblad for Norsk namnelag* 11/1990. 31–33.
- Bjørø, Jenny Olive 1982: *Dialekt og skriftspråk . Ei undersøking av talemålssamsvar i avvik og valfrie former i skriftspråket til skoleelevar i Sømna kommune*. Upublisert hovudfagsoppgåve. Oslo: Universitetet i Oslo.
- Blom, Jan-Petter og John J. Gumperz 1972: "Språkstrukturers sosiale betydning: om kodeskifte i et norsk lokalsamfunn". Engh, Jan, Hanssen, Eskil, Vannebo, Kjell Ivar og Geirr Wiggen (red.): *Språksosiologi*. Universitetsforlaget. 97–127.
- Borg, Arve 1974: "Opplandsmål". Skogstad, Ola (red.): *Austlandsmål. Språkarv og språkbruk på indre Austlandet*. Oslo: Det Norske Samlaget. 26–45.
- Brekke, Olga 2000: *Saltendialekten. En grammatikk*. Fauske: Skjerstad og Fauske bygdeboknemnd.
- Bull, Tove 2009: "Standardtalemål i Norge? Eit spørsmål om pavens skjegg?" *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 2/2009. 221–238.
- Bødal, Anne Marit 2003: *Bymål i Sunnfjord. Ei sosiolingvistisk undersøking av språk og identitet i Florø og Førde*. Upublisert hovudfagsoppgåve. Bergen: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.

- Coates, Jennifer 1993: *Women, men and language. A sociolinguistic account of gender differences in language*. Second edition. Longman & New York: Longman.
- Crystal, David 2006: *Language and the Internet*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Danet, Brenda og Susan C. Herring 2007: "Introduction. Welcome to the Multilingual Internet". Danet, Brenda og Susan C. Herring. (red.): *The Multilingual Internet. Language, Culture, and Communication Online*. Oxford: Oxford University Press. 1–39.
- Elstad, Kåre 1984: *Målet i Troms*. Informasjonshefte. Tromsø: Troms Fylkesmållag.
- Evjen, Liv Ragnhild 2009: *Innslag av dialekt i skriftspråket i det nettbaserte debattforumet nordlending.no*. Upublisert semesteroppgåve. Tromsø: Det humanistiske fakultet, Universitetet i Tromsø.
- Fiva, Toril 1996: "Bodødialekten". Jahr, Ernst Håkon og Olav Skare (red.): *Nordnorske dialekter*. Oslo: Novus forlag. 134–137.
- Georgakopoulou, Alexandra 2005: "Computer-mediated communication". *Handbook of Pragmatics Online*. John Benjamins Publishing Company. <http://www.benjamins.com/online/hop/>.
- Giles, Howard, Taylor, Donald M. og Richard Bourhis 1973: "Towards a theory of interpersonal accommodation through language: some Canadian data". *Language in Society* 2/1973. 177–192.
- Giles, Howard og Peter Powesland 1997: "Accommodation Theory". Coupland, Nikolas og Adam Jaworski (red.): *Sociolinguistics. A Reader and Coursebook*. Macmillan Press Ltd. 232–239.
- Gregersen, Elisiv 2009: *Hvor "muntlig" er nettsamtalen? En sammenlikning av forfeltsutnyttelsen i nettsamtale og talt samtale*. Upublisert masteroppgåve. Bergen: Universitetet i Bergen.
- Grepstad, Ottar 2005: *Nynorsk faktabok 2005*. Hovdebygda: Nynorsk kultursentrum.
- Gumperz, John J. 1982: *Discourse strategies*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Halliday, M. A. K. 1989: *Spoken and written language*. Oxford: Oxford University Press.
